Etter avtale med grendelaga i området, står det igjen litt meir opprydding på skoletomta, rest løyve vil derfor bli foreslått rebudsjettert i 2015.

220017 Møblar 4. avd. Furutun
Løyve vil derfor bli foreslått rebudsjettert i 2015.

220018 Utviding kjøkken Furutun
Prosjektet er sett i samanheng med prosjekt 220017.

230101 Inventar og utstyr til 5. avdeling Bergetippen
Utbygging Bergetippen vart forseinka med over eitt år. Inventar / utstyr var meldt inn i prosjektnr. 230101 kr. 310.000 og tiltak nr 230100- kr. 200.000, altså tilsaman kr. 510.000 på inventar/ utstyr. Ved ein feil vart ikkje midla på kr. 200.000 i tiltaknr. 230100 overført då utbygginga vart forseinka. Prosjektnr 230101 viser overforbruk på kr. 209.000, men opprinneleg innmeldt behov på kr. 510.000 viser at denne summen var naudsynt for å få nytt utstyr/ inventar til nybygg og renoverte avdelingar.

230103 Vognskur Bergetippen
Teikningar er klar og prosjektet er byggemeldt. Bygging i 2015. Løyve vil derfor bli foreslått rebudsjettert i 2015.

293000 Turstiar – Helseløype
Vi har ikkje lykkast å arbeide vidare med kyststiprosjektet på grunn av manglande avtale med grunneigar.

300011 Signalanlegg Aukraheimen
Løyve var gjeve i 2013 – ytterligare utgifter har blitt påført i 2014.

601100 Breiband - kommunal eigenandel
Prosjektet er forsinka, og gjenståande løyve vil derfor bli foreslått rebudsjettert i 2015.

620012 Prosessteknisk utstyr Tverrlia
Forsinka levering av utstyr.

624001 Rehabilitering leilegheiter
Alle utleigd, oppussing har derfor ikkje vore mogeleg i 2014

645200 Sentrumsområde Gossen, fornying
Prosjektet er forsinka i medan ein ventar på reguleringsplan for Sentrum aust, og rest løyve vil derfor bli foreslått rebudsjettert i 2015.

645203 Fortau Julsundet skole
Planlegging i 2014, prosjektering og bygging i 2015. Rest løyve vil derfor bli foreslått rebudsjettert i 2015.

648010 Vatn - utskifting av asbestrøyr
Det vart skifta ut noko meir enn først planlagt for å få ei naturleg avslutning.

648111 Fiberkabel for overvåkning Tverrlia
Prosjektet er ferdig.

648114 VA anlegg Nautneset, gbnr 13/9
Utgiftene kjem ut frå tilrettelegging av bustad i samband med kjøp av grunn til hotell.

648500 Avløp generelle investeringer
Ny kloakk med pumpestasjon i Sætervika vart ferdigstilt i 2014. Rebudsjettering av unytta løyve på kr. 290.000 til dekning av oppgjer for oppgradering av kloakkanlegg i Hukkelberg bustadfelt.

653209 Frigjeringsutstyr brann
Utgiftene er påført fordi det under øving i 2013 blei avdekka at frigjeringsutstyret vårt ikkje var sterkt nok for nyare bilar. Dette kunne medføre at det ville ta lang tid å få personar laus som var fastklemde i bilvrak, og i verste fall ville vi ikkje få dei laus i det heile tatt.

681039 Veg og parkering Riksfjord Stadion
Meirforbruk skuldast meirarbeid for handtering av overvatn.

Økonomisk oversikt

Drift

	Rekneskap 2014	Budsjett (end)	Oppr. budsjett	Rekneskap 2013	Budsjett 2015
DRIFTSINNTEKTER					
Brukerbetalinger	14 263 706	13 408 639	13 384 639	13 189 524	13 196 536
Andre salgs- og leieinntekter	28 672 666	24 882 407	24 906 407	25 420 547	28 434 590
Overføringer med krav til motytelser	44 062 830	29 601 264	29 101 264	74 859 336	32 254 879
Rammetilskudd	94 596 273	93 824 000	93 824 000	92 380 893	91 913 000
Andre statlige overføringer	5 076 166	775 200	775 200	3 269 280	1 251 800
Andre overføringer	354 178	-	-	774 414	130000
Skatt på inntekt og formue	84 225 457	83 100 000	88 100 000	77 986 920	93 906 000
Eiendomsskatt	170 809 863	170 978 563	175 978 563	181 758 564	177 978 563
Andre direkte og indirekte skatter	-	-	-	-	0
Sum driftsinntekter	**442 061 140**	**416 570 073**	**426 070 073**	**469 639 478**	**439 065 368**
DRIFTSUTGIFTER					
Lønnsutgifter	170 016 651	162 871 999	167 395 462	165 759 138	175 546 110
Sosiale utgifter	45 767 302	50 757 386	50 666 490	48 662 985	58 247 895
Kjøp av varer og tj. som inngår i tj.produksj.	57 932 674	48 977 875	45 081 772	54 768 338	45 317 411
Kjøp av varer og tj. som erstatter tj.produksj.	25 679 487	23 963 570	27 057 003	22 373 324	25 850 955
Overføringer	37 664 351	37 518 474	30 209 474	37 728 254	32 636 848
Avskrivninger	27 968 747	27 948 651	16 475 151	18 247 814	16 428 221
Fordelte utgifter	-	-1 724 000	-4 536 000	-26 500	-1 252 214
Sum driftsutgifter	**365 029 211**	**350 313 955**	**332 349 352**	**347 513 353**	**352 775 226**
Brutto driftsresultat	**77 031 928**	**66 256 118**	**93 720 721**	**122 126 125**	**86 290 142**
FINANSINNTEKTER					
Renteinntekter og utbytte	7 525 003	6 100 000	6 100 000	6 399 934	6 381 604
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	1 081 356	-	-	-	0
Mottatte avdrag på lån	53 660	80 000	80 000	126 994	80 000
Sum eksterne finansinntekter	**8 660 019**	**6 180 000**	**6 180 000**	**6 526 928**	**6 461 604**
FINANSUTGIFTER					
Renteutgifter og låneomkostninger	8 317 653	8 800 000	8 800 000	6 600 542	7 100 726
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	625 366	-	-	-	0
Avdrag på lån	24 243 376	25 100 000	25 100 000	17 650 839	24 179 070
Utlån	144 965	70 000	70 000	75 723	70 000
Sum eksterne finansinntekter	**33 331 359**	**33 970 000**	**33 970 000**	**24 327 104**	**31 349 796**
Resultat eksterne finanstransaksjoner	**-24 671 340**	**-27 790 000**	**-27 790 000**	**-17 800 176**	**-24 888 192**
Motpost avskrivninger	27 968 747	27 948 651	16 475 151	18 247 814	16 575 151
Netto driftsresultat	**80 329 336**	**66 414 769**	**82 405 872**	**122 573 763**	**77 977 101**
INTERNE FINANSTRANSAKSJONER					
Bruk av tidligere års regnskapsmessige mindreforbruk	1 642 309	1 642 310	-	40 588 695	
Bruk av disposisjonsfond	4 823 395	3 589 883	1 637 780	11 212 396	1 920 000
Bruk av bundne fond	488 624	495 677	495 677	1 175 185	408 277
Bruk av likviditetsreserve				-	
Sum bruk av avsetninger	6 954 328	5 727 870	2 133 457	52 976 275	2 328 277
Overført til investeringsregnskapet	39 688 457	39 688 457	39 688 457	84 492 000	0
Dekning av tidligere års regnskapsmessige merforbruk	-	-	-	-	0
Avsatt til disposisjonsfond	33 122 082	31 383 310	43 780 000	88 334 337	79 607 681
Avsatt til bundne fond	894 214	1 070 872	1 070 872	1 081 392	697 697
Avsatt til likviditetsreserven				-	
Sum avsetninger	**73 704 753**	**72 142 639**	**84 539 329**	**173 907 728**	**80 305 378**
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	**13 578 910**	**0**	**0**	**1 642 310**	**0**

Investering

	Rekneskap 2014	Budsjett (end)	Oppr. budsjett	Rekneskap 2013	Budsjett 2015
INNTEKTER					
Salg av driftsmidler og fast eiendom	11 441 720	16 000 000	16 000 000	4 756 637	9 650 000
Andre salgsinntekter	27 870	-	-	119 500	15 000 000
Overføringer med krav til motytelse	236 666	-	21 812 000	1 421 408	0
Kompensasjon for meirverdiavgift	11 657 936	14 032 000			7 288 000
Statlige overføringar				545 000	900 000
Andre overføringer	1 290 000	-	-	-	0
Renteinntekter og utbytte	1 396	-	-	-	0
Sum inntekter	**24 655 588**	**30 032 000**	**37 812 000**	**6 842 545**	**32 838 000**
UTGIFTER					
Lønnsutgifter	3 132 140	-	-	2 262 977	0
Sosiale utgifter	1 068 469	-	-	730 518	0
Kjøp av varer og tj. som inngår i tj.produksjonen	65 802 863	99 096 000	123 090 000	186 619 606	74 963 000
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjonen	694 032	-	-	7 255	0
Overføringer	11 793 492		-	43 795 260	0
Renteutgifter og omkostninger	422	-	-	9 578	0
Fordelte utgifter	-	-	-	-	0
Sum utgifter	**82 491 418**	**99 096 000**	**123 090 000**	**233 425 194**	**74 963 000**
FINANSTRANSAKSJONER					
Avdrag på lån	1 602 843	535 000	535 000	981 972	535 000
Utlån	3 496 900	5 300 000	5 000 000	4 125 430	4 000 000
Kjøp av aksjer og andeler	2 844 131	2 735 000	500 000	631 983	660 000
Dekning av tidligere års udekket	-	-	-	-	0
Avsatt tilubundne investeringsfond	644 523	-	-	1 295 650	0
Avsatt til bundne investeringsfond	8 588 397	8 570 000	6 035 000	-	0
Avsatt til likviditetsreserve	-	-	-	-	0
Sum finansieringstransaksjoner	**66 424 226**	**77 634 000**	**91 313 000**	**7 035 035**	**5195000**
FINANSIERINGSBEHOV	66 424 226	77 634 000	91 313 000	233 617 684	47 320 000
Dekket slik:					
Bruk av lån	3 196 900	5 000 000	5 000 000	104 125 430	4 000 000
Salg av aksjer og andeler	-		-	-559 589	0
Mottatt avdrag på utlån	2 759 988	535 000	535 000	1 790 782	535 000
Overført fra driftsbudsjettet	39 688 457	39 688 457	39 688 457	84 492 000	0
Bruk av tidligere års udisponert	-	-	-	-	0
Bruk av disposisjonsfond	19 624 959	32 410 543	46 089 543	34 762 272	42 785 000
Bruk av bundne driftsfond	-	-	-	-	0
Bruk av ubundne investeringsfond	-	-	-	8 519 949	0
Bruk av bundne investeringsfond	1 153 923			486 840	0
Bruk av likviditetsreserve		-	-	-	-
Sum finansiering	**66 424 226**	**77 634 000**	**91 313 000**	**233 617 684**	**47 320 000**
Udekket/udisponert	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**

Kommunen sin balanse

Oversikt - balanse	Rekneskap 2014	Rekneskap 2013
EIENDELER		
Anleggsmidler	1 267 578 108,45	1 187 003 343,09
Herav:		
Faste eiendommer og anlegg	890 281 026,57	835 689 521,72
Utstyr, maskiner og transportmidler	43 853 687,45	47 403 333,22
Utlån	19 018 330,30	18 190 113,02
Konserninterne langsiktige fordringer	-	-
Aksjer og andeler	14 167 902,13	11 323 771,13
Pensjonsmidler	300 257 162,00	274 396 604,00
Omløpsmidler	285 371 421,38	305 530 759,49
Herav:		
Kortsiktige fordringer	30 555 812,30	30 689 018,81
Konserninterne kortsiktige fordringer	0,33	51 560,00
Premieavvik	5 822 453,20	2 006 602,00
Aksjer og andeler	7 097 542,12	-
Sertifikater	-	-
Obligasjoner	13 529 245,00	-
Derivater	-	-
Kasse, postgiro, bankinnskudd	228 366 368,43	272 783 578,68
SUM EIENDELER	**1 552 949 530**	**1 492 534 103**
EGENKAPITAL OG GJELD		
Egenkapital	754 500 238,57	654 823 604,86
Herav:		
Disposisjonsfond	170 886 036,81	162 212 308,33
Bundne driftsfond	9 708 585,42	9 302 995,37
Ubundne investeringsfond	30 471 370,48	30 471 370,48
Bundne investeringsfond	856 524,15	1 365 924,50
Regnskapsmessig mindreforbruk	13 578 910,00	1 642 309,77
Regnskapsmessig merforbruk	-	-
Udisponert i inv.regnskap	-	-
Udekket i inv.regnskap	-	-
Kapitalkonto	532 078 653,72	452 241 941,89
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Drift	(2 413 245,48)	(2 413 245,48)
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Invest	-	-
Langsiktig gjeld	741 057 986,47	742 516 832,94
Herav:		
Pensjonsforpliktelser	388 269 317,46	364 881 945,42
Ihendehaverobligasjonslån	-	-
Sertifikatlån	-	-
Andre lån	352 788 669,01	377 570 600,01
Konsernintern langsiktig gjeld	-	64 287,51
Kortsiktig gjeld	56 724 707,37	95 193 664,78
Herav:		
Kassekredittlån	-	-
Annen kortsiktig gjeld	55 739 432,72	94 354 617,88
Derivater	-	-
Konsernintern kortsiktig gjeld	208 216,00	-
Premieavvik	777 058,65	839 046,90
SUM EGENKAPITAL OG GJELD	**1 552 949 530**	**1 492 534 103**
MEMORIAKONTI		
Memoriakonto	189 163,00	1 900 545,00
Herav:		
Ubrukte lånemidler	2 494 843,00	4 691 743,00
Ubrukte konserninterne lånemidler	-	-
Andre memoriakonti	(2 305 680,00)	(2 791 198,00)
Motkonto til memoriakontiene	**(189 163,00)**	**(1 900 545,00)**

Rekneskapsprinsipp og vurderingsreglar

Rekneskapen er utarbeidd i henhald til instruksane i kommunelova, forskrifter og god kommunal rekneskapsskikk.

Rekneskapsprinsipp

All tilgang og bruk av midlar i løpet av året som vedkjem kommunen si verksemd, går fram av driftsrekneskapen eller investeringsrekneskapen. Rekneskapsføring av tilgang og bruk av midlar berre i balanserekneskapen blir normalt gjort berre ved endring i rekneskapsprinsipp. Dette blir då kommentert i note i årsrekneskapen. Alle utgifter, utbetalingar, inntekter og innbetalingar er rekneskapsført brutto. Dette gjeld også interne finansieringstransaksjonar. Alle kjende utgifter, utbetalingar, inntekter og innbetalingar i året er tekne med i årsrekneskapen, anten dei er betalte eller ikkje. For lån er berre den delen av lånet som faktisk er brukt i løpet av året ført i investeringsrekneskapen. Den delen av lånet som ikkje er brukt, er registrert som memoria-post. I den graden enkelte utgifter, utbetalingar, inntekter eller innbetalingar ikkje kan fastsetjast eksakt ved tidspunktet rekneskapen blir lagt ut, blir ein vurdert sum registrert i årsrekneskapen.

Klassifisering av anleggsmiddel og omløpsmiddel

I balanserekneskapen er anleggsmiddel eigedelar bestemte til varig eige eller bruk for kommunen. Andre eigedelar er omløpsmiddel. Fordringar knytte til eigen vare- og tenesteproduksjon, samt marknadsbaserte verdipapir som inngår i ein handelsportefølje er omløpsmiddel. Andre marknadsbaserte verdipapir er klassifiserte som omløpsmiddel med mindre kommunen har gjennomført investeringa ut frå næringspolitiske eller samfunnsmessige omsyn. I slike tilfelle er verdipapira klassifiserte som anleggsmiddel. Andre fordringar er omløpsmiddel dersom desse forfell til betaling innan eitt år etter anskaffingstidspunktet. Elles er dei klassifiserte som anleggsmiddel. Kommunen følgjer KRS (F) nr. 4: "Avgrensing mellom driftsregnskapet og investeringsregnskapet". Standarden har særleg verdi for å skilje mellom vedlikehald og å koste på i forhold til anleggsmiddel. Utgifter som ein har for å oppretthalde anleggsmiddelet sin standard blir utgiftsført i driftsrekneskapen. Utgifter som representerer ei standardheving av anleggsmiddelet utover standard ved innkjøpet blir utgiftsført i investeringsrekneskapen og blir aktivert på anleggsmiddelet i balansen.

Klassifisering av gjeld

Langsiktig gjeld er knytt til formåla i kommunelova § 50. All anna gjeld er kortsiktig gjeld. Neste år sitt avdrag på utlån inngår i anleggsmiddel og neste års avdrag på lån inngår i langsiktig gjeld.

Vurderingsreglar

Omløpsmiddel er vurderte til lågaste verdi av anskaffingskost og verkeleg verdi. Marknadsbaserte finansielle omløpsmiddel er vurderte til verkeleg verdi. Utestående fordringar er vurderte til pålydande med frådrag for forventa tap. Anleggsmiddel er vurderte til innkjøpskost. Anleggsmiddel med avgrensa økonomisk levetid blir avskrivne med like store årlege sum over levetida til anleggsmiddelet. Avskrivingane startar året etter at anleggsmiddelet er skaffa/teke i bruk av verksemda. Avskrivingsperiodane er i tråd med § 8 i forskrift om årsrekneskap og årsmelding. Vurderingane for eigedelar gjeld tilsvarande for kortsiktig og langsiktig gjeld. Opptakskost utgjer gjeldsposten sitt pålydande i norske kroner på det tidspunktet som gjelda oppstår. Lånekostnader (gebyr, provisjonar mv.), samt over- og underkurs er finansutgifter og inntekter. Over- og underkurs blir periodisert over løpetida til lånet som kortsiktig fordring/gjeld etter same prinsipp som gjeld for obligasjonar som blir haldne til forfall.

Sjølvkostberekningar

Innanfor dei rammar der sjølvkost er sett som den rettslege ramma for kva kommunen kan krevje av brukarbetalingar, bereknar kommunen sjølvkost etter retningslinjer for berekning av sjølvkost for kommunale betalingstenester (H-3/14, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, februar 2014). For dei tenestene kommunen sjølv har valt å krevje brukarbetalingar etter sjølvkostprinsippet blir same retningslinjer følgde.

Mva-plikt og mva-kompensasjon

Kommunen følgjer reglane i mva-lova for dei tenesteområda som er omfatta av lova. Rekneskapen er avlagt i tråd med god kommunal rekneskapsskikk, medrekna kommunale rekneskapsstandardar (KR) utgitt av «Foreningen for god kommunal regnskapsskikk (GKRS)».
Ved lånefinansiering av investeringar er ikkje renteutgiftene lagde til anskaffingskost i samsvar med tilrådd løysing i KRS nr. 2.

Organisering av kommunen sin verksemd

Den samla verksemda til kommunen er i hovudsak organisert innanfor kommunen sin ordinære organisasjon, men noko av verksemda er lagt til einingar som legg fram eige sær rekneskap eller andre rettssubjekt.

Rekneskapsprinsipp - organisering	Type verksemd	Type eining	Kontor-/vertskommune
Einingar som avlegg særrekneskap			
Romsdalshalvøya interkommunale renovasjonsselskap	Avfall	IKS	Molde kommune
Interkommunaltarkiv for Møre og romsdal IKS	Arkiv	IKS	Fylkeskommunen
Andre rettssubjekter			
Barnevern	Barnevern	IKS	Molde kommune
RORikt	IKT	IKS	Molde kommune
Tøndergård skole	Opplæring	IKS	Molde kommune

Noter

Note 1 Endring i arbeidskapital

Balanserekneskapet	2014	2013	Endring
2.1 Omløpsmidler	285 371 422	305 530 759	
2.3 Kortsiktig gjeld	56 724 706	95 193 665	
Arbeidskapital	**228 646 716**	**210 337 095**	**18 309 621**

Drifts- og investeringsrekneskapet	Beløp	Sum
Anskaffelse av midler :		
Inntekter driftsregnskap	442 061 138	
Inntekter investeringsregnskap	24 654 192	
Innbet.ved eksterne finanstransaksjoner	14 618 303	
Sum anskaffelse av midler	**481 333 633**	**481 333 633**
Anvendelse av midler :		
Utgifter driftsregnskap	337 060 463	
Utgifter investeringsregnskap	82 490 993	
Utbetalinger ved eksterne finanstransaksjoner	41 275 656	
Sum anvendelse av midler	**460 827 112**	**460 827 112**
Anskaffelse - anvendelse av midler		**20 506 521**
Endring ubrukte lånemidler (økning +/reduksjon-)		-2 196 900
Endring arbeidskapital i drifts-og investeringsregnskap		**18 309 621**
Endring arbeidskapital i balansen		**18 309 621**
Differanse (forklares nedenfor)		**0**

Note 2 Ytingar til leiande personar og revisor

Ytingar til leiande personar	Løn og anna godtgjersle	Godtgjersle for andre verv	Tilleggs godtgjersle	Natural-ytingar
Administrasjonssjef	1 037 421	0	0	6 592
Ordførar	881 450	0	0	

Godtgjersle til revisor

Kommunen sin revisor er Kommunerevisjonsdistrikt 2 Møre og Romsdal. Samla godtgjersler til revisor utgjer kr 284.000,-. Av dette gjeld kr 284.000,- revisjon og kr 0,- rådgjeving og andre tenester. Revisjon omfattar rekneskaps-revisjon, forvaltningsrevisjon og diverse attestasjonsoppdrag.

Note 3 Pensjon

Generelt om pensjonsordningane i kommunen

Kommunen har kollektive pensjonsordningar i Kommunal Landspensjonskasse (KLP) og Statens pensjonskasse (SPK) som sikrar ytingsbasertbasert pensjon for dei tilsette. Pensjonsordninga omfattar alders-, uføre-, ektefelle-, barnepensjon samt AFP/tidligpensjon og sikrar alders- og uførepensjon med samla pensjonsnivå på 66 pst. saman med folketrygda. Pensjonane samordnas med utbetaling frå NAV.

Premiefond

Premiefondet er eit fond for tilbakeført premie og overskott. Eventuelle midlar på premiefondet kan berre nyttast til framtidig premiebetaling. Premiefondet kjem ikkje fram av kommunerekneskapet, men bruk av fondet reduserer faktisk betalte pensjonspremiar.

Rekneskapsføring av pensjon

Etter § 13 i årsrekneskapsforskrifta skal driftsrekneskapen belastas med pensjonskostnadar som er berekna ut frå langsiktige føresetnadar om avkastning, lønnsvekst og G-regulering. Pensjonskostnadane blir berekna på ein annan måte enn pensjonspremien som blir betalt til pensjonsordninga, og difor vil det normalt vere forskjell mellom desse to storleikane. Forskjellen mellom betalt pensjonspremie og berekna pensjonskostnad kallast premieavvik, og skal inntekts- eller utgiftsførast i driftsrekneskapet. Premieavviket blir tilbakeført igjen neste år. Avgjerda innbær og at berekna pensjonsmidlar og pensjonsforpliktingar er oppført i balansen som høvesvis anleggsmidlar og langsiktig gjeld. Rekneskapsføringa av pensjon inneber eit unntak frå dei grunnleggjande prinsippa for kommunerekneskapet. For 2014 innebær dette at regnskapsførte pensjonsutgifter er kr. 4.421.906 lågare enn faktisk betalte pensjonspremiar.

Økonomiske føresetnader for berekning av pensjonskostnaden	KLP	SPK
Forventet avkastning pensjonsmidler	4,65 %	4,35 %
Diskonteringsrente	4,00 %	4,00 %
Forventet årlig lønnsvekst	2,97 %	2,97 %
Forventet årlig G- og pensjonsregulering	2,97 %	2,97 %

Spesifikasjon av samla pensjonskostnad, premieavvik pensjonsansvar og estimatavvik

Spesifikasjon av pensjonskostnad og årets premieavvik	2014	2013
Årets pensjonsopptjening nåverdi	20 316 393	18 889 477
Rentekostnad av påløpt pensjonsforpliktelse	14 507 557	13 594 806
Forventet avkastning på pensjonsmidlene	-12 799 534	-12 470 785
Administrasjonskostnader	1 160 296	1 023 379
Netto pensjonskostnad (inkl. adm.)	**23 184 712**	**21 036 877**
Betalt premie i året	27 606 618	22 060 140
Årets premieavvik	**-4 421 906**	**-1 023 263**

Pensjonsmidlar, pensjonsansvar og akkumulert premieavvik	2014	Arb.gjeveravg.	2013	Arbgjeveravg.
Brutto påløpte pensjonsforpliktelser per31.12.	377 393 144	10 876 174	353 700 146	11 181 799
Pensjonsmidler per 31.12.	300 257 162		274 396 604	
Netto pensjonsforpliktelser per 31.12.	**77 135 982**	**10 876 174**	**79 303 542**	**11 181 799**
Årets premieavvik	4 421 906	623 489	-1 023 263	-144 280
Sum gjenstående premieavvik tidligere år (per 01.01.)	1 023 263		5 894 263	
Sum amortisert premieavvik dette året	-1 023 263		-5 894 263	
Akkumulert premieavvik per 31.12	**4 421 906**	**623 489**	**-1 023 263**	**-144 280**

Note 4 Anleggsmidlar

	EDB-utstyr, kontor-maskiner	Anleggs-maskiner mv.	Brannbiler, tekniske anlegg	Boliger, skoler, veier	Adm.bygg, sykehjem mv.	Tomte-områder	Immate-rielle eiendeler	SUM
Anskaffelseskost 01.01	10 951	70 378	95 438	584 326	109 403	113601		984 097
Årets tilgang	3 633	2 104	11 373	51 206	4 043	10133		82 492
Årets avgang								0
Anskaffelseskost 31.12	**14 584**	**72 482**	**107 203**	**635 532**	**113 446**	**123 734**	**0**	**1 066 981**
Akk avskrivninger 01.01	8 348	18 359	12 918	42 107	18 420	735		100 887
Netto akk. rev. nedskrivninger			392					392
Akk. avskr. og nedskr. 31.12.	9 131	24 847	16 367	56 745	21 422	735	0	129 247
Bokført verdi per 31.12	**5 453**	**47 635**	**90 836**	**578 787**	**92 024**	**119 400**	**0**	**934 135**
Herav finansielle leieavtaler	0	0	0	0	0	0	0	0
Årets avskrivninger	783	6 488	3 057	14 638	3 002	0	0	27 968
Årets nedskrivninger	0	0	0	0	0	0	0	0
Årets reverserte nedskrivninger	0	0	0	0	0	0	0	0
Tap ved salg av anleggsmidler	0	0	0	0	0	0	0	0
Gevinst ved salg av anleggsmidler	0	0	0	0	0	0	0	0
Økonomisk levetid	5 år	10 år	20 år	40 år	50 år			
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	Ingen avskr.		

Note 5 Aksjar og andeler i varig eige

	Eigarandel i selskapet	Eventuell markeds-verdi	"Balanseført verdi 2014"	"Balanseført verdi 2013"
Astero AS	1,86 %		20 000	20 000
Aukra Gass AS	9,84 %		1 500 000	1 500 000
Andel i privat avløpsanlegg			21 644	21 644
Destinasjon Molde & Romsdal AS	0,65 %		10 000	10 000
Eigenkapitalinnskot fellesordninga KLP			4 394 009	3 882 217
Eigenkapitalinnskot sjukepl. KLP			1 502 439	1 405 100
Forsamlingshuset Soltun BA			10 000	10 000
Gass ROR IKS	16,66 %		200 000	200 000
Gassvegen - Fylkesveg 215/279 AS			100 000	100 000
Harøysund Næringspark AS	5,00 %		50 000	50 000
Hollingsholm Småbåtlag			20 000	20 000
Kristiansund og Omegn Vekst AS	0,18 %		18 943	18 943
Kjerringsundet AS	46,88 %		1 500 000	-
Kystlab AS	1,93 %		119 538	119 538
Molde Lufthavnutvikling AS			164 000	164 000
Molde og Romsdal Havn IKS *	12,00 %		*	*
Muritunet AS			5 000	5 000
Møreaksen AS	17,74 %		1 435 000	1 435 000
Naturgass Møre As			50 000	50 000
Romsdalshalvøyas renovasjonsselskap IKS	6,70 %		379 129	379 129
Samspleis AS	1,97 %		70 000	70 000
Småge Småbåtlag BA			10 200	10 200
Sund Bredbånd As	11,64 %		108 000	108 000
Eksportvegen AS			5 000	5 000
Vågenbåt Eiendom AS	100,00 %		2 475 000	1 740 000
Sum		**-**	**14 167 902**	**11 323 771**

**Molde og Romsdal Havn IKS har disposisjonsrett til kaiene som er eigd av Aukra kommune, og registrert som eigne anleggsmiddel i kommunerekneskapen.*

Note 6 Avdrag og lån

Kommunen reknar minste tillatne avdrag jf. kommunelova (koml) § 50 nr. 7, ved å bruke alternativ 2.

Alternativ 1
Berekna minste tillate avdrag på lån etter ein forenkla formel. Avskrivingane blir rekna som sum langsiktig gjeld dividerte på sum anleggsmiddel (jf. koml § 50 nr. 1 og 2) mulitplisert med årets avskrivingar i driftsrekneskapen. Denne forenkla formelen gir eit minstekrav til avdrag som svarar til avskrivingar (kapitalslitet) på lånefinansierte anleggsmiddel.

Alternativ 2
Vekta rest levetid for kvar anleggsgruppe i forhold til bokført verdi totalt. Normalt vil denne måten å berekne på gi eit lågare krav til minsteavdrag enn alternativ nr. 1. Samanlikning mellom utgiftsførde avdrag og kapitalslit som framkjem ved bruk av dette alternativet er vist nedanfor.

Forholdet mellom betalte avdrag om minimumsavdrag	2014	2013
Utgiftsførte avdrag i driftsregnskapet	kr 24 243 375	kr 17 650 000
Bergnet minimumsavdrag	kr 13 150 485	kr 12 386 568
Avvik	kr 11 092 890	kr 5 263 432

Avdrag på lån til vidare utlån og forskoteringar

Mottekne avdrag på vidareutlån og forskoteringar skal uavkorta nyttast til nedbetaling av kommunen sitt innlån. Eventuelle mottekne avdrag som ikkje er nytta til nedbetaling av gjeld avsetjast til avdragsfond (bundne investeringsfond).

	2014	2013
Mottatte avdrag på startlån	kr 2 759 988	kr 1 790 782
Utgiftsførte avdrag i investeringsregnskapet	kr 1 602 843	kr 981 972
Avsetning til/bruk av avdragsfond	kr 643 127	kr 1 153 923
Saldo avdragsfond 31.12.	**kr 643 127**	**kr 1 153 923**

Note 7 Kommunen sitt garantiansvar

Gjeve ovanfor - namn	Beløp per 31.12. 2014	2013	Stoppar dato
Aukra Sokn	kr 6 272 266	kr 7 120 000	28.06.21
RIR Romsdalshalvøyas interkomm.renovasj.selskap	kr 3 025 848	kr 3 032 610	01.11.24
Tøndergård Skole	kr 80 000	kr 117 500	15.06.23
Stiftelsen Aukra Boligselskap, restgjeld	kr 2 456 761	kr 2 596 060	*
Sum garantiansvar	**kr 11 754 875**	**kr 12 866 170**	

*Kommunen garanterer til ei kvar tid for 20 pst. av restgjelda

Note 8 Usikre forpliktelser, betingede eiendeler og hendelser etter balansedagen

Følgjande usikre forpliktingar er rekneskapsførte:

Forpliktinga sin art	Balanseført forplikting
Kommunale avgifter	12 782
Husleige	63 167
Diverse	75 216
Oppvekst og kultur	350 706
Pleie og omsorg	23 727
Helse	-
Sum usikre forpliktingar	**525 598**

Note 9 Finansielle eigedelar og plikter til verkeleg verdi

Marknadsbaserte finansielle omløpsmiddel

Aktivaklasse	Finans-reglement	Anskaffelses-kost	Marknads-verdi	Balanseført verdi	Resultatført verdiendring
Aksjer	Punkt 7	7 125 764	7 097 362	7 097 362	-28 402
Obligasjoner	Punkt 7	13 044 852	13 529 245	13 529 245	484 393
Sum		**20 170 616**	**20 626 607**	**20 626 607**	**455 991**

Note 10 Avsetning og bruk av fond

Aktivaklasse	Behaldning per 01.01.	Avsetningar	Bruk av fond i driftsreknskapet	Bruk av fond i inv.reknskapet	Behaldning per 31.12.
Disposisjonsfond	162 212 308	33 122 082	4 823 395	19 624 959	170 886 036
Bundne driftsfond	9 302 995	894 214	488 624	-	9 708 585
Ubundne investeringsfond	30 471 370	-		-	30 471 370
Bundne investeringsfond	1 365 925	644 523		1 153 923	856 525
Samla avsetningar og bruk av avsetningar	**203 352 598**	**35 362 201**	**5 303 101**	**20 778 882**	**212 632 816**

Note 11 Kapitalkonto

Saldo per 01.01.	**452 241 942**
Økning av kapitalkonto (kreditposteringer)	
Aktivering av fast eiendom og anlegg	65 708 704
Reversert nedskrivning av fast eiendom og anlegg	0
Aktivering av utstyr, maskiner og transportmidler	13 301 902
Kjøp av aksjer og andeler	2 447 472
Reversert nedskrivning av aksjer og andeler	0
Utlån	3 420 613
Aktivert egenkapitalinnskudd pensjonskasse	609 131
Avdrag på eksterne lån	25 846 219
Økning pensjonsmidler	2 473 186
Reduksjon pensjonsforpliktelser	0
Reduksjon av kapitalkonto (debetposteringer)	
Avgang fast eiendom og anlegg	0
Av- og nedskriving av fast eiendom og anlegg	21 705 373
Avgang utstyr, maskiner og transportmidler	0
Av- og nedskrivning av utstyr, maskiner og transportmidler	6 263 374
Avgang aksjer og andeler	0
Nedskrivning av aksjer og andeler	0
Avdrag på utlån	2 804 868
Avskrivning utlån	0
Reduksjon egenkapitalinnskudd pensjonskasse	0
Bruk av midler fra eksterne lån	3 196 900
Reduksjon pensjonsmidler	0
Økning pensjonsforpliktelser	0
Urealisert kurstap utenlandslån	0
Saldo per 31.12.	**532 078 654**

Note 12 Sjølvkostområde

Etterkalkyle sjølvkost	Vatn	Avløp	Renovasjon	Feiing	Slamtømming
Gebyrinntekter	9 152 510	5 378 926	4 101 537	427 540	195 769
Øvrige driftsinntekter	84 582	15 784	111 340	0	1 661
Driftsinntekter	**9 237 092**	**5 394 710**	**4 212 877**	**427 540**	**197 430**
Direkte driftsutgifter	5 506 082	2 980 272	4 171 166	393 822	280 135
Avskrivningskostnad	1 679 122	1 064 213	0	0	113
Kalkulatorisk rente (2,68 %)	1 037 651	829 468	0	0	656
Indirekte netto driftsutgifter	457 858	300 542	124 806	22 349	19 945
Indirekte avskrivningskostnad	20 586	15 491	5 852	17	1 233
Indirekte kalkulatorisk rente (2,68 %)	2 492	1 508	1 259	13	69
Sjablongmessig indir. kap.kostnad (5 % av ind.dr.kostn.)	0	0	0	0	0
Driftskostnader	**8 703 791**	**5 191 494**	**4 303 083**	**416 201**	**302 151**
+/- Korrigering av tidligere års feil i kalkyle	0	0	0	0	0
+/- Bruk av/avsetning til etterdriftsfond	0	0	0	0	0
+/- Gevinst/tap ved salg/utrangering av anleggsmiddel	0	0	0	0	0
+/- Kalkulert renteinntekt/-kostnad selvkostfond (2,68 %)	-12 731	-44 113	-11 118	-345	-75
+ Tilskudd/subsidiering	0	0	0	0	0
Resultat	**520 570**	**159 103**	**-101 324**	**10 994**	**-104 797**
Kostnadsdekning i %	106,10 %	103,90 %	97,90 %	102,70 %	65,30 %
Selvkostfond 01.01	**0**	**0**	**0**	**0**	**49 593**
+ Avsetning til selvkostfond	0	0	0	0	0
- Bruk av selvkostfond	0	0	0	0	-49 593
+ Kalkulert renteinntekt selvkostfond (2,68 %)	0	0	0	0	0
Selvkostfond 31.12 (inkl. rente på fond)	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**
+/- Kalkulert renteinntekt/-kostnad selvkostfond (2,68 %)	0	0	0	0	0
Fremførbart underskudd 01.01	**-734 840**	**-1 723 846**	**-363 758**	**-18 346**	**0**
+ Inndekning av fremførbart underskudd	520 570	159 103	0	10 994	0
- Underskudd til fremføring	0	0	-101 324	0	-55 204
- Kalkulert rentekostnad fremførbart underskudd (2,68 %)	0	0	0	0	0
Fremførbart underskudd 31.12 (inkl. rente på fond)	**-214 270**	**-1 564 743**	**-465 082**	**-7 352**	**-55 204**
Gebyrinntekter	9 152 510	5 378 926	4 101 537	427 540	195 769
Gebyrgrunnlag	8 619 209	5 175 710	4 191 743	416 201	300 490
Finansiell dekningsgrad i % (gebyrinntekter/gebyrgrunnlag)	106,20 %	103,90 %	97,80 %	102,70 %	65,10 %

Note 12 forts.

Etterkalkyle sjølvkost	Handsaming plansaker	Bygge- og delsaks-handsaming, seksjonering	Kart og oppmåing	Totalt
Gebyrinntekter	-123	509 937	1 300 868	21 066 964
Øvrige driftsinntekter	12 921	68 658	332 932	627 878
Driftsinntekter	**12 798**	**578 595**	**1 633 800**	**21 694 842**
Direkte driftsutgifter	535 665	790 193	1 212 949	15 870 284
Avskrivningskostnad	0	0	0	2 743 447
Kalkulatorisk rente (2,68 %)	0	0	0	1 867 775
Indirekte netto driftsutgifter	6 643	9 940	15 258	957 340
Indirekte avskrivningskostnad	23	35	54	43 293
Indirekte kalkulatorisk rente (2,68 %)	18	27	41	5 426
Sjablongmessig indir. kap.kostnad (5 % av ind.dr.kostn.)	0	0	0	0
Driftskostnader	**542 349**	**800 195**	**1 228 302**	**21 487 566**
+/- Korrigering av tidligere års feil i kalkyle	0	0	0	0
+/- Bruk av/avsetning til etterdriftsfond	0	0	0	0
+/- Gevinst/tap ved salg/utrangering av anleggsmiddel	0	0	0	0
+/- Kalkulert renteinntekt/-kostnad selvkostfond (2,68 %)	0	0	4 033	-64 350
+ Tilskudd/subsidiering	529 551	221 600	0	751 151
Resultat	**0**	**0**	**409 531**	**894 077**
Kostnadsdekning i %	2,40 %	72,30 %	133,00 %	101,00 %
Selvkostfond 01.01	**0**	**0**	**0**	**49 593**
+ Avsetning til selvkostfond	0	0	300 642	300 642
- Bruk av selvkostfond	0	0	0	-49 593
+ Kalkulert renteinntekt selvkostfond (2,68 %)	0	0	0	0
Selvkostfond 31.12 (inkl. rente på fond)	**0**	**0**	**300 642**	**300 642**
+/- Kalkulert renteinntekt/-kostnad selvkostfond (2,68 %)	0	0	0	0
Fremførbart underskudd 01.01	**0**	**0**	**0**	**-2 840 790**
+ Inndekning av fremførbart underskudd	0	0	0	690 667
- Underskudd til fremføring	0	0	0	-156 528
- Kalkulert rentekostnad fremførbart underskudd (2,68 %)	0	0	0	0
Fremførbart underskudd 31.12 (inkl. rente på fond)	**0**	**0**	**0**	**-2 306 651**
Gebyrinntekter	-123	509 937	1 300 868	21 066 964
Gebyrgrunnlag	529 428	731 537	895 370	20 859 688
Finansiell dekningsgrad i % (gebyrinntekter/gebyrgrunnlag)	0,00 %	69,70 %	145,30 %	101,00 %

Aukra kommune 1814-2014

1838: Folketalet i 1838 i Aukra prestegjeld, var 3.504 og hadde ei flatevidde på 168,5 km². Stemmerettsalderen var 25 år, og på landsbygda var det slik at berre den som hadde eigt eller leigt matikulert jord dei siste 5 åra, hadde røysterett. Kvinner eller husmenn kunne ikkje røyste.

2014: Folketalet i 2014 i Aukra kommune var 3.466 innbyggjarar og har i dag ei flatevidde på 58,76 km².

Foto: Sildearbeid på Rindarøya

Strategi

Visjon og verdiar

Ut frå Aukra kommune sin visjon, Aukra - full av energi, har kommunen utarbeidd ein visuell profil. Profilen uttrykkjer kven vi er og kva vi står for, og er forankra i kommunen sine verdiar attraktiv, uredd, kvalitet, raus og arbeidsglede. I desse orda finn ein AUKRA kommune.

A-symbolet står sentralt i kommunen sin grafiske profil og visualiserar kommunen sitt slagord Aukra - full av energi. Symbolet er bygd opp av energiske bobler som dannar ein A for Aukra.
A-en blir eit symbol på den grøne øya og dei flotte fjella på fastlandet. Til saman utstrålar dei skaparvilje og framtidstru.
Ein kultur i ein organisasjon tek tid å byggje, og verdiane er eit grunnlag som vil gje eit fundament å bygge vidare på. Verdiane vert sette i samanheng med tenestene som vert gitt til brukarane, og til interne og eksterne samarbeidspartar. Det er no viktig å ta vare på og å bruke desse orda i handling, slik at det blir «vår måte» å vise kva som er viktige fokus i Aukra kommune.

Aukra kommune som arbeidsgjevar og politisk leiing er samde om felles verdigrunnlag som ei plattform og rettesnor for vårt vidare arbeid.

Attraktiv
Uredd
Kvalitet
Raus
Arbeidsglede

Aukra – full av energi

Mål og måloppnåing

Kommuneplanen er kommunen sitt overordna styringsdokument.

Kommuneplanen skal vere kommunen sitt strategidokument og skal legge føringar for korleis vi skal møte samfunnsendringane dei neste åra. Han viser langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet i det heile. og kommunen som organisasjon. Planen skal innehalde overordna prioriterte mål for Aukra, og han dannar grunnlaget for kommunen sin fireårige handlingsplan og budsjett.

Overordna mål

Befolkningsutviklinga er ein indikatorar som viser om vi lukkast med å skape ein kommune der innbyggjarane trivst, om ein greier å tiltrekke seg nye innbyggjarar, om vi har ei bærekraftig befolkningsutvikling og om vi er ein kommune der det er interessant for næringslivet å etablere arbeidsplassar.

Måla for befolkningsutviklinga i Aukra kommune er slik:

• Aukra vil arbeide for ein årleg befolkningsvekst på 0,7%.

• Aukra skal ha ei variert befolkningssamansetjing
Befolkningsutviklinga i Aukra kommune er kommentert på side 9 i dokumentet.

I kommuneplana er det skissert fire overordna satsingsområde for kommunen. Nedanfor følgjer eit kort samandrag over måloppnåinga for desse områda.

Satsingsområde Bygdeutvikling

Etablere uformelle møteplassar

Etter at ungdomsklubben UFO og Aukra frivilligsentral vart samlokalisert i sentrum, er lokala meir tilgjengelege for alle. Dette skapa fleire uformelle møtepunkt og meir aktivitet i sentrum. UFO har sine arrangement, lag og organisasjonar har sine og Aukra frivilligsentral har og ulike arrangement kor folk møter kvarandre.

Aukra skal vere ein MOT-kommune

Det skal vere eit kontinuerlig arbeid i skolen. Arbeid starta tverrfagleg gjennom prosjektet «Krafttak for venskap mot mobbing».

Bygge kulturhus

I samband med budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018 vart det vedteke å utsette bygging av kulturhus til 2018.

Bygge fleirbrukshus i Julsundet

Fleirbrukshus i Julsundet vert realisert som ein del av prosjektet Julsundet skole.

Støtte fritidstilbod og tiltak retta mot den uorganiserte delen av ungdommen

Det er tilrettelagt for at ungdomsklubben UFO og Open hall har faste kveldar på Frivilligsentralen.

Det var ingen søknadar retta mot denne aldersgruppa i tilskotsordninga «tilskot til frivillige lag og organisasjonar i nærmiljøet».

Støtte tiltak retta mot unge vaksne (25 - 45 år)

Det er gitt tilskot til fleire prosjekt frå fondet «Tilskot til Frivillige lag og organisasjonar».

Legge til rette for etablering av førstegongsbustadar for ungdom

Det blir sett av varierte føremål og utnyttingsgradar for tomter i bustadfelt. Her er det høve for firma å bygge ungdomsbustada r.

Legge til rette for variert bustadbygging med omsyn til bustadtype og tomtestorleik

Det vert teke omsyn til dette i alle reguleringsplanar for bustadbygging.

Satsingsområde Nærings- og regionsutvikling

Arbeide for at Aukra skal ha fastlandssamband og forbetra veginfrastruktur

Aukra kommune skal ha ei avsetting til fastlandsfondet som gjer at kommunen kan bidra med finansiering av fastlandssamband.
I samband med budsjett og økonomiplan 2015 vart det vedteke å auke avsetting til fastlandsfond til 60 mill. kroner per år.
Det skal arbeidast målretta og systematisk med dette.
Det er satt i gang reguleringsplanarbeid for vegsambandet. Dette skal vere ferdig ved utgangen av 2015.

Aukra skal ha eit meir mangfaldig næringsliv

Aukra skal etablere ein "næringshage" og ha kontor ferdig til utleige.
Enno ledige areal på Nyland industriområde og Hollingen industriområde, men nye areal bør tilretteleggjast.

Satsingsområde Tettstad og areal

Forbetre tettstadane som naturlege møtestadar

Bygge kulturhus og symjehall.
Dette er utsett til 2018.

Fleire bustader og leilegheiter i og kring tettstaden Falkhytten

I revisjonen av kommuneplanen sin arealdel vert det lagt til rette for fleire bustader på Falkhytten.

Eit betre tilbod på offentleg kommunikasjon til og frå tettstadane

Arbeide for å forbetre busstilbodet
- Forsøksordning med buss på kveld og helg.
- Stamrute Molde – Hollingsholmen.
Prøveordning etablert frå og med veke 49 i 2012 til og med veke 30 i 2013. Med bakgrunn i låg oppslutning om tilbodet vart prøveordninga avslutta.

Betre tilkomsten til natur- og friluftsområda

Etablere fleire stiar med opparbeidde opphaldsstadar for ålmenta.
Ny sti oppgradert til unversell utforming frå Tahaugen til Riksfjordremma.

Betre skilting og generell informasjon om desse stadane slik at det vert lettare for ålmenta å ta dei i bruk

Skilting av turstiar for å gjere det enkelt å nytte natur og nærområde til rekreasjon og fysisk aktivitet er prioritert.
Nettsida morotur.no presenterar eit utval av fot- og sykkelturar i kommunen.

Satsingsområde Kommunale tenester

God informasjonsflyt mellom kommunen og innbyggarane

Bevisst bruk av web og media som informasjonskanalar.
I 2014 lanserte Aukra kommune ny heimeside, ei kommunal facebookside og ny grafisk profil. Bakgrunnen for at desse områda blei oppgradert, var å sikre at informasjon kjem ut til tilsette, politikarar og innbyggjarar på ein god og sikker måte, som tilfredsstillar dei tekniske krava som er fastsatt av Direktoratet for forvaltning og IKT (DIFI). Den nye grafiske profilen sikrar at Aukra kommune står fram som tydelege, heilskapleg og lett å kjenne att i all kommunikasjon.

Gjennomføre brukarundersøkingar.
I 2014 har Aukra kommune gjennomført elevundersøkingar, Ung data-undersøking og medarbeidarundersøking i pleie og omsorg.

Bevisste prioriteringar

Minimum 50% av driftsresultatet blir avsett på fond for å kunne finansiere investeringar, og å ha reserve til å møte framtidige økonomiske svingingar.
Dette målet vart ikkje nådd for 2014.

Netto driftsresultat på min. 10 % av driftsinntektene.
Dette målet er nådd for 2014.

Aukra kommune skal vere ein pådrivar i samfunnsutviklinga og ein attraktiv arbeidsgjevar

Utvikle felles verdigrunnlag.
Det er skrive om verdigrunnlaget i innleiinga av strategikapittelet.

Sikre framtidig kompetanse.
Organisasjonsavdelinga og pleie og omsorg har delteke i KS sitt program "Strategisk kompetanseplanlegging" i regi av KS.
Det er midlar frå fondet til tilsette som har tatt vidareutdanning i tråd med kommunen sitt behov.
Betra kravspesifikasjonar ved utlyste stillingar.

Utvikle verktøy for styringsinformasjon

Utvikle årshjulet.
Årshjulet er utvikla, men enno ikkje teke inn i Kvalitetslosen.
Tilsette i kommunen har frå 2014 mulegheit til å lage eigne årshjul i Kvalitetslosen.

Krise og beredskapsarbeid

Aukra kommunestyre handsama og vedtok i mars 2014 tre viktige saker for krise- og beredskapsarbeidet:
- Revidert plan for samordna kriseleiing
- Overordna risiko- og sårbarhetsanalyse
- Fylkesmannen sin tilsynsrapport og plan for lukking av avvik

Fylkesmannen konstaterte at alle vesentlege element innafor kommunal beredskapsplikt er på plass. Avvik som var knytt til befolkningsvarsling og «internkontrollsystem» er allereie innarbeidde i verksemda.

Aukra kommune har jamleg og årleg delteke i ulike kriseøvingar. I 2014 deltok kommunen på skrivebordsøvinga «Fårikål», som fylkesmannen organiserte for alle kommunane i fylket.

KvalitetsLosen - kommunen sitt internkontrollsystem

Aukra kommune kjøpte i 2013 i eit heilskapleg elektronisk system for kvalitetsstyring. Dette systemet skal ta i vare krava om internkontroll og dei kvalitetskrav som lovar, forskrifter og eigne standardar stiller.

KvalitetsLosen er bygd opp av fleire modular:
- Avvikshandtering og forbetringstiltak
- Kvalitetsdokumentasjon
- Risikostyring (ROS)
- Årshjul

I 2014 har einingane jobba med å fylle dokumentmodulen med innhald. Dette er ein krevjande prosess som tek tid og vil halde fram også i 2015. Einingane bruker også KvalitetsLosen i arbeidet med å risikoanalysere områda sine, og no i første omgang på brannvern.

Systemet er intuitivt og visuelt og gjev eit godt bilete på dei risikoane som måtte finnast.

Når det gjeld avvik kan ein sjå på tabellen at det er meldt inn ein god del i alle kategoriar. Det kan enno bli betre, og organisasjonen må bli vande med å arbeide med avvikshandtering for å følgje krava til god internkontroll.

Rapporterte avvik



Regionalt, nasjonalt og internasjonalt arbeid

I tillegg til alle vanlege, interne oppgåver er Aukra kommune aktør og deltakar på fleire andre arenaer.

Interkommunalt samarbeid – kommunale tenester

Gjennom eit eige prosjekt i Regionrådet for Molderegionen (ROR) er det dei siste to åra foretatt ein samla gjennomgang av interkommunale samarbeidsordningar i regionen. Opp gjennom åra har det utvikla seg eit konglomerat av ordningar, for å løyse oppgåver som det av ulike grunnar har vore vurdert som betre å gjere i fellesskap enn åleine. Interkommunalt samarbeid har dermed vore både ønska, nødvendig og fornuftig.

Det interkommunale samarbeidet i Molderegionen – og i alle andre regionar i Norge – har etter kvart vorte så omfattande at ein gjerne snakkar om ein «flora» av ordningar. Aukra, og dei andre kommunane i regionen, er kvar med i 40-50 ulike ordningar, ulikt organisert (uformelle nettverk, vertskapskommunar, interkommunale selskap, aksjeselskap, etc.).

Kommunestyret behandla ein rapport frå ROR om det interkommunale samarbeidet i 2013, og vedtok å vere med i eit hovedprosjekt som også omfattar å utgreie endringar i kommunestrukturen. Stortinget ga i 2014 kommunane i oppdrag å gå inn i debatten med tanke på reelle strukturendringar. Dette arbeidet starta opp i 2014 og vil halde fram både i 2015 og 2016.

Regionalt samarbeid – næring og gass

GassROR IKS

Selskapet vart oppretta som følgje av vedtaket om ilandføring av gassen frå Ormen Lange til Nyhamna, og samarbeidet er regulert i samarbeidsavtaler mellom deltakarkommunane og fylkeskommunen. Aukra kommune er naturleg nok største bidragsytar til selskapet, overførte i 2014 16,87 mill.kr. til GassROR IKS. Selskapet støttar tiltak i Molderegionen for om lag 20 mill.kr. kvart år.

Nyhamna som knutepunkt for gass frå Norskehavet

Nyhamna har no status som gassknutepunkt for Norskehavet, og er ikkje berre ilandføringsstad for gass frå Ormen: utbygginga av Aasta Hansteen-feltet er igang, det same gjeld røyrledningen Palarled. Om ca. to år kjem gass frå Aasta Hansteen til Nyhamna, seinare kan gass frå andre felt langs Polarled kome. Dette vil avhenge av framtidsutsiktene for gass- og oljenæringa, og korleis kostnadsbiletet utviklar seg.

Olje- og gassproduksjonen vil pågå i fleire 10-år enda, og sett med lokale augo vil Nyhamna tilføre Aukra og regionen store inntekter i overskueleg framtid, gitt at dagens eigedomsskatteordning blir oppretthalde.

Det er, med finansiering frå GassROR IKS, oppretta eit eige prosjekt, Gassknutepunkt Nyhamna, som arbeider for å skape ringvirkningar m.a. frå anlegget. Prosjektfinansieringa er førebels gitt for ein 3-årsperiode. Gassknutepunkt Nyhamna arrangerer kvart år «Rundebordskonferansen» under MoldeJazz.

Nasjonalt samarbeid – gass og marine næringar

Nettverk av petroleumskommunar (NPK)

Nettverket arbeider for å ivareta interessene til ilandføringskommunane av olje og gass, serleg på saksområder der det er tenleg at kommunane har mest muleg lik praksis, t.d. når det gjeld taksering, kva som er og skal vere grunnlaget for utskriving av skatt, påtrykk på og høyringsinstans for sentrale styresmakter, m.v.

Norskehavsrådet

Rådet er eit samarbeids- og konsensusorgan som skal arbeide for petroleumsretta saker som er av felles interesse for Norskehavsregionen. Rådet uttaler seg og er høyringsinstans i relevante saker for gass- og oljeindustrien.

Aukra kommune samarbeidde nært med Norskehavsrådet i samband med gass- og oljemessa ONS (Offshore Northern Seas) i Stavanger i august 2014, m.a. med felles stand og møter med Shell, ConocoPhillips, Gassco, Petoro og andre.

Nettverk av fjord- og kystkommunar (NFKK)

Nettverket vart etablert i 2009, og har som formål

- å arbeide aktivt for å fremme kystkommunanes interesser knytta til sikring av retten til lokal forvaltning av sjø- og kystsona, samt
- å arbeide for at noko av den verdiskapinga som skjer i marine næringar også må tilfalle vertskommunane der anlegga ligg

Internasjonalt samarbeid – industrielle ringverknader og vennskapssamband

Nordisk Atlantsamarbeid (NORA – NABIC)

Å vere ilandføringskommune for Ormen Lange – det å få ei storetablering i eit lite lokalsamfunn – var utgangspunktet for at Aukra vart kontakta av fylkeskommunen i 2010 og bede om å delta i dette samarbeidsprosjektet som omfatta kommunar på Island og Grønland, samt forskningsmiljø på Færøyane. Aukra kommune sin rolle var å gjere greie for korleis ein liten kommune, nærast eit bygdesamfunn, kan handtere ei stor industriutbygging, slik at negative konsekvensar blir minimalisert, og positive effektar maksimert.

Det vart i 2014 beslutta å vidareføre prosjektet, men da også sett meir ut frå næringslivets behov, og navnet vart endra til NABIC (North Atlantic Business Information Centers). I NABIC blir det arbeidd med lokale utfordringar knytta til entreprenørskap, korleis ein kan arbeide for å kome i posisjon for å gi anbod til store nasjonale/multinasjonale selskap, konkurransesituasjon m.o.t. kontraktar, marknadsføring, etc.

Medarbeidarar og organisasjon

Faste tilsette og oppretta årsverk

Aukra kommune hadde 403 faste tilsette per 31.12.2014. Nokon av dei tilsette har fast tilsetting på fleire avdelingar/einingar, så talet vil vere ca. 400 når vi ser på det for kvar enkelt eining.

Følgjande har fått oppretta ressursar i 2014:
Serviceavdelinga fekk 70 pst. konsulentstilling, økonomi ei 100 pst. konsulentstilling. Gossen barne- og ungdomsskole har fått ei stilling til særskild norskopplæring, Barnebo barnehage har fått ei 80 pst. språkstilling og Bergetippen barnehage har fått oppretta ein fagarbeidarressurs til ei 5. avdeling. Aukraheimen fekk 1,77 årsverk i tilskot til drift av Sørstua for demente. I heimetenesta fekk dei oppretta 60 pst. demenskoordinator og har i dag ei 100 pst. stilling. Det er også oppretta 40 pst. x 3 stillingar som miljøarbeidarar på dagsenter for heimebuande personar med demens og 140 pst. stilling slik at det er 3 tilsette på seinvakt i turnus i heimesjukepleia. Viser elles til budsjett 2014 der det er presisert kva som er innvilga av økonomiske ressursar til stillingar.

Faste tilsette og oppretta årsverk

	Tilsette			Årsverk		
	2012	2013	2014	2012	2013	2014
Sentrale styringsorgan	20	20	21	21,0	18,0	18,4
Gossen barne- og ungdomsskole	58	58	64	55,1	56,3	53,9
Julsundet skole	35	30	43	37,3	38,2	39,3
Barnebo barnehage	36	38	44	34,3	35,3	34,1
Bergetippen barnehage	14	15	21	15,4	18,3	20,5
Kultur	12	12	16	11,5	11,0	12,0
Pleie og omsorg	121	134	141	92,6	99,7	110,0
Helse	22	23	23	17,9	16,0	15,3
NAV	3	4	4	2,8	2,8	2,7
Plan og utbygging	5	5	11	4,6	6,1	10,6
Teknikk, eigedom og brann	18	18	15	18,0	18,6	13,3
Totalt i Aukra kommune	344	357	403	310,48	320,12	330,2

Helse, miljø og tryggleik

Molde bedriftshelsetjeneste leverer gode tenester til Aukra kommune. Det vart gjennomført arbeidsmiljøretta helseundersøkingar for Aukraheimen, heimetenesta, nattevakter, avlastingbustad, kjøkken på Aukraheimen, kultur, brann og tilsette på kommunehuset. Som resultat av desse undersøkingane har det også vore gjennomført mange ergonomiundersøkingar for enkeltpersonar. Dette er veldig positivt med tanke på meir bevisst haldning til korleis ein utfører oppgåvene sine for å unngå belastningslidingar. Støymåling har vore gjennomført i avlastingsbustad og kjøkken Aukraheimen.

Sjukefråver i prosent

	2012			2013			2014		
	Menn	Kvinner	Alle	Menn	Kvinner	Alle	Menn	Kvinner	Alle
Sentrale styringsorgan	0,4	3	2,2	0,7	10,0	7,3	7,5	24,9	22,1
Oppvekst og kultur	3,6	7,6	6,9	5,5	8,5	8,0	4,7	10,2	9,3
Helse, omsorg og velferd	7,5	9,5	9,2	2,8	9,3	8,4	3,9	8,7	8
Plan, utbygging og teknikk	4,2	2,6	4	2,1	3,6	2,3	4,4	3	4,2
Totalt	4,3	8	7,2	3,4	8,7	7,6	4,3	9,8	8,7

Sjukefråværet gjekk opp frå 7,6 pst. i 2013 til 8,7 pst. i 2014. Dette er 1 prosentpoeng lågare enn landssnittet.

Fråværet for menn er på eit lågt nivå. Det er kvinnene som dreg opp snittet og forskjellane er store. Slik er det også på landsplan.

Nærværstiltak

Det er gjennom IA-arbeidet og nærværstiltak Aukra kommune arbeider vidare for eit høgast muleg nærvær. Det er ikkje gjennomført særskilte prosjekt i 2014, men einingar med høgast fråvær har fokus på det, og gjennomfører samtalar med tilsette som har høgt fråvær over tid. Det vert arrangert ulike trivselstiltak både lokalt ute på einingane og frå sentralt hald har julearrangementet god oppslutnad. Nærvær handlar om å bli sett. Det kan skje gjennom kompetanseutvikling, at arbeidet ein gjer vert verdsatt og at den enkelte sjølv forstår at han/ho er viktig i og for organisasjonen. Det er eit leiaransvar å ha fokus på dette.

NAV, Plan og utbygging har eit nærvær på over 98 pst. Lågast nærvær har stab/støtte, Julsundet skole, Barnebo og Bergetippen, alle under 90 pst.

Einingane er flinke til å ta imot personar som treng arbeidstrening, eller av andre årsakar har behov for å vere i aktivitet. Aukra kommune har 2 varig tilrettelagte arbeidsplassar og har avtale med NAV om å ta imot personar til utprøving.

Hovudverneombodet arrangerer to årlege samlingar for verneomboda. Her er og bedriftshelsetenesta med. På samlingane tar dei opp aktuelle tema og inviterer fagpersonar som kan bidra med informasjon. Slik blir også verneomboda kjende med oppgåvene dei har, og dei får eit nettverk rundt seg.

Folkehelseaksjon

I 2014 gjennomførte Aukra kommune ein større folkehelseaksjon - aktivitetskonkurransen dytt.no.

Konkurransen blei gjennomført i perioden 7. april til 15. juni. Aktivitetsnivået under konkurransen blei lagt til 10.000 skritt per dag i gjennomsnitt for å kunne ta seg i mål innan 15. juni. Ved hjelp av ein skritteljar og ein aktivitetstabell der deltakarane kunne registrere anna aktivitet som sykling, oppussing, fotball med meir, flytta dei seg mot eit bestemt mål i eit virtuelt kart.

Den virtuelle ruta starta på fergekaia på Gossen, med ein tur rundt øya, og enda på Fangholsetra på Julsundet. Fleire av deltakarane gjekk ruta fleire gonger i denne perioden.

Nøkkeltal

Det var 278 tilsette som var påmeldt til folkehelseaksjonen, som gjekk over 70 dagar. Dette utgjer ca. 69 pst. av dei faste tilsette i kommunen.

- Talet skritt deltakarane gjekk samla er 243.001.895
- Lengda deltakarane gjekksamla er 187.459 km
- Talet på deltakarar som var innanfor skrittgjennomsnittet: 192
- Talet på registrerte lag: 35
- Talet på lag som var innanfor skrittgjennomsnittet: 27

Andel tilsette per eining som deltok



Tilbakemelding frå deltakarane, i pst.



Kompetanse

Frå fondet er det innvilga stønad til:
- Praktisk-pedagogisk utdanning for lærar utan godkjent utdanning
- Spesialpedagogikk, språk og leseutvikling og leiing og åtferd
- Vidareutdanning innan psykiatri
- Leiarutdanning i helse- og sosialtenesta
- KS-nettverk for pleie og omsorg. Ny kunnskap relatert til utfordringar i samhandlingsreforma.
- Logopedistudium
- Norsk 2, lese og skriveopplæring
- Innføring i spesialpedagogikk for assistentgruppa ved Gossen barne- og ungdomsskole og Julsundet skole.
- Helsesøsterutdanning
- Motiverende intervju (MI) og kognitiv terapi i atferdendring: 3 tilsette har fått innvilga stønad, (studiet er utsett).
- Bachelorstudie innan rekneskap og revisjon

Stipend:
- Stipend til sjukepleiarstudent. Gir bindingstid etter utdanning
- 5 lærlingar har fått innvilga søknadar om stipend

Det vart signert nye lærekontraktar med 2 på helsefag, 1 kokk og 1 barne- og ungdomsarbeidar. I tillegg har vi fleire tilsette som er i gang med å ta fagbrev og høgskoleutdanning og som ikkje står på lista over dei som er innvilga stønad i 2014.

Seniorar

Per 31.12.14 har 128 tilsette fylt 55 år. Dette er ei lita auke frå i fjor og utgjer 31 pst. av arbeidsstokken. 77 tilsette har fylt 60 år. Den seniorpolitiske planen er revidert og frå 01.01.2015 vert det ikkje lenger gjeve lønstillegg eller ekstra fridagar for å stå i arbeid etter fylte 62 år. Det er laga ei overgangsordning slik at dei som er i alderen 62 til 64 år beheld tillegget til dei fyller 65 år. Ved fylte 60 år skal alle ha tilbod om seniorsamtale og informasjon om våre seniorpolitiske retningsliner. I fjor var det 54 tilsette med rett til seniortiltak, 4 av desse valde å ta ut heil AFP, 1 delvis AFP og 1 tok ut alderspensjon.

Likestilling

Plan for likestilling og mangfald vart vedteken i KS-sak 66/14. Planen vart vedteken i september 2014 og det vil vere naturleg å rapportere på tiltaka i den frå 2015.

Aukra kommune som arbeidsgjevar

Aukra kommune har 16 fast tilsette og 2 med midlertidig tilsetting som kjem frå andre land. 14 av desse er europeiske, dei 2 andre frå andre verdsdelar. 2 av dei har høgskole/universitetsutdanning, medan 11 har fagbrev.

Kjønnsfordeling etter område

	2012		2013		2014	
	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner
Sentrale styringsorgan	5	15	6	14	5	15
Oppvekst og kultur	21	134	26	138	21	133
Helse, omsorg og velferd	21	125	24	129	23	137
Plan, utbygging og teknikk	20	3	22	3	20	4
Total	67	277	78	284	69	289
I prosent	20 %	80 %	22 %	78 %	19 %	81 %
Leiargruppa	8	10	5	10	6	12

Fordelinga mellom kjønn har ikkje endra seg særleg over tid. Ved tilsettingar vurderer vi alltid det underrepresenterte kjønn når kompetansen elles er lik. Det er vanskeleg å endre kjønnsfordelinga når også utdanningsvala er tradisjonsbundne i høve til kjønn.

Likestillingsindeksen 2013

	Aukra		Hele landet	
	2012	2013	2012	2013
Andel barn 1-5 år i barnehage	88,2	88,4	90,1	90,0
Kvinneandel blant kommunestyrerepresentanter	47,6	47,6	38,2	38,2
Andel menn med høyere utdanning	17,2	17,6	26,0	26,2
Andel kvinner med høyere utdanning	27,1	28,1	31,6	32,3
Andel menn (20-66 år) i arbeidsstyrken	85,9	85,9	82,9	82,7
Andel kvinner (20-66 år) i arbeidsstyrken	76,5	79,6	76,8	77,1
Gjennomsnittlig bruttoinntekt, menn	483 800	509 400	470 500	487 800
Gjennomsnittlig bruttoinntekt, kvinner	291 100	304 400	313 100	326 400
Andel sysselsatte menn (20-66 år) som jobber deltid	8,5	10,2	13,7	13,9
Andel sysselsatte kvinner (20-66 år) som jobber deltid	34,3	38,0	34,5	34,7
Andel fedre som tar hele fedrekvoten eller mer av foreldrepengeperioden	73,0	71,8	68,1	68,5
Grad av kjønnsbalansert næringsstuktur (skår)	0,5	0,5	0,6	0,6
Andel kvinner blant sysselsatte (20-66 år) i offenlig sektor	78,6	77,3	70,7	70,5
Andel kvinner blant sysselsatte (20-66 år) i privat sektor (prosent)	29,7	30,0	36,5	36,5
Kvinneandel blant ledere (20-66 år) (prosent)	31,9	34,5	35,2	35,7
Grad av kjønnsbalanse i utdanningsprogram på videregående skole (skår)	0,7	0,6	0,7	0,7

Tilsette i Aukra kommune fordelt på einingar, kjønn, heiltid/deltid

Eining	Tot. tal på tilsette	Tot. tal på tilsette		Full stilling		Deltid		Europeiske arbeidstakarar		Ikkje Europa
		Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Begge
Administrasjon totalt	20	5	15	5	10	-	5	-	-	-
Kultur	22	6	16	2	3	4	13	-	-	-
Gossen barne- og ungdomssk	64	11	53	9	28	2	25	-	2	1
Julsundet skole	44	10	34	10	21	-	13	-	-	-
Bergetippen barnehage	25	1	24	1	12	-	12	-	-	-
Barnebo barnehage	44	-	44	-	16	-	28	-	-	-
Pleie og omsorg	165	17	148	6	36	11	113	1	9	3
Teknikk, eigedom og brann	15	12	3	12	1	-	2	1	1	-
Plan og utvikling	6	5	1	5	-	-	1	-	-	-
Utbygging	5	3	2	3	2	-	-	-	-	-
NAV	3	-	3	-	2	-	-	-	-	-
Helse	23	8	15	4	6	4	4	-	-	-
Totalt	436	78	358	57	137	21	216	2	12	4

Prosentvis fordeling av tilsette i Aukra kommune

Gjennomsnittleg årsløn

	2012			2013			2014		
	Menn	Kvinner	Differanse i menns favør	Menn	Kvinner	Differanse i menns favør	Menn	Kvinner	Differanse i menns favør
Leiargruppa	713	636	10,8 %	732	653	10,8 %	744	705	5,50 %
Andre	410	393	4,2 %	418	378	9,6 %	438	398	9,0 %

Lønsforskjellen i leiargruppa er redusert frå i fjor, men framleis i favør menn. Forskjellen for andre tilsette er større og på 9,6 pst. i menn sin favør. For å få godt kvalifiserte i leiarstillingar og særskilt krevjande roller blir løn eit verkemiddel. Stillingar innan tekniske fag er mellom dei det er vanskeleg å rekruttere til og det er i fleirtal av menn som har desse kvalifikasjonane.

Utdanning

	Menn		Kvinner		Del av tilsette	
	2013	2014	2013	2014	2013	2014
Menn	33 %	25 %	13 %	26 %	54 %	49 %
Kvinner	32 %	25 %	24 %	33 %	44 %	42 %
Totalt	23 %	24 %	29 %	32 %	48 %	44 %

Rekna mellom alle som har eit tilsettingsforhold i kommunen

Aukra kommune har god nedgang i talet på ufaglærte. Noko av det skuldast at vi har sett tilsette i fagarbeidarkode etter mange års erfaring og som fyller stillingar med minimum fagarbeidarkrav. Det er og ein liten nedgang i talet på høgskoleutdanna. Kommunen må framleis arbeide systematisk med arbeidet med å få fleire med fagbrev og høgskole-/universitetsutdanning. Vi har stort fokus på å tilsette personar med rett fagkompetanse. Målet er at alle tilsette i Aukra minimum skal ha fagbrev.

Deltid

	Menn			Kvinner			Del av tilsette		
Stillingsbrøk	2012	2013	2014	2012	2013	2014	2012	2013	2014
100 %	79	72	47	44	38	128	50	45	50
80 - 99,9 %	2	5	1	25	26	75	21	21	22
60 - 79,9 %	0	4	1	16	14	37	13	11	11
50 - 59,9	28	5	4	6	5	15	6	6	5
25 - 49,9	5	6	4	5	8	21	5	8	7
<24 %	8	8	5	4	9	13	5	9	5

Rekna mellom alle som har eit tilsettingsforhold i kommunen

I Aukra kommune har 50 pst. av dei tilsette full stilling. 72 pst. har meir enn 80 pst. stilling. Dette har stige frå 66 pst. i 2013. 62 tilsette har 2 eller 3 stillingar på ein eller fleire einingar. Aukra kommune har gjennomført ei spørrerunde om kven som har ønske om høgare stillingsbrøk. Desse har fått informasjon om at dei må søke på stillingar som blir utlyst, både internt og eksternt. Kommunen vil arbeide aktivt med å få flest mogleg i høgast mogleg stillingsprosent. Kommunen har og mange som er nøgde med den stillingsstorleiken dei har. Ved ledige stillingar, vert det alltid vurdert om stillinga først skal lysast ut internt med tanke på dei som ønskjer ei auke. Ønska deltid gjev uønska deltid. Mange har deltid fordi dei ønskjer det og har krav på det etter arbeidsmiljøloven og hovudtariffavtalen. Nokon er delvis ufør eller har arbeid i tillegg til studiar.

Lønsoppgjeret

Det vart gjennomført lokale forhandlingar i oktober. Potten for medlemane i kap. 4 var på kr. 1.123.020,- og saman med dei sentrale forhandlingane fekk dei ca. 3,54 pst. For dei i kap. 3 og 5 er det ikkje eigen pott. I kap. 3 vart det gjeve i gjennomsnitt 5 pst. auke, i kap. 5 fekk dei i gjennomsnitt 3 pst.

Tillitsvalde

Det er 14 arbeidstakarorganisasjonar i Aukra kommune. Dei 5 største har hovudtillitsvalde og desse deltek i møta med leiargruppa. I tillegg vart det gjennomført 2 møter med dei hovudtillitsvalde i 2014. Tillitsvalde er fast med under tilsetjingsprosessane og deltek i møter der det elles er naturleg å ha med tillitsvalde.

Tildeling av heidersmerke

I 2014 fekk 9 tilsette KS sitt heidersmerke for lang og tru teneste. Heidersmerke og blomster vart tildelt ved juleavslutninga for kommunestyret den 11. desember. Like mange fekk klokker for 25 års teneste i Aukra kommune.

Aukra kommune 1814-2014

1852: Starta boksamling i kommunen.
1859: Opna postkontor på Hollingen med namnet Agerø.
1861: 7 personar døydde av meslingane.
1863: Solem skule bygd på «Ægarn»
1864: Kikhoste og skarlagensfeber herja og kravde mange menneskeliv.
1868: Breivik skule vart bygd
1875: Vedteke å byggje veg frå Riksfjord over Nerbø og Nerbøvik til Eikrem
1877: Andreas A. Horrem ilagt ei bot på 60 shilling for å ha forsømt kommunestyremøte utan lovleg forfall.
1878: Haldor Kolbeinsen Nerbø tilsett som belgtrøar i Aukra kyrkje

Foto: Tur til Sveige med Aukra Auto 1949

Politiske organ, rådmannsteamet og serviceavdelinga

Tenester og oppgåver

Serviceavdelinga dannar saman med rådmannsteamet og politisk organ, eitt samla rapporteringsområde. I tillegg kjem den økonomiske rapporteringa på områda næring, revisjon og kyrkje under dette kapittelet.

Politisk organ

Kommunestyret er det øvste organet i kommunen og består av folkevalde representantar. Kommunestyret treff vedtak i saker på vegne av kommunen så langt ikkje anna følgjer av lov.

Rådmannsteamet

Rådmannen er bindeleddet mellom administrasjonen og det politiske organet. Rådmannen har formelt ansvar og oppgåver etter kommunelova §§ 22 og 23. Rådmannsteamet består av rådmannen samt kommunalsjef for plan og utvikling og kommunalsjef for drift og forvalting. Dei utgjer kommunen sitt toppleiarteam. Kommunalsjefane har rådmannens mynde vis á vis einingane når det gjeld overordna oppsyn med fag og økonomi, men ikkje når det gjeld personalansvar. Det ansvaret ligg til rådmann. Kommunalsjefane sitt ansvar er tverrsektorielle, og dei har ansvar og oppgåver knytta til einingane. Kommunalsjefane har, saman med rådmannen, totalansvaret for dei overordna administrative tilhøve, internt i Aukra kommune og overfor eksterne styresmakter og øvrige samarbeidspartnerar.

Serviceavdelinga inkl. fellestenesta, administrasjonsbygg og politisk sekretariat

Serviceavdelinga er ein av stabs- og støttefunksjonane i kommunen. Serviceavdelinga yt tenester til rådmannen, kommunalsjefane og einingane, samt til politikarane og innbyggjarane i kommunen. Avdelinga har ansvar for mellom anna desse oppgåvene:

- publikumsmottak med sentralbord og ekspedisjon
- post- og arkivteneste
- turistinformasjon
- sals- og skjenkeløyve
- gjennomføring av kommune- og stortingsval
- reinhald av kommunehuset
- politisk sekretariat
- kommunen sitt internkontrollsystem; kvalitetslosen
- Informasjonsoppgåver: Heimeside, kommuneavis, årsmelding med meir
- drift av kommunehuset og fellestenesta
- ansvarleg for infomasjonstryggleiken i Aukra kommune

Delmål

Delmål frå budsjett 2014	Kommentar
Styrka bemanning på områda arkiv og politisk sekretær.	Avdelinga har fått styrka desse områda i form av ei 2-årig prosjektstilling, frå 1. november 2014 til 1. november 2016.
Rettleiing og opplæring fullelektronisk arkiv (ePhorte).	Det vart halde eit grunnleggjande kurs i ePhorte for alle sakshandsamarane i kommunen. Det vart leigd inn instruktør frå EVRY. Ca 80 pst. av sakshandsamarane deltok. I tillegg til dette har avdelinga kontinuerleg opplæring av tilsette.
Innføring av ny heimeside.	Ny heimeside vart lansert i juni 2014.
Grafisk profil.	Aukra kommune tok i bruk den nye grafiske profilen i januar 2014.

Dette er vi stolte av

Aukra kommune lanserte i juni ny heimeside og ei kommunal facebookside, samt ny grafisk profil. Desse tiltaka har løfta kommunen når det gjeld heilskapleg marknadsføring ved bruk av grafisk design (fargar, logo, symbol, bilete, malar for annonsering osb.), samt informasjon ut til einingar, politikarar og publikum.

Serviceavdelinga har gjennomført ein større opplæringsrunde for tilsette i Aukra kommune i bruk av sak- og arkivsystemet, samt interkontrollsystemet KvalitetsLosen. I 2014 vart dokumentmodulen og årshjulfunksjonen i kvalitetslosen tatt i bruk. Serviceavdelinga er og med på å gjennomføre ulike ROS-analysar i kommunen. Serviceavdelinga er medlem i ei arkivfagleg gruppe i regi av ROR IKT.

Rådet for likestilling av funksjonshemma, eldrerådet og ungdomsrådet har fått etablert faste møtedatoar i den politiske møtekalenderen. Råda har fått betre moglegheit til å komme med uttale på ulike planar og høyringar, som vert teke med vidare i den politiske handsaminga.

Serviceavdelinga var med på å gjennomføre aktivitetskonkurransen «Dytt» for kommunalt tilsette våren 2014.

Økonomi og avvik

Tal i heile 1.000 kr

	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Avvik i prosent
2014	16 479	16 970	-491	-2,9
2013	18 388	16 404	1 983	12,1
2012	16 536	14 713	1 823	12,0

Ramme 10.1 har eit samla mindreforbruk på kr. 490.623,-. Mindreforbruket skuldast i hovudsak vakanse i den tredje kommunalsjefstillinga, bruk av fond og refusjon sjukeløn. Ved økonomirapportering for andre kvartal 2014, blei det meldt om eit forventa meirforbruk på kr. 700.000,- for ramme 10.1. Meldt meirforbruk vart redusert ved av bruk av omstillingsfondet, samt at området har hatt høge refusjonar av sjukeløn.

Politiske organ

Området har eit meirforbruk på kr. 868.000,-. Meirforbruket skuldast i hovudsak julegåve til tilsette, tap på fordringar og møtegodtgjersle.

Rådmannsteamet

Området har eit mindreforbruk på kr. 1.265.848. Mindreforbruket skuldast mellom anna vakanse i den tredje kommunalsjefstillinga.

Serviceavdelinga inkl. fellestenesta, informasjon, administrasjonsbygg og politisk sekretariat

Området har eit mindreforbruk på kr. 105.814,-. Mindreforbruket skuldast i hovudsak lågt nærver.

Næring, revisjon og kyrkja

Tal i heile 1.000 kr

	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Avvik i prosent
2014	22 216	21 172	1 043	4,9
2013	22 236	19 506	-2 730	-14,0
2012	19 374	19 841	467	2,4

Ramme 10.9 hadde eit meirforbruk på kr. 1.043.402,-. Meirforbruket skuldast i hovudsak:

Ansvar 1090 vert nytta av fleire i sentraladministrasjonen. Det har vore ei auke i utgiftene til OU-midlar og til dekking av abonnement på Bedrekommune.no

Ansvar 1093: Overføring til Aukra Næringsforum er redusert med kr. 300.000,- i budsjett 2014. Budsjettreduksjonen har ikkje vorte vedteken av kommunestyret og næringsforumet får difor ei overføring frå AUkra kommune på kr. 500.000,- kvart budsjettår. Saka skal opp til politisk handsaming i 2015.

Ansvar 1094: Avvik her skuldast feilbudsjettering av refusjon frå andre og auka utgifter knytt til tilrettelegging og bistand for næringslivet.

Ansvar 1070-1072 hadde eit mindreforbruk grunna korrigering av for mykje utbetalt tilskot til Aukra Sokn i 2013.

Utfordringar i 2015

Ein del av papirarkivet skal flyttast frå kommunehuset til IKA Møre og Romsdal IKS.

Den delen av arkivet som forsatt skal oppbevarast på kommunehuset, må oppbevarast i tråd med brannvernlova og arkivlova.

Frå 1. mai skal det etablerast eit felles postmottak for alle eininane i kommunen. Tiltaket er overført frå 2014.

Avdelinga skal vere med på å gjennomføre ROS-analysar for kommunale bygg.

Overordna planverk, reglement og prosedyrar skal leggjast inn i Kvalitetslosen.

Talet på meldte avvik i kvalitetslosen bør aukast.

Heimesida skal til ein kvar tid innehalde oppdatert informasjon.

Avdelinga skal også utvikle nye og gode løysingar for informasjonsformidling til interne og eksterne brukarar av heimesida.

AASLAUG SØREIDE
SERVICESJEF

Økonomiavdelinga

Tenester og oppgåver

Avdelinga har ein samla økonomifunksjon med ansvar for løn, rekneskap, budsjett og finans. Innanfor desse områda skal avdelinga yte god fagleg bistand til einingane, og leggje til rette for effektiv og forsvarleg økonomistyring. Avdelinga er også kommunen sitt eigedomsskattekontor, med ansvar for å administrere utskrivinga av eigedomsskatt og leggje til rette for skattetakstnemnda og overskattetakstnemnda sitt arbeid.

Delmål

Delmål frå budsjett 2014	Kommentar
Rekneskap for 2013 blir lagt fram for kommunestyret innan utgangen av mai.	Målet vart ikkje nådd.
Betre rutinar kring økonomirapportering gjennom tettare oppfølging av einingane.	Grunna arbeidsmengde elles har avdelinga ikkje lykkast å nå dette målet, det blir difor arbeidd vidare med i 2015
Tettare oppfølging av økonomien i investeringsprosjekta.	Investeringsreglementet og standard rapporteringsskjema er teke i bruk. Dette bidreg til avklaringar og til betre informasjonsflyt mellom avdelingane.
Auke andelen e-faktura ut og inn av organisasjonen.	E-faktura ut har auka. E-faktura inn har kome på plass. Fokus på auke mengda av desse i 2015
Utarbeide rutinebeskriving for levering av lønsbilag (kvalitetskrav, skatteplikt m.m.).	Må jobbast vidare med i 2015.
Innarbeide gode rutinar for avstemming mellom rekneskap og løn.	Rutinane er på plass.
Ta i bruk modulane personalmelding og elektronisk reiserekning.	Innføring av elektronisk reiserekning er under arbeid. Personalmelding vil saman med fleire andre modular blir teke i bruk i 2015

Dette er vi stolte av

Investeringsreglement og revidert finansreglement vart ferdigstilt og vedteke.

Budsjettprosess med gode tilbakemeldingar ved evaluering.

Gjennomført opplæring innanfor bruken artar, mva-koder og KOSTRA, økonomirapportering og budsjettering ved bruk av e-budsjett.

Økonomi og avvik

Tal i heile 1.000 kr

	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Avvik i prosent
2014	3 633	3 878	-245	-6,3
2013	3 573	3 647	-74	-2,0
2012	3 560	3 449	-111	3,0

Mindreforbruk skuldast at lisensutgifter på fagsystema innanfor økonomi og løn ikkje lengre blir dekte av avdelinga sitt budsjett, men går over ramma som er gjeven til ROR-IKT.

Ein var ikkje merksam på denne endringa ved budsjetthandsamingane, og ramma har derfor ikkje blitt korrigert.

Utfordringar i 2015

Utviklingsarbeid

Driftseiningane melder at det blir brukt betydelege ressursar til å ivareta oppgåver knytt til løn og økonomi. Gjennom betre rutinar og innføring av nye elektroniske system kan avdelinga bidra til meir effektive løysingar av desse oppgåvene. Prosjekt med innføring av timeregistrering, personalmelding, elektronisk reiserekning, og eHandel er no starta opp, og er planlagt gjennomført i løpet av 2015.

Utgreiingar og analyser

Kommunane sin rapportering til KOSTRA gjev mykje og god informasjon om utvikling i eigen og andre kommunar. Gjennom utgreiingar og analyser kan nøkkeltala nyttast som viktig del av vedtaksgrunnlag til kommunestyret. Også utgreiingar og analyser av utviklingstrekk, økonomisk utvikling, statlege føringar, finansieringsordningar m.m. vil bli prioriterte i 2015.

Opplæringstiltak

For å sikre eit effektivt økonomiarbeid med god kvalitet, vil avdelinga ha fokus på god opplæring til leiarar og tilsette med merkantile oppgåver.

Samhandling/oppfølging

Tettare oppfølging av einingsleiarane sitt økonomiansvar gjennom jamleg tilbakemelding og støtte skal avdekke utfordringsområde og forbetringspunkt.

Innkjøpsområdet

Økonomiavdelinga har teke over ansvaret for innkjøpsområdet. Dette er eit nytt fagområde som krev oppbygging av kompetanse. Tilsett som skal arbeide med dette fagområder deltek no på KS sitt sertifiseringskurs for offentlege innkjøp.

Finans

Kommunen har no ei meir aktiv finansforvaltning i tråd med vedteke revidert finansreglement. Det er viktig å følgje opp og ha fokus på dette arbeidet.

Internt i avdelinga

Avdelinga vil utvikle eit godt innhald i Kvalitetslosen. Vidare er det behov for å etablere avstemmingsrutinar på lønsområdet, betre internkontroll innanfor mellom anna meirverdiavgift samt gjennomføre revidering av kommunen sitt økonomireglement som og er etterspurt frå kontrollutvalet.

ERNA L. VARHAUGVIK
ØKONOMISJEF

Organisasjonsavdelinga

Tenester og oppgåver

Avdelinga har 2 faste tilsette og har vedtak om oppretting av ei 50 pst. prosjektstilling for 2 år i budsjettet for 2015. Personalkontoret er rådgjevar for einingane og toppleiinga i aktuelt lov og avtaleverk, rekruttering, fråvær og oppretting/endring av stillingsheimlar. Einingane rapporterer på IA-arbeidet kvart kvartal og dei får tilbakemeldingar på resultatet. Andre oppgåver som ligg til kontoret er HMS, utarbeiding av lokale planer, retningsliner og avtaler, sakshandsaming til politiske og partssamansette utval og sekretæriat for overformynderiet.

Som medlem av KS er vi bunde av ei hovudtariffavtale og hovudavtale forhandla fram av partane i arbeidslivet. IKT er innlemma i eit samarbeid med Molde, Midsund, Vestnes og Rauma, ROR-IKT. Som ein del av samarbeidet er personalsjef medlem av eit bestillarutval. Bestillarutvalet skal ivareta koordinering mellom deltakarkommunane og vere bindeledd mellom deltakarkommunane og IKT-tenesta. Bestillarutvalet har ein rådgjevande funksjon overfor dagleg leiar.

Delmål

Delmål frå budsjett 2014	Kommentar
Vi skal sikre at vi har nok og kompetente ressursar til dei tenestene vi skal yte. Gjennom meir koordinert samarbeid skal vi i større grad planlegge framtidig behov og nytte kompetente ressursar på tvers av einingane.	Organisasjonsavdelinga arbeider målretta med utlysing av stillingar for å få dekt etterspurt kompetanse. Mange gjennomfører vidareutdanning i tråd med behovet på den enkelte arbeidsplass og med stønad frå fond for etter og vidareutdanning.
Organisasjonsavdelinga skal medverke til at alle einingane utarbeider kompetanseplaner.	Det er ingen som har sett i gang slike planer i løpet av 2014.
Når intranettet er på plass vil vi sikre god informasjonsflyt frå personalområdet.	Ventar på etablering av intranett.
Ein god bedriftskultur gjennom felles verdiar og haldningar må vi arbeide med kontinuerleg.	I møte med tillitsvalde, leiarar og medarbeidarar blir betydinga av dei felles verdiane omtala. Dei er og tatt inn i retningslinene for konflikthandtering.
I arbeidet med å ta i bruk kvalitetslosen for å melde avvik, skal vi gjennomføre ROS-analysar der dette er naudsynt.	Har ikkje gjennomført ROS-analyser enno, men er i gang med å legge aktuelle dokument inn i Kvalitetslosen.

Dette er vi stolte av

Medverker til at Aukra kommune nyttar nyttar elektronisk søknadsskjema ved stillingsutlysingar.

Likestillingsplan er vedteken.

Arbeidet med rekrutteringsplan er i gang og vil bli ferdigstilt våren 2015.

Økonomi og avvik

Tal i heile 1.000 kr

	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Avvik i prosent
2014	7 350	7 297	53	0,7
2013	6 717	7 155	-438	6,1
2012	5 772	6 467	-695	-11,0

Organisasjonsavdelinga har i 2014 eit mindreforbruk på kr 45 000.

Utfordringar i 2015

Arbeide med å auke nærværet og redusere talet på deltidstilsette. Vi må ha ressursar i ein periode for å kunne ha fokus på dette og følgje opp einingane sitt ansvar for å gjennomføre prosessar.

Organisasjonsavdelinga skal ha ein gjennomgang av oppgåvene som ligg til avdelinga for å vurdere kva avdelinga har ressursar til og eventuelt moglegheiter til å effektivisere/redusere på oppgåvene.

Frå 1. januar 2015 er Aukra kommune medlemmar av opplæringskontoret i Møre og Romsdal, og vil arbeide for at dette blir eit godt tiltak for å ta i vare og auke tilgangen på lærlingar.

IKT vart overført til ROR-IKT i 2014. Rolla som bestillar på vegne av kommunen må utviklast til beste for eigen kommune og slik at alle medlemskommunane utviklar gode elektroniske verkty for å møte framtida sine behov og gjennomføre i tråd med KS sin Digitaliseringsstrategi for kommunesektoren: «En samordnet kommunal sektor leverer digitale tjenester som gir innbyggere og næringsliv et reelt digitalt førstevalg.»

RANVEIG SPORSHEIM
ORG. OG PERSONALSJEF

Aukra kommune 1814-2014

1888: 14 personar frå Aukra sokn utflytta til USA.

1891: Bygd skolehus i Sporsheim krins

1899: Forslag frå fattigkommisjonen om faste lokalar for distriktslegen.

1900: Aukra kommune vedtok å overta kyrkja for kr. 8.000,-.

1905: Innført hundeskatt på Gossen og i Julsundet med 4 kr. per år.

1910: Kvinnene fekk allmenn kommunal stemmerett. I 1913 fekk dei stemmerett til Stortingsvalet.

1912: Soltun (gamle) sammfunnshus blei bygd

1917: Namnet Akerø blei ved lov forandra til Aukra

1917: Bygd ny skule i Breivik krins

1918: Bygd skule på Rindarøya

Foto: Aukra folkehøgskole 1920

Kultur

Tenester og oppgåver

Kulturavdelinga utfører tenester innafor arbeidsfelta ungdomsarbeid, folkehelse, idrett og friluftsliv, flyktningansvar, frivilligsentral, kulturskole og bibliotek, samt lokalhistorisk arbeid. Ein viktig og svært avgjerande samarbeidspart for alle tenestene er det frivillige kulturlivet i kommunen.

Delmål

Delmål frå budsjett 2014	Kommentar
Arbeide vidare med planlegging av kyststi i Aukra kommune.	Eininga har ikkje kunne arbeide vidare med kyststiprosjektet på grunn av manglande avtale med grunneigar. Investeringsmidlar vart difor teke ut av budsjettet.
Vidareføre lågterskeltilboda Aktiv på Dagtid og Aktiv Senior i samarbeid med aktuelle einingar og andre involverte.	Aktiv på dagtid og Aktiv senior tilboda i kommunen er vel etablerte. Det ikkje vore store endringar i 2014.
Vedlikehalde eksisterande turstiar og friluftsområde, med særleg satsing på skilting.	Dette er eit stort og krevjande arbeid. Velforeiningar og grendalag er viktige samarbeidspartar som gjer ein flott innsats. Skiltplan er utarbeidd og nye skilt sette opp. Dette er eit kontinuerlig arbeid.
Vere pådrivar for at idrettsanlegg i gjeldande handlingsprogram blir realiserte.	Det har vore dialog med lag og organisasjonar omkring planar for realisering. I tillegg er turstien frå Tahaugen til Riksfjordremma gjort ferdig.
Oppretthalde eit godt tilbod fram til nytt basseng står ferdig.	Kulturavdelinga har tatt over drifta av bassenget. Som åra før er det ulike grupper som nyttar seg av tilbodet. Nytt i 2014 er fast utleige til ei bedrift.
Vere pådrivar for eit sunt kosthald i skole og barnehage, gjennom kurs og opplæring.	Det vart arrangert Fiskesprell kurs for barnehage- og SFO tilsette. Det har vore bra fokus på fisk og sunn kost i både i barnehagar og skole.
Auke plankompetansen i høve til folkehelse med tettare samarbeid på tvers av sektorar.	Tilsette på plan- og kulturavdelinga var med på Plankonferansen til fylket som hadde folkehelse som tema. Det er enno ein veg å gå når det gjeld å sjå heilskapleg på dei ulike tenesteområda.
Forankre MOT-arbeidet i kommunen – Legge til rette for og vere pådrivar for haldningsskapande arbeid og bevisstgjering av ungdom.	På grunn av langtidssjukemelding på avdelinga har vi konsentrert MOT-arbeidet om skoleprogrammet. Ein ny informatør vart skolert i andre halvår for å styrke dette arbeidet. «Desember-undersøkinga» som elevar i 10. klasse svarer på kvart år om MOT-arbeidet, viste gode resultat for Aukra.
Utdanne 8 nye «Ungdom med MOT» (UMM).	7 nye «Ungdom med MOT» vart utdanna (tre på Julsundet og fire på Gossen). Desse har hatt tre skolebesøk i 7. klasse. I tillegg har dei vore med på Aukradagen og temamøte.
MOT skal vere meir synleg på fritidsarenaen til ungdom.	Eininga har ikkje prioritert "MOT i fritid" på grunn av kapasiteten på avdelinga, men i satsinga "Krafttak for venskap mot mobbing" vart tema "Positivt fokus med MOT" sett opp på eit av møta.
Gi ungdomsrådet systematisk opplæring og tettare oppfølging slik at dei opplever meistring i forhold til vervet dei har.	Gjennom eit tett samarbeid mellom ungdomsarbeidar og ungdomsråd har eininga nådd målsettinga om tett oppfølging. På grunn av stor utskifting av kontaktpersonar for ungdomsrådet gjennom året, er det framleis eit stykke fram til at rutinar som sikrar at ungdomsrådet får ei systematisk opplæring er på plass.

I tråd med kommuneplan skal vi ta ungdommen med på råd og investere i tiltak som dei meiner er viktige.	Ungdomsrådet har gjeve høyringssvar på Barnehageplan, Plan for kulturhus og basseng, Bustadsosial handlingsplan, samt Plan for likestilling og mangfald. Dei har i stor grad jobba sjølvstendig og uavhengig av politiske saker dette året. Etter eige ønskje har dei involvert seg i oppfølginga av Ungdata-undersøkinga med problemstillinga «Ungdom og psykisk helse».
Arbeide aktivt for å sikre god kvalitet og godt innhald i kulturskoletimen. - Nå målsetting om at tilbodet vert integrert som ein del av dei andre tilboda i kulturskolen slik at ein skaper heilskap og ein naturlig progresjon i opplæringa. - Vidareutvikle eit godt samarbeid med skole og SFO, som er nødvendig for å lykkast.	Kulturskoletimen vart vidareført for ein av skolene i Aukra, Gossen barne- og ungdomskole. Grunnskolen og kulturskolen har utvikla eit godt samarbeid gjennom tilboda SPÆLL for 3. trinn, Beat og kulturskoletimen for 5.-7. trinn og Kauk for 10. trinn. Julsundet skole har tilbod om Spæll!
Utvikle samarbeid med andre tenester om å ha eit fast tilbod om Musikkterapi i Aukra kommune. Målgrupper er pasientar på Aukraheimen, elevar i kulturskolen, dagsenter, elevar i skolen med spesielle behov m.fl.	Aukraheimen, dagsenteret og Aukra kulturskole samarbeider om musikkterapeutstilling gjennom prosjektet «Musikktertapi for eldre og personar med demens i Aukra kommune». Målet er å få på plass ei 30 pst. fast musikkterapeutstilling i kommunen i 2015.
Flyktningane skal oppleve å bli godt mottatt, og integrert og inkludert i lokalsamfunnet.	Avtale om kjøp av tenester frå Molde kommune vart inngått frå 2014. Dette for å sikre ei god og stabil teneste.
I samarbeid med næringsliv gi introduksjonsdeltakarane gode praksisplassar som seinare skal gje moglegheit for fast arbeid.	Kommunale einingar og bedrifter har bidratt med gode praksisplassar. Dette er heilt avgjerande for å kunne opparbeide nødvendig erfaring for seinare tilsetjingar.
Utvikle ein bustadsosial strategi, som omhandlar flyktningområdet.	I samarbeid mellom aktuelle tenesteområde vart Bustadsosial handlingsplan utarbeidd og sidan vedteken av kommunestyret i september (k-sak 53/14).
Vidareutvikle eit godt samarbeid med skolane i kommunen – med fokus på formidling av leseglede for elevane.	Mange klassar har vore på besøk i biblioteket, i tillegg til fleire klassebesøk på skolene. Biblioteket er og ein ressurs når det gjeld opplæring av skolebibliotekarar.
Vere aktiv i høve til formidling av leseglede både i biblioteket, og utanfor.	Biblioteket har hatt fokus på å finne gode leseopplevingar for både barn og vaksne gjennom å leite fram bøker som passar spesielt til kvar enkelt lesar. Dei tilsette må då vere godt informerte om bøkene, slik at dei kan hjelpe kvar enkelt best mogleg. Biblioteket har blitt invitert til fleire lag og foreiningar for å snakke om tilboda i biblioteket og gode bøker, då spesielt for eldre.
Etablere samarbeid og avtaler om utlån til andre tenesteområde som for eksempel pleie og omsorg og til bedrifter.	Biblioteket fekk innvilga eit tilskot frå "Den Kulturelle Nistepakka". Med den nye regjeringa vart desse midlane trekte tilbake og planane vart då skrinlagte.
Etablere samarbeid om tilbod for leseombod for pasientar på helseinstitusjonar i kommunen.	Målsettinga var å finne fram til frivillige ressurspersonar gjennom frivilligsentralen. Dette krev marknadsføring og å bli bygd opp over tid. Eininga kom ikkje i mål med dette arbeidet.

Frivilligsentralen skal vere eit lokalt forankra kraftsenter og ein naturleg møteplass, der menneske gjennom sitt engasjement medverkar til eigenutvikling og lokalmiljøet sin livskvalitet.	Det har vore eit år med stor aktivitet og mange brukarar. Frivilligsentralen samarbeider med frivillige lag og organisasjonar. Samarbeidet med Gossen Bygdekvinnelag om kantine på Gossen barne- og ungdomsskole er eit godt døme på dette. Stadig får fleire «auga opp» for sentralen og kva tilbod og aktivitetar som skjer på huset.
Styrke og utvikle tenesta besøksven, skaffe fleire besøksvenner og marknadsføre tenesta for aktuelle innbyggjarar i kommunen.	Tilbodet slit med å få rotfeste. Frivilligsentralen har no, som ved førre årsskifte, to aktive besøksvener. Det har kome fire førespurnader frå heimetenesta om personar som ønskjer besøksven, men det viser seg vanskeleg å rekruttere til ei slik oppgåve. Tilbodet krev ny presentasjon med tanke på å gjere opplegget litt meir «ufarleg».
Gjere Frivilligsentralen kjent for lag og organisasjonar og utvikle eit godt samarbeid.	Fleire lag og organisasjonar har lagt styremøta sine til frivilligsentralen og det er gledeleg.
Doble antal publikum som kjem på Songkafè frå om lag 12 til 24.	Songkafè har etablert seg godt med eit publikumsbesøk på kring 14 kvar gong. Eit songtreff i månaden var på Aukraheimen, med godt oppmøte frå bebuarar og eit besøk på kring 20 personar utanfor institusjonen.
Vidareutvikle tilbod som Trilletreff og "Ta mikrofonen".	Trilletreffet «Full rulle» gjekk godt fram til hausten. Då kom det færre, og til slutt var det ingen som kom. Informasjon om tilbodet i samarbeid med helsestasjonen vert sett i gang. I Julsundet starta tilbodet i april og der møtes ein liten gjeng anna kvar torsdag. Dei bruker lokala som Aukra kommune leiger i Hollingbygg.
Utarbeide planar og søkje om midlar til ein utstyrssentral.	Aukra kommune fekk kr 75.000,- av Møre og Romsdal fylkeskommune til utstyrssentralen i 2014. Det eksisterande utstyret vart supplert med 8 par slalåmski, 10 par langrennski, 10 par skøyter, 8 syklar til born/ungdom, hjelmar til skøyter, alpint og syklar, 4 liggeunderlag og 1 skipulk.
Auke talet sjåførar for matombringing med 3 personer.	Frivilligsentralen overtok organiseringa av matombringinga frå januar 2014. Det har vore to møter/arrangement med matombringarane. Ein flott stab på om lag 25 frivillige som køyrer mat laga på Aukraheimen ut til eldre i kommunen. I 2014 fekk vi 5 nye, samstundes som 4 avslutta innsatsen som matombringarar.

Nøkkeltal

Frivilligsentralen har hatt 43 utleige til ulike arrangement. Utanom vaksenopplæringa, har møterommet vore i bruk omlag 70 gonger i løpet av året.

Kulturskolen har 252 elevplassar fordelt på musikk, visuelle kunstfag, dans og teater; 169 av dei er i grunnskolealder og det var 24 elevar på venteliste per 7. oktober 2014.

Kulturskolen har 10 tilsette fordelt på 5,3 årsverk. Kulturskolen kjøper lærartenester frå andre kommunar og private.

98 pst. av ungdomsskoleelevane svarte på Ungdata undersøkinga.

1.187 personar, dvs. 1/3 del av Aukra sine innbyggjarar deltok på Stikk UT.

Det vart gjort 13.245 elektroniske registreringar på Stikk UT i kommunen. Dette er ei auke på 2.000 registreringar.

15.491 personar har skrive seg inn i turbøkene ved Hundetjønna.

Biblioteket har hatt ei auke på 20 pst. besøkande. Utlån til vaksne har hatt ei auke på 5 pst., medan utlån til barn har gått ned med 13 pst. Utlån av e-bøker som er registrert er 178 i andre halvår.

Dette er vi stolte av

Aukra kommune gjennomførte Ungdata undersøkinga i februar 2014. Det var svært høg svarprosent og resultata var gode.

I samband med fellessatsinga «Krafttak for venskap mot mobbing» var kulturavdelinga med på å arrangere møte både med elevar og foreldre der Helge Gudmundsen var foredragshaldar. Her var det stor oppslutnad.

Temamøta som vart haldne i første halvår vart godt mottekne av ungdom og foreldre: Tema var «Sosiale medium», «Rus», «Psykisk Helse», «Integrering og Inkludering» og «Positivt fokus med MOT».

I kommunen er det svært mange aktive turgåarar. Dei flotte turstiane vert mykje brukte og det er stor oppslutning om Stikk ut og turpostar elles. Eininga er stolt av å ha fleire turstiar som er tilrettelagte for barnevogn og rullestolar, og ei helseløype med kantstein for personar med synshemming.

Kommunen gjennomførte aktivitetskonkurransen «Dytt» for kommunalt tilsette våren 2014. Det var stor oppslutning og mange auka aktivitetsnivået sitt mykje i perioden.

At kommunen har fått ein kjempeflott utstyrssentral med mykje nytt utstyr som kan lånast ut gratis.

At Aukra kommune har eit godt fungerande og aktivt ungdomsråd. Besøkstalet på biblioteket har auka, og har blitt ein stad barn og unge kjem etter skolen for å gjere lekser eller spele spel.

At frivilligsentralen får gode tilbakemeldingar frå fleire brukargrupper på den gode funksjonaliteten til lokala og at huset er veldig mykje i bruk.

At kulturskolen er eit lokalt ressurssenter med eit godt og utviklande samarbeid med barnehage, grunnskole, helsesektor, flyktningteneste, eldreomsorg og det lokale kulturlivet.

Økonomi og avvik

Tal i heile 1.000 kr

	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Avvik i prosent
2014	9 573	9 902	-329	-3,3
2013	9 262	10 828	-1 566	-14,0
2012	8 483	8 680	-197	-2,3

Det er fleire årsaker til mindreforbruket for eininga:
På grunn vakanse i stillingar samt vikartilsetjingar gjennom året har eininga ikkje fått utnytta kapasiteten og gjennomført alle planlagde oppgåver. Dette gjer seg utslag i eit mindreforbruk for ansvara kulturskole, bibliotek, ungdomsarbeid og folkehelse.

Ved andre tertial vart det rapportert om eit mindreforbruk på om lag 1 mill. kroner. Dette er redusert. Forklaringa ligg i at kulturavdelinga har tatt over driftsansvar for bassenget utan at det er oppretta eit budsjett for ansvaret. I tillegg har Romsdalsmuseet fått utbetalt tilskot for både 2013 og 2014. Dvs. at det ikkje er budsjettert med meir enn havparten av utbetalinga på til saman kr. 1.005.011,-.

Frivilligsentralen har hatt sitt andre prøveår. Budsjettet er difor ikkje helt tilpassa drifta, i og med at sentralen enno arbeider med å finne eit optimalt aktivitetsnivå, samt kva type oppgåver som skal ligge til drifta. Ansvaret har eit mindreforbruk på kr. 101.445,-.

Flyktningansvaret har eit mindreforbruk på grunn av ikkje korrekt budsjettering av statlege overføringar. Her vert mindreforbruk i høve til budsjett overført til eit eige fond.

KOSTRA

Kultur - nivå 2 (SSB)	Aukra 2013	Aukra 2014	Møre og Romsdal 2013	Møre og Romsdal 2014	Landet utan Oslo 2013	Landet utan Oslo 2014
Prioritering						
Netto driftsutgifter kultursektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter	3,5	3,9	3,3	3,3	3,8	3,9
Fordeling/ prioritering kommunale idrettsbygg/ idrettsanlegg og kommunale kulturbygg						
Netto dr.utg. kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg i forhold til kommunens totale driftsutgifter i pst.	0,5	0,6	0,6	0,6	0,7	0,8
Netto driftsutgifter til kommunale idrettsbygg per innbygger	365	484	319	313	369	437
Netto driftsutgifter kommunale kulturbygg i forhold til kommunens totale driftsutgifter i pst.	0,3	0,4	0,4	0,4	0,4	0,4
Folkebibliotek						
Netto driftsutgifter til folkebibliotek i forhold til kommunens totale driftsutgifter i pst.	0,5	0,5	0,5	0,5	0,5	0,5
Netto driftsutgifter til folkebibliotek per innbygger	416	379	248	255	266	276
Kino						
Besøk per kinoforestilling	27,4	29,6	33,4	28,5	31,1	28,9
Ungdomstiltak, idrett, m.m.						
Netto driftsutgifter til idrett per innbygger	253	184	148	146	215	186
Netto driftsutgifter til aktivitetstilbud barn og unge per innbygger	290	205	86	76	164	166
Netto driftsutgifter til aktivitetstilbud barn og unge per innbygger 6-18 år	1603	1110	519	463	995	1018
Tilskudd til frivillige barne- og ungdomsforeninger per lag som mottar tilskudd	28 875	19 286	9 092	7 876	22 189	25 124
Driftstilskudd til frivillige organisasjoner						
Antall frivillige lag som mottar kommunale driftstilskudd	19	21	1 069	996	13 999	13 432
Kommunale driftstilskudd til lag og foreninger per lag som mottar tilskudd	55 105	61 952	15 080	17 265	33 380	36 444
Kommunale musikk- og kulturskoler						
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, i pst. av samlede netto driftsutgifter	1,1	0,9	0,7	0,7	0,6	0,6
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler per innbygger	870	722	374	382	286	299
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år	6 187	5 106	2 988	3 063	2 305	2 420
Andel elever i grunnskolealder i komm. musikk- og kulturskole, av antall barn i alderen 6-15 år	43,3	35,7	21,7	21,2	15,5	14,5
Andre kulturaktiviteter						
Netto driftsutgifter til andre kulturaktiviteter per innbygger	390	805	187	198	229	256
Antall fritidssenter	0	1	77	83	1148	1145
Rekreasjon og friluftsliv						
Samlet lengde av turveier, turstier og skiløyper (km)	43	43	104	-	192	-
Turstier og løyper tilrettelagt for sommerbruk per 10.000 innbygger	127	124	113	-	108	-
Andel av turstier og sommerløyper som er under kommunalt driftsansvar	100	100	23	-	44	-

Utfordringar i 2015

Å balansere økonomisk drift av nye lokale for kulturskolen på Riksfjord.

Tilsette kvalifisert personale til vakant stilling som teknikar i kulturskolen slik at eininga kan fortsette med fagtilbodet Lyd og produksjonsteknikk.

Finne eigna lokale for kulturskolen sine framføringar. Dansesalen vert brukt til små huskonsertar, men for å få gjennomført større arrangement med dans og elektrisk musikk må eininga leige andre lokale i kommunen. Fram til no har Soltun vore einaste alternativ.

Å følgje opp med gode tiltak etter Ungdata-undersøkinga. Som på lands- og fylkesnivå er det også i Aukra mange jenter som slit med kvardagen og scorar høgt på psykiske helseproblem.

Å drifte bassenget på ein god og forsvarleg måte, med dei vedlikehaldsbehov som vert avdekte.

Det er fleire nødvendige tiltak på biblioteket som har blitt utsett på grunn av at kulturhusplanlegginga var godt i gang. Dette handlar om tilkomst for rullestolbrukarar og barnefamiliar, luft/luktproblem, forstyrrande støy mellom etasjane, oppdatering av nettløysingar, og arbeidstilhøva for dei som arbeider på biblioteket.

Å følgje opp oppmodinga frå IMDI om å busette 15 flyktningar i 2015.

ANNE JORUNN SANDØY
KULTURSJEF

Skole og barnehage

Tenester og oppgåver

Skole- og barnehageområdet i Aukra kommune består av:

- Pedagogisk rådgjevar
- Gossen barne- og ungdomsskole (1 -10. trinn)
- Julsundet skole (1. – 10. trinn)
- SFO på begge skolane
- Bergetippen barnehage
- Barnebo barnehage

Pedagogisk rådgjevar

Ansvarsområdet for pedagogisk rådgjevar er rådgjeving knytt til grunnskolen inklusiv SFO og vaksenopplæring, samt kommunen sine interesser vedkomande kommunal barnehagedrift.

Grunnskole

Aukra kommune har to skolar med 1. - 10. årssteg. Det totale elevtalet per oktober 2014 er 533. Totalt sett er det 68 lærarar og 27 assistentar tilsett i Aukraskolen (Jf. GSI 2014-15).

Leksehjelp
Kommunen har plikt på seg til å tilby leksehjelp. Målsetjing for tilbodet er mellom anna at tiltaket skal bidra til sosial utjamning, betre rammer for læringsutbytte og auka trivsel. Per oktober 2014 deltek 85 elevar i ordninga (Jf. GSI 2014-15).

Skolefritidsordning
Skolefritidsordninga (SFO) skal gi elevar i grunnskolen høve for positive aktivitetar før og etter skoletid. Det skal leggjast til rette for varierte leike-, kultur og fritidsaktivitetar. Skolefritidsordninga er open for alle elevar frå 1. - 4. trinn. Hausten 2014 deltok 114 barn i ordninga.

Barnehage

Aukra kommune har to offentlege barnehagar. Til saman hadde 174 barn tilbod om plass i kommunale barnehagar hausten 2014. 10 barn hadde plass i ikkje-kommunal barnehage. Alle med rett til plass fekk plass.

Kommunen er lokal barnehagemynde, jf. barnehagelova § 8. Barnehagemynde skal gje rettleiing og sjå til at barnehagane vert drifta i samsvar med gjeldande lov. Kommunen har plikt til å tilby plass i barnehage til barn under opplæringspliktig alder som er busette i kommunen, jf. barnehagelova § 12a.

Barnehageeigar har sjølvstendig ansvar for å drive barnehagen i tråd med lov og regelverk. Kommunen som barnehagemynde skal sjå til at dette skjer.
Barnehagemynde har overordna ansvar for godkjenning, tilsyn, rettleiing, samordna opptak, kvalitetsutvikling, planlegging og vidareutvikling av barnehagetilbodet i tråd med lovverk og sentrale og lokale føringar.
Rådmannen fattar i tillegg vedtak om ressursar til spesialpedagogisk hjelp. Dette gjeld for barn både i kommunale og ikkje-kommunale barnehagar.

Samordna opptak av barn til barnehagane – rett til barnehageplass
Kommunen skal leggje til rette for samordna opptak jf. barnehageloven § 12.
Barn som fyller eitt år innan utgangen av august det året det vert søkt om barnehageplass, har rett til å få barnehageplass.

Finansiering
Både kommunale og ikkje-kommunale barnehagar vert finansierte gjennom rammeoverføring til kommunane. Ikkje-kommunale barnehagar mottek kommunalt tilskot rekna etter utgiftene i dei kommunale barnehagane. Frå 2015 er det fastsett at den kommunale satsen er ut frå rekneskapen, og ikkje etter budsjett i dei kommunale barnehagane.

Interkommunalt samarbeid

Arbeidet innafor skole og barnehage fordrar tett samarbeid med instansar også utanfor kommunen. Mellom anna er dette med pedagogisk psykologisk teneste i Molde, utdanningsavdelinga hos Fylkesmannen, samferdselsavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune, Molde vaksenopplæringssenter og Tøndergård skole. Alle skole- og barnehagefagleg ansvarlege i ROR-kommunane Aukra, Fræna, Eide, Gjemnes, Midsund, Molde, Rauma og Vestnes er med i Kunnskapsnett Romsdal. Kunnskapsnett Romsdal er ein sentral arena for samarbeid, dialog og aktivt utviklingsarbeid. Samarbeidsarenaen vart igjen politisk forankra i ROR-kommunane i 2013.

Nøkkeltall

Læringsresultat

	Aukra			Møre og Romsdal			Nasjonalt		
Grunnskolepoeng	43,5			40,4			40,3		
Eksamenskarakter matematikk	3,3			3,0			3,0		
Nasjonale prøver	Engelsk	Lesing	Rekning	Engelsk	Lesing	Rekning	Engelsk	Lesing	Rekning
5. trinn	46,0	47,0	46,0	49,0	49,0	49,0	50,0	50,0	50,0
8. trinn	50,0	49,0	50,0	50,0	49,0	50,0	50,0	50,0	50,0
9. trinn	-	54,0	54,0	-	53,0	54,0	-	54,0	53,0

Ressursbruk

2013	Aukra	M&R	Nasjonalt
Lærartettleik 1.-7. trinn	12,0	12,6	13,4
Lærartettleik 8.-10.trinn	12,9	14,3	14,3
Driftsutgifter per elev	122 954	103 687	101 938
Lønsutgifter per elev	102 106	83 547	80 660
Prosentandel lønnsutgifter av totale utgifter	89,1	82,1	80,3
Driftsutgifter til inventar og utstyr per elev	1 114	723	893
Driftsutgifter til undervisningsmateriell per elev	2 207	1 457	1 358

Dette er vi stolte av

Barnehage

Barnehageplan 2014-2017, vedteken i Aukra kommunestyre K-sak, 65/14.

Barnehageplanen vil legge grunnlaget for strategiar og mål for tiltak som skal styrke kvalitet og innhald i barnehagane i Aukra. OECD etterlyser standardar for kvalitet i barnehagane i Noreg. I 2017 vil Aukra kommune ha dette på plass.

Samarbeidsprosjekt med kommunane Vestnes og Nesset, PP-tenesta, og barnehagane i Aukra, der vi har utarbeidd ein plan for rettleiing av nyutdanna nytilsette barnehagelærarar. I prosjektet er det og utarbeidd prosedyre for å sikre rettleiing av assistentar som er på dispensasjon. Aukra kommune er vertskommune for prosjektet.

Skole

Overordna system for oppfylling av krava i opplæringslova kap. 9a, vedteken i Aukra kommunestyre, K-sak 35/14.

Dokumentet Overordna system for oppfylling av krava i opplæringslova kap. 9a er eit bidrag til å ta i vare elevane sitt arbeidsmiljø. Dokumentet er utarbeidd av 9 kommunar i Romsdal, i regi av Kunnskapsnett Romsdal , Romsdal regionråd (ROR) og alle kommunale grunnskolar i desse kommunane. Dokumentet er eit resultat av «best practice» frå skulane.

Deltaking i to nasjonale satsingar i regi av Utdanningsdirektoratet om elevane sitt læringsmiljø. Den eine satsinga er prosjektet Betre læringsmiljø som vart avslutta i 2014. Den andre satsinga er samarbeidet med Utdanningsdirektoratet sitt rettleiarkorps, der ein mellom anna ser på læringssløyfer i organisasjonen.

Økonomi og avvik

Tal i heile 1.000 kr

	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Avvik i prosent
2014	6 567	7 005	-437	-6,2
2013	6 971	5 635	-1 366	-23.7
2012	6 750	6 615	135	2,0

Mindreforbruk grunna lågare utgifter til gjestebarn enn budsjettert. Tilsvarande høgare inntekter frå andre kommunar for gjestebarn frå Aukra kommune.

Ungdata-undersøkinga

Den 1. januar 2012 kom det ei ny folkehelselov, som seier noko om at kommunen skal arbeide etter modellen i det systematiske folkehelsearbeidet. Helsedirektoratet tilrår Ungdata som ein reiskap for å få oversikt over helsetilstanden, jfr. §5 i folkehelselova.

Aukra kommune har delteke i denne undersøkinga. Undersøkinga vart gjennomført i vekene 6-9 og elevar frå 8. -10. klasse deltok. Av 189 elevar deltok 98 pst; 57 pst. gutar og 43 pst. jenter. Undersøkinga vart gjennomført av kulturavdelinga i samarbeid med skulane i kommunen. Nedanfor følgjer eit utdrag av resultata frå undersøkinga.

Foreldre og venner



Relasjon mellom foreldre og barn, familieøkonomi, vennenettverk og trivsel i nærmiljø

Skole og fritid



Skoletrivsel og lekser, skulking og syn på framtida

Helse og trivsel



Elevundersøkinga 2014-2015

Elevundersøkinga er ei spørjing frå Utdanningsdirektoratet, der elevane skal svare på ei rekke med spørsmål om trivsel og læringsmiljø i skolen. Resultata frå Elevundersøkinga viser elevanes subjektive oppfatning av eigen læringssituasjon.

Elevundersøkinga kartlegger dei mest sentrale forholda ved elevane sitt læringsmiljø slik dette er avklart i nyare forsking. Elevane svarer på spørsmål om korleis dei trivst på skolen, korleis forholdet er til lærarane og medelevar, korleis dei opplev vurdering for læring, krenkingar med meir.

7. trinn

Samanlikna med undersøkinga i 2013 kan ein sjå nokre utfordringar, men samtidig også nokre særs gledelege tal. På ein del av områda ligg Aukra kommune over landsgjennomsnittet, som på til dømes støtte frå lærarane og meistring. Det er særs god utvikling på punktet om talet på elevar som har opplevd mobbing 2-3 gonger i månaden eller oftare. Resultatet for 2013 – 2014 viser at 6,3 prosent høyrer til under denne kategorien, mens i undersøkinga for 2014 -2015 er nede på 2,9 prosent. Dette er ein nedgang på heile 3,4 prosent.

10. trinn

På 10. trinn kan ein sjå at Aukra kommune ligg likt eller over lands- og fylkesgjennomsnittet på dei fleste områdane. Når det gjeld talet på elevar som har opplevd mobbing 2- 3 gongar i månaden eller oftare, kan ein sjå ein auke frå 2013- 2014 (4,5 prosent), til i 5 prosent i 2014 -2015. Ein oppgang på 0,5 prosent.

Meir om denne undersøkinga kan ein lese på: www.skoleporten.udir.no

Resultat for 7. trinn



Resultat for 10. trinn



KOSTRA

Barnehage - nivå 2 (SSB)	Aukra 2013	Aukra 2014	Møre og Romsdal 2013	Møre og Romsdal 2014	Landet utan Oslo 2013	Landet utan Oslo 2014
Prioritering						
Netto driftsutgifter barnehagesektoren i pst. av kommunens totale netto driftsutgifter	11,4	11,9	13,5	14,2	14,3	14,9
Netto driftsutgifter til barnehager per innbygger	9 118	9 401	7 061	7 589	7 280	7 745
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	143 223	144 173	118 806	129 291	118 869	128 570
Dekningsgrader						
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	88,4	83,6	92,6	92,5	90,8	90,9
Andel barn 0-5 år med barnehageplass	74,8	72,1	79,1	79,0	77,4	77,5
Andel barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 3-5 år	94,2	93,2	98,0	98,2	97,1	97,1
Andel barn i barnehage med oppholdstid 33 timer eller mer per uke	93,2	95,8	94,3	95,6	95,4	96,2
Andel barn i barnehage med oppholdstid 32 timer eller mindre per uke	6,8	4,2	5,7	4,4	4,6	3,8
Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold til innvandrerbarn 0-5 år	52,8	50,0	60,3	64,0	60,5	62,2
Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold til innvandrerbarn 1-5 år	70,4	53,8	73,2	77,2	72,8	74,9
Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold til alle barn med barnehageplass	10,0	11,1	9,2	10,8	11,2	12,5
Produktivitet						
Korrigerte oppholdstimer per årsverk i kommunale barnehager	11 031	11 226	11 447	11 281	11 407	11 267
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage	183 246	193 089	158 757	177 521	162 259	173 905
Utdypende tjenesteindikatorer						
Andel ansatte med barnehagelærerutdanning	25,0	25,0	30,2	31,6	34,1	34,9
Andel ansatte med annen pedagogisk utdanning	4,4	1,4	2,8	2,8	3,4	4,3
Andel styrere og pedagogiske ledere med godkjent barnehagelærerutdanning	81,0	78,3	82,5	85,8	88,4	90,9

Grunnskoleopplæring - nivå 2 (SSB)	Aukra		Møre og Romsdal		Landet utan Oslo	
	2013	2014	2013	2014	2013	2014
Prioritering						
Netto driftsutgifter til grunnskole per innbygger 6-15 år	106 406	101 061	82 100	83 989	79 223	81 196
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud per innbygger 6-9 år	10 256	11 841	3 521	3 795	3 568	4 007
Netto driftsutgifter til skolelokaler per innbygger 6-15 år	16 114	28 555	15 173	15 422	16 324	16 392
Netto driftsutgifter til skoleskyss per innbygger 6-15 år	2 789	2 612	2 242	2 207	1 975	2 044
Netto driftsutgifter voksenopplæring						
Netto driftsutgifter til voksenopplæring per innbygger	154	173	233	265	166	208
Dekningsgrader						
Andel elever i kommunens grunnskoler, av kommunens innbyggere 6-15 år	109,4	108,3	97,9	97,3	96,9	96,4
Andel elever i grunnskolen som får særskilt norskopplæring	4,5	6,2	4,5	4,7	5,7	5,5
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	7,2	7,3	-	8,7	-	8,1
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, 1.-4. trinn	5,2	6,4	6,2	6,1	5,5	5,2
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, 5.-7. trinn	7,9	8,1	10,4	10,2	9,7	9,5
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, 8.-10. trinn	8,8	7,9	10,9	10,6	10,8	10,5
Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt	15,3	15,9	18,0	17,9	17,8	17,4
Andel elever i grunnskolen som får tilbud om skoleskyss	40,8	39,4	28,5	28,0	23,5	23,7
Skolefritidstilbud						
Andel innbyggere 6-9 år i kommunal SFO	52,7	51,8	57,4	58,3	60,3	59,3
Andel elever i kommunal og privat SFO med 100% plass	62,4	57,9	49,3	48,7	55,4	54,9
Andel elever i kommunal SFO med 100% plass	62,4	57,9	49,0	48,5	55,2	54,8
Andel av 6 åringer som fortsetter i SFO andre året	92,3	94,4	97,3	94,5	95,0	91,3
Produktivitet / enhetskostnader						
Driftsutgifter til undervisningsmateriell, per elev i grunnskolen	2 207	2 205	1 452	1 536	1 378	1 418
Driftsutgifter til inventar og utstyr, per elev i grunnskolen	1 114	1 174	718	776	840	887
Korrigerte brutto driftsutgifter til skolefritidstilbud, per komm. bruker	38 350	39 871	25 032	26 103	25 628	27 070
Korrigerte brutto driftsutgifter til skolelokaler, per elev	14 534	26 163	12 193	13 054	15 241	15 706
Leie av lokaler og grunn, per elev	4	-	264	209	605	547
Korrigerte brutto driftsutgifter til skoleskyss, per elev som får skoleskyss	6 269	6 110	7 873	7 964	8 522	8 801
Utdypende tjenesteindikatorer						
Elever per kommunal skole	264,0	266,0	170,0	171,0	210,0	213,0
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10. årstrinn	11,1	12,3	13,2	13,2	13,5	13,6
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-4. årstrinn	11,1	12,2	13,0	12,7	13,3	13,3
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 5.-7. årstrinn	10,7	11,8	12,3	12,5	12,9	13,0
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8.-10. årstrinn	11,5	12,9	14,2	14,3	14,3	14,3
Andel elever med direkte overgang fra grunnskole til videregående opplæring	100,0	98,0	98,3	99,1	98,0	98,1
Gjennomsnittlige grunnskolepoeng	42,6	43,5	40,1	40,4	40,0	40,3

Utfordringar i 2015

Skole

Implementere Overordna system for oppfylling av krava i opplæringslova kap. 9a . Arbeidet med elevane sitt arbeidsmiljø vil alltid vere ein kontinuerleg prosess. Systemet sikrar god kvalitet på prosessen. Det må vere kjent i heile Aukraskolen. Føresette og elevar skal òg vere kjende med rettane sine gjennom dette dokumentet.

Utarbeide plan for tilpassa (ordinær og særskilt) opplæring

Barnehage

Sette i verk tiltak i Barnehageplan 2014-2017

Ha nok utdanna barnehagelærarar.

Gossen barne- og ungdomsskole

Tenester og oppgåver

Gossen barne- og ungdomsskole er ein 1-10 skole med 349 elevar. Det er 10 elevar meir enn i 2013. Hausten 2013 flytta vi inn i ny skole i sentrum på Falkhytten. Alt i alt er det 62 tilsette i eininga. Skolen har 61 born i SFO-ordninga for 1. – 4. årssteg. Skolen har i tillegg hatt ansvaret for den delen av vaksenopplæringa i kommunen som ikkje er innleigde tenester frå Molde voksenopplæringssenter. Gossen barne- og ungdomsskole har 24 elevar med særskilt norskopplæring og 24 elevar har spesialundervisning etter opplæringslova.

Delmål

Delmål frå budsjett 2014	Kommentar
Eit godt læringsmiljø med tydeleg klasseleiing. Dette skal gje seg utslag i ei positiv utvikling i resultata på elevundersøkinga. Målet er frå prosjektet Betre læringsmiljø.	
Elevane ved Gossen barne- og ungdomsskole skal både bruke nettressursar aktivt, og utnytte IKT-verkty i eigen produksjon. For å få dette til må vi auke både kvaliteten og kvantiteten på PC-parken.	Skolen har kjøpt inn fleire PC'ar til barnesteget og teke i bruk ipadar, både til vanleg opplæring og til spesialundervisning
Digital læringsplattform/LMS(Fronter) skal bli eit godt verkty i kommunikasjonen mellom skole-elev og heim-skole. Dette er eit arbeid som er godt i gang.	Fronter brukast jamleg både av lærarar og elevar, men vi er ikkje i gang med foreldrebrukarar.
God kvalitet i opplæringa for framandspråklege elevar skal sikre at dei så raskt som mogleg blir integrerte i ordinær undervisning.	Skolen har fått kompetanse blant dei tilsette på dette området, og det blir drive ei systematisk opplæring og nivåkartlegging av dei framandspråklege elevane våre.
Gossen barne- og ungdomsskole skal styrke kvaliteten i undervisninga på alle trinn gjennom systematisk arbeid med dei ulike fagplanane og læreplanen sin generelle del, slik at elevane sine grunnskolepoeng(gjennomsnittlege avgangskarakterar inkl. eksamen) over ein periode på 5 år ligg over nasjonalt nivå.	Sjå fellesside om skoleområdet i Aukra.
Gossen barne- og ungdomsskole skal styrke kvaliteten i undervisninga slik at elevane sine resultat på nasjonale prøver i lesing og rekning på 5., 8., og 9. trinn over ei periode på 5 år ligg over nasjonalt snitt.	Sjå fellesside om skoleområdet i Aukra.
Eit styrka samarbeid mellom heim og skole	Foreldra er ein viktig ressurs og vi har etablert faste strukturar på møte med dei, både temamøte, klasseforeldremøte, foreldrekontaktmøte og FAU. Mange klassar har og tilstellingar for foreldre/føresette.

Nøkkeltal

Sjukefråværet ved eininga var totalt på 5,4 pst. i 2014. Samanlikna med 2013 har det gått opp. Det var då på 4,6 pst. Ein stor del av dette er langtidssjukemeldingar, så skolen kan trygt seie at det generelle sjukefråværet er særs lågt.

Dette er vi stolte av

Aukra kommune har eit fantastisk skolebygg og uteområde. Det er flott både for elevane, dei tilsette og bygda. Skolen har mykje besøk frå både skolefolk og andre som vil sjå bygget vårt, og både tilsette og elevar viser det stolt fram. Interiørarkitekten var nettopp innom, og ho synest at elevar og tilsette har teke godt vare på bygg og interiør etter 1 1/2 års drift.

Skolen har jobba systematisk i fleire år i prosjektet Betre læringsmiljø, å har fått innarbeidd gode rutiner for å avdekke mobbing.

Skolen har entusiastiske og positive tilsette som står på kvar dag til det beste for elevane.

Økonomi og avvik

Tal i heile 1.000 kr

	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Avvik i prosent
2014	35 475	35 675	-200	-0,6
2013	36 249	35 950	298	0,8
2012	35 898	35 945	-47	-0,1

Gossen barne- og ungdomsskole har vore gjennom ein krevjande innsparingsperiode. Det vart lagt inn eit trekk i ramma på 1.675.000,- i 2014. Personalet som har gått av med pensjon eller på annan måte har slutta , har ikkje blitt erstatta med mindre dei er på eit heilt spesielt fagområde. Skolen greidde å halde ramma for 2014.

Utfordringar i 2015

Ramma vår for 2015 vart styrka med ei stilling for å oppfylle krava i opplæringslova § 2-8, særskilt norskopplæring. Det blir viktig å få organisert denne undervisninga på ein god måte.

Fleire av personalet vil gå av med pensjon dei næraste åra. Det blir ei utfordring å få inn kvalifisert undervisningspersonale på alle trinn.

Å få ei best mogleg drifts- og ressursutnytting av den ramma skolen har fått tildelt.

Få bygd dei planlagte lagerromma i dei tekniske romma.

Få komplementert det som er av manglar på nyskolen og få opplæring i bruken av alle systema på huset (lås- og nøkkelsystem, brann, teknisk utstyr, særleg i auditoriet).

Å stå som utleigar av eit så attraktivt bygg er krevjande. Det tek mykje tid å følgje det opp på ein god måte.

HEIDI FALKHYTTEN
KONST. REKTOR

Julsundet skole

Tenester og oppgåver

Julsundet skole er ein grunnskole med 1. – 10. årssteg. Skolen gjev òg opplæringstilbod for ungdomsskoleelevar frå Søre Fræna, heimehøyrande i skolekrinsen Aureosen. I dag utgjer desse elevane 25 pst. av den totale elevmassen, og 55 pst. av ungdomssteget. Det er i alt 187 elevar ved skolen.

Hovudfokus for skolen er å skape eit godt læringsmiljø for elevane våre slik at dei trivst og opplever meistring og framgang ut frå evner og føresetnader. Difor ligg den største innsatsen i arbeidet med å lage til eit opplæringstilbod som er mest mogleg tilpassa den einskilde. Gode læringsresultat er òg avhengig av god klasseleiing og eit mobbefritt skolemiljø. I tillegg har skolen òg som oppgåve å formidle sentrale verdiar i samfunnet, slik at elevane er best mogleg rusta til å fungere som gode samfunnsborgarar i framtida.

Delmål

Delmål frå budsjett 2014	Kommentar
Elevane skal kjenne seg inkluderte og trivast i skolemiljøet	Det vert arbeidd med rettleiarar frå Utdanningsdirektoratet for å implementere gode rutiner kring §9.a. Resultata på elevundersøkinga viser at elevane våre trivst likt eller betre enn landet.
Eit godt læringsmiljø med tydeleg klasseleiing. Dette skal gje seg utslag i ei positiv utvikling av resultata på elevundersøkingane.	I desse dagar har vi ein brei gjennomgang av korleis vi kan tenkje felles kring det å leie ei klasse. Handbok i klasseliing
Elevane ved Julsundet skole skal både bruke nettressursar aktivt, og utnytte IKT-verkty i eigen produksjon.	Elevane har god tilgang til oppdatert datautstyr. Ein brukar IKT til lese og skriveopplæring («Skrive seg til lesing»). Skolen disponerer nettbrett til spesialundervisning. Dette er eit godt hjelpemiddel i den tilpassa opplæringa. Målet er nådd
Digital læringsplattform/LMS (for tida Fronter) skal bli eit godt verkty i kommunikasjonen mellom skole-elev og skole-heim.	Skolen kommuniserer i liten grad med heimane gjennom læringsplattform. Den vert brukt til intern kommunikasjon, arbeidsplaner for elevane og innlevering av elevarbeid Målet er ikkje nådd
God kvalitet i opplæringa for framandspråklege elevar skal sikre at dei raskt blir integrerte i ordinær undervisning.	Vi får ekstra ressursar for 2015. Dette vil gje betre måloppnåing. Målet er ikkje nådd i 2014.
Julsundet skole skal styrke kvaliteten i undervisninga slik at elevane sine resultat på nasjonale prøver i lesing og rekning på 5., 8. og 9. steg over ein periode på 5 år ligg over nasjonalt snitt	Snittet på nasjonale prøver ligg likt eller over landsgjennomsnittet på alle trinn utanom norsk på 5. årstrinn. Her er det sett inn ekstra tiltak for å styrke opplæringa. I nasjonal målestokk ligg ungdomstrinnet på 126. plass i landet av 1.156 skolar, og i Møre og Romsdal er Julsundet skole på 6. plass av 76 skolar i 2014.

Nøkkeltal

Sjukefråver

Sjukefråveret er på 11.3 pst. Det er først og fremst fleire langtidssjukmelde.

Dette er vi stolte av

Skolen er stolte av at vi klarer å nyttiggjere oss tipsa frå Rettleiarkorpset. Lærarane følgjer opp på ein konstruktiv og engasjert måte.

Resultata på nasjonale prøver.

Resultata på elevundersøkinga.

Gode relasjonar mellom tilsette og elevar.

Økonomi og avvik

Tal i heile 1.000 kr

	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Avvik i prosent
2014	16 028	14 989	1 039	6,9
2013	17 573	16 070	1 502	9,4
2012	16 894	16 307	587	4,0

Julsundet skole fekk nedtrekk i ramma i 2014 på kr. 915.000,-. Ein har prøvd å analysere kvifor skolen ikkje lukkast med innsparinga.
I ungdomsskolen må ein dele mange fag i mindre grupper på grunn av store klasser og små rom. Dette gjeld kroppsøving, naturfag og kunst og handverk (handarbeid og sløyd). Noko av årsaka kan skrive seg frå dette. Småskolen måtte kjøpe inn nye lærebøker då dei gamle bøkene ikkje lenger fungerte fagleg.

Vikarløn for foreldrepermisjonar og langtidsfråver er delvis plassert under art 10101, men skulle vore ført på vikarutgifter. Viser her til stort sjukefråver.

Utfordringar i 2015

Reduksjon av sjukefråveret.

Sparing frå eininga har ikkje komme i mål. Klarte ikkje reduksjonen som var planlagt.

Utbyggingsprosessen for Julsundet skole og samfunnshus.

HANNA VALVED KORSVIK
REKTOR

Barnebo barnehage

Tenester og oppgåver

Barnebo barnehage har 8 avdelingar på tre hus frå 15.08.14:
- Furutun: 4 avdelingar à 18 plassar (9 barn), eitt-, to- og treåringar.
- Aukratun: 2 avdelingar à 18 og 24 plassar, tre- fire- og femåringar.
- Riksfjord: 2 avdelingar à 18 plassar, tre-, fire- og femåringar.

Barnehagen er ei pedagogisk verksemd med samfunnsmandat gitt i Lov om barnehagar og Rammeplan for innhaldet og oppgåvene til barnehagen.

Barnebo barnehage – glad i naturen!

Barnebo har eit overordna, felles, tverrfagleg tema som er prega av kreative, skapande læreprosessar, med utgangspunkt i overordna målsettingar i rammeplan og årsplan.

Barnehagen ser at å vere ute i leik og aktivitet gjev barn god plass som fører til mindre konfliktar. Felles opplevingar i nærmiljø og turmål gjev næring til fantasi og leik og god sosial kompetanse med støtte frå personale som er nære og medforskande.

Barn lærer gjennom leik og aktivitet og barnehagen lever etter mottoet «det vi kan gjere inne kan vi òg gjere ute».
Satsingsområdet er helsefremjande og forebyggjande i eit folkehelseperspektiv.

Hovudmål frå budsjett 2014:
1. Barnebo skal vektlegge kvalitet og gje eit systematisk pedagogisk tilbod
2. Meir effektiv drift og samla fagmiljø
3. Foreldresamarbeid
4. Kompetanseutvikling

Delmål

Delmål frå budsjett 2014	Kommentar
Reggio Emilia filosofien sitt syn på barn og læring er grunnlag for dei pedagogiske prosessane i Barnebo. Fokusområde vert brukt som metode for fagleg utvikling. Barnehagen har fokus på tidleg innsats gjennom målretta tiltak for enkeltbarn og barnegruppa.	Barnebo har vidareutvikla metoden for Fokusområde og utarbeidd «plakat» for Systematisk arbeid med kvalitet på fagleg innhald. «Plakaten» viser korleis det vert arbeidd med ulike verkty for å nå måla som er sett i samfunnsmandatet i lov og rammeplan og i barnehagen sin årsplan. Plakaten er eit styringsverkty for styrar og pedagogiske leiarar.
Utarbeide samla plan for samlokalisering av avdelingane ved Barnebo i tråd med vedtak i K-sak 66/11.	Barnebo er fleire steg nærare målet om samlokalisering. I januar 2014 sto 4. avdelinga ved Furutun ferdig. Til oppstart nytt barnehageår vart alle småbarn samla på fire avdelingar på Furutun. Avdelingane på Falkhytten vart lagt ned. Til nyttår vart avdelingane i Aukrahallen flytta til «nyfløya» på Riksfjord og i august starta renovering av «SFO/småskolefløya» for å oppfylle tekniske krav. Her skal det vere mellombels drift av barnehagen sine avdelingar for store barn i åra framover. I budsjettmøte i november vart det sett av 47 mill. kroner i økonomiplanperioden 2015-2018 til nye Aukratun.
I møte med foreldra skal vi vise dei respekt og interesse og gje dei nok og god informasjon.	Det vert kontinuerleg arbeidd med å auke kvaliteten på samarbeidet med foreldra, både med tanke på å vise dei respekt og interesse og å gje dei god og nok informasjon. Personalet opplever at dei vert mykje brukt av foreldre som søkjer rettleiing i utøving av foreldrerolla. Foreldra er aktiv medverkande i spørsmål som er viktige for samarbeidet gjennom foreldreråd og foreldra sitt samarbeidsutval. Foreldresamarbeid er utfordrande for både foreldre og tilsette der ein ikkje har felles språk.

Auke kompetansen til personalet gjennom bruk og vidareutvikling av internopplæringa, ved å gi alle tilsette barnehagefagleg grunnkompetanse og tilby barnehagebaserte kompetanseutviklingstiltak.	Planleggingsdagane og utviklingsmøta er dei arenaene styrar har til felles kompetanseutvikling for personalet. Dei vert brukt til å auke personalet sin barnehagefaglege grunnkompetanse og å utvikle lokale mål og god pedagogisk praksis ut frå nasjonale satsningsområde. I 2014 har dei òg vore brukt til innføring av Kvalitetslosen og ulike HMS tiltak.
Auke kompetansen til personalet ved å stimulere assistentar, fagarbeidarar og førskolelærarar til å ta etter- og vidareutdanning.	Styrar har fullført styrarutdanning i regi av Utdanningsdirektoratet. Barnehagen treng fleire barne- og ungdomsarbeidarar, men det har ikkje lukkast å stimulere assistentar til å starte på fagbrev til barne- og ungdomsarbeidarfaget.
Utdanne tilsette til barnehagelærarar gjennom arbeidsplassbasert barnehagelærarutdanning.	Barnehagen har ein tilsett som har starta utdanning til barnehagelærar.
Auke IKT kompetansen til personalet gjennom grunnleggjande dataopplæring.	Det er fortsatt behov for kompetanseutvikling innan IKT og pedagogisk bruk av digitale verkty for delar av personalet. Det har ikkje vore datakurs i regi arbeidsgjevar dette året. Pedagogiske leiarar har lagt til rette for utprøving av digitale verkty på avdelingane.

Nøkkeltal

Ein tilsett tek barnehagelærarutdanning.

Det legemeldte fråveret har gått ned frå 11,2 pst. i 2013 til 10,7 pst. i 2014.

13 meldte avvik i Kvalitetslosen, fordelt på alvorsgrad; låg: 4 stk., middels: 7 stk., høg: 2 stk.

Dette er vi stolte av

Dei tilsette har arbeidd godt med tiltak for å auke service og å minske responstid i nytt administrativt delegeringsreglement: mobiltelefonar på kvar avdeling gjer kommunikasjon med foreldre enklare og rutinar for responstid på e-post og å ringe tilbake vert fulgte. Sentralbordfunksjonen er flytta til serviceavdelinga på kommunehuset og barnehagen opplever eit godt samarbeid om dette.

Det er utarbeidd skriftleg plan for møtearena og informasjonsflyt for Barnebo.

Kvalitetslosen; dei tilsette melder avvik og avvika vert fulgte opp. Det vert arbeidd med å legge inn rutinar og dokument i dokumentmodulen i Kvalitetslosen.

Økonomi og avvik

Tal i heile 1.000 kr

	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Avvik i prosent
2014	16 208	17 410	-1 202	-6,9
2013	17 541	17 662	-121	0,7
2012	18 179	17 751	428	2,0

Lågt nærvær gjev høge refusjonar på sjukeløn. Effektivitets-/kvalitetstap vanskeleg å berekne i kroner opp mot dette.
Midlar som ligg til funksjon 211 i ramma er ikkje tekne ut.
Overforbruk på investeringsprosjekt 220017/220018 er dekt inn over drift.

Utfordringar i 2015

Satsingsområdet Barnebo barnehage - glad i naturen! skal visast i Friluftslivets år.

Prosessen med å samle avdelingane ved Barnebo krev at avdelingane på Riksfjord driv avdelingane på byggeplass delar av året og krev god rigging av flytteprosess frå Aukratun til Riksfjord. Å gjennomføre dette slik at det har minst mogleg konsekvensar for arbeidsmiljø er krevjande.

Organisasjonsutvikling og å «bu seg saman» held fram på Furutun og startar på Riksfjord.

SISSEL OLIV GARSETH
STYRAR

Bergetippen barnehage

Tenester og oppgåver

Bergetippen barnehage driv etter Lov om barnehagar, med fem avdelingar i nybygg frå august 2014.

Det er tre småbarnsavdelingar og to storbarnsavdelingar med opningstid 7.00 – 16.30.

Visjonen vår: Trivsel for alle ! Satsingsområde: Friluftsliv, kultur og språk.

Delmål

Delmål frå budsjett 2014	Kommentar
Etablere drift av nybygg for eit godt leike- og læringsmiljø.	I juni flytta avdelingane på Hollingbygg tilbake til nybygg i Bergetippen. Eldste avdelinga vart renovert, mellom anna med varme i golvet. Det nye bygget er funksjonelt og fint, og gjennom hausten har nybygget blitt tilrettelagt for dei fem avdelingane vi har. Det er eit bygg som alle trivast i, og det er ein stor milepæl for Bergetippen å ha nybygg og uteområde ferdig.
Få gode og tilpassa arbeidsplassar for dei pedagogiske leiarane.	I nybygget har kvar pedagogisk leiar fått sin arbeidsplass i personalavdelinga. Det er også eit eige møterom som kan nyttast, og det er eit eige kontor som kan nyttast om ein vil arbeide skjerma. Dette kan også brukast som møterom. Arbeidstilhøva i den nye personalavdelinga har blitt svært gode.
Rekruttere nye arbeidstakarar med riktig kompetanse til ny avdeling.	Barnehagen har ikkje fått nye pedagogar til barnehagen, men har to fagarbeiderar på barnehagelærarutdanning. Desse er på dispensasjon som pedagogiske leiarar. Målet er færrast mogleg på dispensasjon, og her må vi arbeide med langsiktige mål for å rekruttere nok pedagogar.
Tilrettelegge for tid til rettleiing og oppfølging av lærling.	Bergetippen har prioritert å ha lærling, då barnehagen ser at det er eit godt tiltak for å sikre fagarbeiderar. Barnehagen har òg erfaring med at personale som har starta som lærling, blir fagarbeidar og har vidareutdanna seg til barnehagelærar. Lærlingen har fast rettleiar som er fagarbeidar, og det er sett av faste tider gjennom heile året til rettleiing. I dei nye lokala har lærlingen fått arbeidsplass på arbeidsrommet til pedagogiske leiarar, og barnehagen har fått til ei god tilrettelegging for rettleiing og oppfølging av lærlingen.
Implementere handlingsplan for meir bruk av IKT i barnehagen, der målet er auka kompetanse blant barn og personale.	IKT blir brukt aktivt, mellom anna gjennom fotobehandling og produksjon av animasjonsfilmar. Barnehagen har kjøpt nettbrett og vil etter kvart investere i fleire av desse. I slutten av 2014 fekk barnehagen på plass smartboard i nybygget, og nokre i personalet skal på kurs for å lære å bruke dette nye verktyet. Det gir mange nye moglegheiter i vidare satsing på IKT.

God folkehelse

Kosthald

Aukra kommune har god folkehelse som eit gjennomgåande perspektiv i alt planarbeid, der ein mellom anna skal tenke helse i alt ein gjer. Barnehagen har òg eit helseperspektiv i sitt arbeid. Ein legg vekt på sunt kosthald med mykje frukt og grønsaker. Bergetippen er med i konseptet til Opplysningskontoret for frukt og grønt, kalla 5 om dagen. Her får barnehagen hjelp og inspirasjon til sunnare kosthald. Det skal serverast frukt/grønt til alle måltid og brukast frukt til bursdagar og anna feiring.

Barnehagen er òg aktiv brukar av Fiskesprell, som er eit nasjonalt kosthaldsprogram som ledd i det førebyggande folkehelsearbeidet i fylkeskommunane. Her legg ein vekt på meir bruk av fisk og sjømat. Mange i personalet har vore på kurs, og målet er at alle skal kursast og aktivt bruke kunnskap frå kursa i måltida i barnehagen.

Friluftsliv

Friluftsliv er ein viktig del av god folkehelse. Barnehagen har friluftsliv som eit av sine satsingsområde. Det inneber at ein er mykje ute, lagar mat ute og brukar nærområdet til kortare og lengre turar. Eit viktig mål er at barna skal lære å trivast ute og ta med seg gode friluftsvanar vidare.

Førebygging av mobbing

Aukrabarnehagen sine vedtekter slår fast at barn har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø. I tråd med Rammeplanen for barnehagar, uttrykker det mellom anna barnehagen si samfunnsoppgåve i tidleg førebygging av diskriminering og mobbing. Det skal gjerast eit systematisk og langsiktig arbeid gjennom ulike aktivitetar. Her arbeider ein med haldningar og

venskap, der alle skal oppleve å vere ein del av eit fellesskap.

Språk
Ein del av barnehagen sitt systematiske arbeidet med førebygging av diskriminering og mobbing er arbeid med kommunikasjon og språk. For å hevde seg positivt i eit fellesskap er det viktig å meistre språk. Bergetippen barnehage arbeider systematisk med språk og auka ordforråd gjennom metodikken i prosjektet Troll med ord. I eit vidare perspektiv ser vi dette arbeidet som ein del av godt folkehelsearbeid.

Bygdeutvikling

Godt barnehagetilbod
For unge familiar er eit godt barnehagetilbod viktig for kvar ein vil busette seg. I Bergetippen barnehage er det investert i nytt, flott barnehagebygg som vart sluttført og teke i bruk i 2014. Dette trur barnehagen vil vere attraktivt og ein del av vurderinga når folk skal velje plass å busette seg.
Identitet og omdømme
Aukrabarnehagen har i samarbeid utvikla ein arbeidsplan kalla Bli kjent med Aukra. Planen brukar barnehagen i det pedagogiske arbeidet. Målet er å auke kunnskap om ulike kulturminne og område på Gossen og i Julsundet og gje barna kjennskap til Aukra sin identitet. Rammeplan for barnehagar seier at barn skal bli kjent med nærområdet sitt, med næringsliv, ny og gamal historie, kulturlandskap og arkitektur. Denne planen skisserer ei ramme for dette, der kvar barnehage arbeider med emne knytt til ulike tema. Planen har desse hovudtema: kommunen vår, Nyhamna, kystkultur, påskeliljemarka og kyrkja, Løvikremma –landbrukskultur, Fangholsetra og seterdrift.

Nøkkeltal

62 barn per 1. desember 2014.

Ved hovudopptaket fekk alle med rett på plass tilbod om plass.
5 gjestebarn – alle er barn av tilsette.

5 pedagogstillingar, 1,7 på dispensasjon.

Sjukefråvær totalt i 2014 var 10,2 pst. Det er ein auke på 1,2 pst. frå 2013.

Dette er vi stolte av

Aukra kommune har fått eit nytt og funksjonelt barnehagebygg. Bygget gjev oss fleire moglegheiter enn før når det gjeld godt pedagogisk arbeid og gode arbeidsplassar for personalet. Barnehagen har to barnehagelærarar og ein fagarbeidar under utdanning. Språkprosjektet «Troll med ord» er aktiv brukt og blir vidareutvikla, og personalet aukar kompetansen sin når det gjeld bruk av IKT i barnehagen.

Økonomi og avvik

Tal i heile 1.000 kr

	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Avvik i prosent
2014	10 096	9 458	638	6,8
2013	8 873	8 203	670	8,2
2012	7 877	8 024	-147	-1,8

Budsjett 2014 viser eit overforbruk på 6,8 pst. Fram til midten av juni hadde Bergetippen drift av to avdelingar på Hollingbygg og to på Bergetippen. Frå august var all drift samla på nytt bygg i Bergetippen, med utviding til fem avdelingar. I perioden januar – juli vart merkantil stilling utvida frå 20 pst. til 50 pst. for å kunne handtere alle ekstra oppgåver med flytteprosessar, innkjøp og andre ekstra oppgåver.

På slutten av året måtte det gjerast innkjøp av inventar og utstyr til utviding av to avdelingar frå 2015, noko som ga ein del ekstra utgifter det ikkje var budsjettert med. Dette vart gjort for å redusere ventelista. I tillegg vart det ekstra kostnader på eit nytt gjerde på uteområdet, som vart ein del dyrare enn berekna ut frå kostnadsoverslaget på førehand.

Utfordringar i 2015

Få ei endeleg ramme på antal avdelingar, slik at barnehagen veit kor mange stillingar og antal plassar som skal driftast.

Ha riktig administrativ ressurs i høve til talet på avdelingar og plassar.

Kunne tilby plassar til alle med rett på plass og søkjarar som melder seg i løpet av året.

Rekruttere nok pedagogar til pedagogstillingane.

Oppretthalde det gode arbeidet med satsing på språk og IKT.

Få bygd nytt vognskur på eldste småbarnsavdelinga.

Etablere gode rutiner for rettleiing av nytilsette pedagogar og pedagogar på dispensasjon.

BERIT DREJER
STYRAR

Aukra kommune 1814-2014

1925: Aukra Kval sin stasjon på Nyhamna kom i drift

1933: Tilrådd søknad frå Per Huse om å få køyre bil på vegane på Gossen

1939: Kommunen fekk tilsagn om at fiskarfagskulen ville bli bygd på Aukra etter vedtak i Stortinget.

1939: Første traktoren vart kjøpt til Gossen av ein gardbrukar i Oterhalsen.

1943: Vedteke å setje i verk kommunalt folkeregister.

1947: Sigrid Sporsem får løyve til å drive kafe på flyplassen.

1949: «Soltun» får løyve å drive fast kino. Ei kommunal nemnd skal ta ut brukande filmar.

1958: «Då Romsdal har ein flyplass frå før, kan ikkje Nord-Aukra kommunestyre rå til at det vert bygd nokon ny flyplass for Romsdal».

Foto: Avskjed med dr Riiber på Aukra gamle fergekai 1937

Helse

Tenester og oppgåver

Helsetenesta har ansvar for drift av ambulansebåt, legeteneste og legekontor, fysioterapiteneste, ergoterapi og hjelpemidlar og førebyggjande tenester som helsestasjon, skulehelseteneste og jordmortenesta. I tillegg kjem beredskap, krisehandtering, miljøretta helsevern og drift av helsesenteret og ambulansestasjonen.

Befolkninga skal ha tilgang på tenester som skal gjevast på ein forsvarleg og effektiv måte. Tenestene skal ha høg fagleg kvalitet tilpassa brukarane sine behov.

Arbeidet skal vere tufta på verdiane fagleg solid, etterretteleg, nyskapande, open og respektfull. Ein skal legge vekt på god samhandling med anna helseteneste for å sikre best mogleg kvalitet i tråd med samhandlingsreforma.

Delmål

Delmål frå budsjett 2014	Kommentar
Fullføring av rehabilitering av helsesenteret vil gje godt inneklima og moderne, gort utrusta og tilpassa legekontor.	Eininga har fullført rehabilitering av helsesenteret og fått moderne og tilpassa kontor med godt inneklima. Levering av nye og lydtette dører er forsinka og blir montert i byrjinga av 2015.
Ved legekontoret har vi prioritert time same dag for våre pasientar og vi svarer på minst 80 pst. av alle telefonar innan 2 minutt.	«Time same dag» ved legekontoret fungerer godt.
Legekontoret samarbeider med det medisinske fakultet ved NTNU og tek imot studentar som mellom anna i samabeid med oss vurderar delar av tenesteproduksjonen som vi kan nytte til å betre kvaliteten på tenestene våre.	Eininga har hatt studentar som trivs godt på Aukra og gjev svært god tilbakemelding både på teneste og opplæring.
Ny ambulansestasjon blir samlokalisert med brannstasjon og nær legekontor. Dette fører til betre beredskap og samhandling.	Ny ambulansestasjon er etablert nær legekontoret og bygginga er fullført. Eininga har fått tilsett ein ambulansearbeider/motorpassar til og går over frå to- til tre-delt turnus.
Systematisk fallførebyggjande arbeid blir innført i perioden for å førebyggje skader. Kommunen må ha auka fokus på folkehelsa og korleis alle etatar kan bidra.	Eldre med auka risiko for fall får no tilbod om trening av kommunefysioterapeuten. Grupper får systematisk fallforebyggjande trening og legane henviser pasientar i risikogruppa.
Betre system for melding om avvik og risiko og sårbarhetsanalyse blir innført i perioden og skal føre til sikrare drift og betre internkontroll.	System for avviksmelding er tatt i bruk og arbeidet med dokumenthandtering og årshjul er godt i gang. Ventetid for fysioterapi har gått ned. Psykiatrisk sjukepleiar og dagsenter i psykiatri er flytta frå helse til PLO.
Vi håper på utbygging av ny sjukeheim med dagsenter i nærleik av helsesenter og ambulansestasjon for ein effektiv og god omsorgs- og helseteneste for bebuarane.	Kommunestyret har vedtatt at nybygg blir liggande nær ambulansestasjon og legekontor.

Økonomi og avvik

Tal i heile 1.000 kr

	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Avvik i prosent
2014	9 917	11 657	-1 740	-14,9
2013	12 190	12 941	-751	-6,0
2012	11 343	12 523	-1 180	-9,0

Overskot i rekneskapen skuldast først og fremst auka ramme for drift av ambulansebåten. I tillegg har eininga hatt langvarige sjukemeldingar utan at vi har fått leid inn vikar. Ramma for 2015 er redusert med 2 millionar kroner.

Dette er vi stolte av

Etablering av ny ambulansestasjon og moderne helsesenter som er velutstyrt og bemanna med flinke fagfolk.

KOSTRA

	Aukra		Møre og Romsdal		Landet utan Oslo	
Kommunehelse - nivå 2 (SSB)	2013	2014	2013	2014	2013	2014
Prioritering						
Netto driftsutgifter per innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten	3 501	3 311	2 170	2 318	2 161	2 308
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. per innb. 0-5 år	8 016	7 317	7 442	7 905	6 897	7 524
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj per innb. 0-20 år	2 166	1 960	1 992	2 105	1 896	2 055
Netto driftsutgifter til forebyggende arbeid, helse per innbygger	177	193	108	128	150	163
Netto driftsutg til diagnose, behandling og rehabilitering per innb.	2 721	2 564	1 540	1 643	1 512	1 610
Dekningsgrad						
Legeårsverk per 10.000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	8,9	8,7	10,7	10,7	10,2	10,3
Fysioterapiårsverk per 10.000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	11,8	11,5	8,3	8,6	8,9	8,9
Forebygging, helsestasjons- og skolehelsetjeneste						
Andel nyfødte med hjemmebesøk innen to uker etter hjemkomst	92,0	89,0	91,0	90,0	85,0	86,0
Andel spedbarn som har fullført helseundersøkelse innen utg. av 8. leveuke	73,0	111,0	100,0	98,0	99,0	98,0
Andel barn som har fullført helseundersøkelse ved 2-3 års alder	75,0	121,0	98,0	97,0	96,0	99,0
Andel barn som har fullført helseundersøkelse ved 4 års alder	88,0	90,0	97,0	94,0	94,0	98,0
Andel barn som har fullført helseundersøkelse innen utgangen av 1. skoletrinn	95,0	104,0	95,0	98,0	92,0	97,0
Forebyggende arbeid, helse (miljørettet helsevern mm.)						
Årsverk av leger per 10.000 innbyggere.	1,2	1,2	0,7	0,5	0,5	0,5
Diagnose, behandling og re- /habilitering						
Årsverk av leger per 10.000 innbyggere	5,9	5,7	8,5	8,8	8,3	8,3
Andel timer av kommunalt ansatte leger og turnuskandidater	34,2	34,2	18,7	13,2	20,6	18,3
Årsverk av fysioterapeuter per 10.000 innbyggere	9,5	8,4	6,7	7,0	7,3	7,2
Andel timer av fysioterapeuter med fast lønn og turnuskandidater	37,9	31,1	31,7	29,2	31,1	30,7

Utfordringar i 2015

Eininga skal styrke skulehelsetenesta og etablere frisklivssentral i kommunen. For å få til dette må eininga få tilsett ny helsesøster og organisere førebyggjande tenester saman med folkehelsekoordinator, helsesøster og fysioterapeut.

Etablering av AMK sentral i Ålesund, legevakt sentral ved Molde sjukehus og innføring av nytt nødnett.

Stor utbygging av Nyhamna som krev auka fokus på beredskap og behov for legetenester.

ROAR BORTHNE
HELSESJEF

Folkehelsebarometeret

Folkehelseprofilen er eit bidrag til kommunen sitt arbeid med å skaffe seg oversikt over helsetilstanden i befolkninga og faktorar som påverkar denne, jamfør Lov om folkehelsearbeid. Statistikken er frå siste tilgjengelege periode per oktober 2013.

Nokre trekk ved folkehelsa i kommunen

Temaområda er valde med tanke på moglegheitene for helsefremjande og førebyggjande arbeid. Indikatorane tek høgde for alders- og kjønnssamansetnaden i kommunen, men all statistikk må også tolkast i lys av kunnskap om lokale forhold.

Om befolkninga
- Andelen eldre over 80 år i 2020 er estimert til å vere høgare enn landsnivået.
- Andelen av befolkninga som bur åleine er lågare enn landsnivået.

Levekår
- Andelen av befolkninga som har vidaregåande eller høgare utdanning skil seg ikkje eintydig frå landsnivået.
- Kommunen skil seg ikkje eintydig frå landsnivået når det gjeld andelen barn (0-17 år) som bur i husstandar med låg inntekt. Låg inntekt er her definert som under 60 % av nasjonal medianinntekt.
- Andelen barn med einsleg forsørgjar er lågare enn landsnivået.

Skule
- Trivsel blant 10. klassingar skil seg ikkje eintydig frå landsnivået, men kommuneverdien kan skjule stor variasjon mellom skular.
- Statistikk på andelen som er på lågaste meistringsnivå i lesing blir ikkje vist fordi talgrunnlaget er utilstrekkeleg.
- Fråfallet i vidaregåande skule skil seg ikkje eintydig frå landsnivået.

Levevanar
- Det finst lite statistikk på levevanar. Indikatorar på temaområdet helse og sjukdom kan gi informasjon om befolkninga sine levevanar.
- Overvekt skil seg ikkje eintydig frå landsnivået, vurdert etter andelen menn med KMI > 25 kg/m² på sesjon.

Helse og sjukdom
- Forventa levealder for menn er høgare enn landsnivået.
- Andelen med psykiske symptom og lidingar er lågare enn landsnivået, vurdert etter data frå fastlege og legevakt.
- Andelen med hjarte- og karsjukdom ser ut til å vere lågare enn landsnivået, vurdert etter innleggingar på sjukehus.
- Sjukdom og plager knytte til muskel- og skjelettsystemet ser ut til å vere meir utbreidd enn i landet, vurdert etter data frå fastlege og legevakt.
- Tjukk- og endetarmskreft ser ikkje ut til å være eintydig forskjellig frå landsnivået, vurdert etter talet på nye tilfelle.
- Når det gjeld resultatet for vaksinasjonsdekning, skal resultatet vere på 100 pst. og ikkje på 90,2 pst. for Aukra kommune

I oversikta nedanfor blir nokre nøkkeltal i kommunen og fylket samanlikna med landstal. I figuren og i talkolonnane blir det teke omsyn til at kommunar og fylke kan ha ulik alders- og kjønnssamansetnad samanlikna med landet.

Folkehelseprofil

I oversikta på motståande side blir nokre nøkkeltal i kommunen og fylket samanlikna med landstal. I figuren og i talkolonnane blir det teke omsyn til at kommunar og fylke kan ha ulik alders- og kjønnssamansetnad samanlikna med landet.

Datakjelder: Statistisk sentralbyrå, Dødsårsaksregisteret, NAV, Utdanningsdirektoratet, Norsk pasientregister, Medisinsk fødselsregister, Primærhelsetenesta fastlege og legevakt (KUHR-databasen som Helsedirektoratet eig), Kreftregisteret, Nasjonalt vaksinasjonsregister (SYSVAK), Forsvarets helseregister og Reseptregisteret. For meir informasjon, sjå khs.fhi.no

Indikator	Aukra	Møre og Romsdal	Landet	Eining
Befolkning				
1 Befolkningsvekst	1,5	1,1	1,3	prosent
2 Befolkning under 18 år	24	22	22	prosent
3 Befolkning over 80 år, framskrive	5,2	4,8	4,1	prosent
4 Personar som bur åleine	13	16	18	prosent
5 Innvandrarar og norskf. med innv.foreldre	10	9,7	14	prosent
Levevilkår				
6 Vgs eller høgare utdanning, 30-39 år	85	83	83	prosent
7 Låginntekt (hushaldningar), 0-17 år	8	7,1	9,5	prosent
8 Ulikskap i inntekt, P90/P10	2,4	2,5	2,7	-
9 Arbeidsledige, 15-29 år	1,3	1,9	2,2	prosent
10 Uføretrygda, 18-44 år	1,4	2,1	2,5	prosent (a,k*)
11 Barn av einslege forsørgjarar	11	14	16	prosent
Miljø				
12 Personskadar, behandla i sjukehus	9,9	14	13	per 1000 (a,k*)
13 Miljøretta helsevern, barnehagar og skular	-	-	-	
Skule				
14 Trivst på skulen, 10. klasse	82	84	84	prosent (k*)
15 Blir mobba på skulen, 10. klasse	8,1	8,9	8,9	prosent (k*)
16 Lågaste meistringsnivå i lesing, 5. klasse	-	27	26	prosent (k*)
17 Fråfall i vidaregåande skule	21	22	25	prosent (k*)
Levevanar				
18 Røyking, kvinner	13	17	15	prosent (a*)
19 Overvekt inkl. fedme, menn	23	27	25	prosent
Helse og sjukdom				
20 Forventa levealder, menn	81,2	78,4	77,5	år
21 Forventa levealder, kvinner	84,6	83,5	82,3	år
22 Psykiske sympt. og lidingar, primærh.te.	127	129	136	per 1000 (a,k*)
23 Psykiske lidingar, legemiddelbrukarar	96	122	131	per 1000 (a,k*)
24 Hjarte- og karsjukdom, primærh.te.	86	98	104	per 1000 (a,k*)
25 Kolesterolsenkande legemiddel, brukarar	63	74	79	per 1000 (a,k*)
26 Hjarte- og karsjukdom, beh. i sjukehus	15	17	18	per 1000 (a,k*)
27 Type 2-diabetes, legemiddelbrukarar	27	29	33	per 1000 (a,k*)
28 Kreft totalt, nye tilfelle	511	557	565	per 100 000 (a,k*)
29 Tjukk- og endetarmskreft, nye tilfelle	86	83	77	per 100 000 (a,k*)
30 KOLS og astma, legemiddelbrukarar	82	95	99	per 1000 (a,k*)
31 Lungekreft og KOLS, dødelegheit	28	31	39	per 100 000 (a,k*)
32 Muskel og skjelett, primærhelsetenesta	300	276	255	per 1000 (a,k*)
33 Hoftebrot, behandla i sjukehus	1,3	2,2	2,1	per 1000 (a,k*)
34 Vaksinasjonsdekning, MMR, 9-åringar	90,2	95,2	94,4	prosent

1. 2012. **2.** 2013. **3.** 2020, berekning basert på middels vekst i fruktbarheit, levealder og nettoinnflytting. **4.** 2013, av befolkninga. **5.** 2013. **6.** 2012, høgaste fullførte utdanning (av alle med oppgjeve utdanning). **7.** 2011, personar som bur i hushald med inntekt lågare enn 60 % av nasjonal median. **8.** 2011, forholdet mellom inntekta til den personen som ligg på 90-prosentilen og den som ligg på 10-prosentilen. **9.** 2012, av befolkninga. **10.** 2010-2012. **11.** 2010-2012, 0-17 år, av alle born det vert betalt barnetrygd for. **12.** 2010-2012. **13.** Data under vurdering. Kommunen har kjennskap til om barnehagar og skular i kommunen er godkjende etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skuler. **14/15.** Skuleåret 2007/08-2011/12. **16.** Skuleåret 2011/12-2012/13. **17.** 2010-2012. **18.** 2003-2012, utanom åra 2006-2007 pga. teknisk feil ved rapportering. Fødande som har opplyst at dei røykte i byrjinga av svangerskapet i prosent av alle fødande med røykeopplysningar (ny definisjon). **19.** 2003-2009, KMI over 25 kg/m², av menn på sesjon. **20/21.** 1998-2012, berekning basert på aldersspesifikk dødelegheit, 15 års gjennomsnitt. **22.** 2010-2012, 0-74 år, brukarar av fastlege og legevakt. **23.** 2010-2012, 0-74 år, legemiddel mot psykiske lidingar, inkl. sovemiddel. **24.** 2010 2012, 0-74 år, sjukdomar knytt til hjarte- og karsystemet, brukarar av fastlege og legevakt. **25.** 2010-2012, 0-74 år. **26.** 2010-2012. **27.** 2010-2012, 30-74 år, brukarar av blodglukosesenkande middel, utanom insulin. **28.** 2002-2011. **29.** 2002-2011. **30.** 2010-2012, 45-74 år. **31.** 2003-2012, 0-74 år. **32.** 2010-2012, 0-74 år, muskel- og skjelettplager og -sjukdommar (utanom brot og skader), brukarar av fastlege og legevakt. **33.** 2010-2012. **34.** 2008-2012, vaksine mot meslingar, kusma og raude hundar. Manglande tal skuldast som regel omsyn til personvern, og vert som oftast utløyst av kombinasjonen liten kommune og høg vaksinasjonsdekning.

Pleie og omsorg

Tenester og oppgåver

Pleie og omsorgstenesta vart delt i to einingar frå 1. januar 2014.

Eining institusjonsteneste omfattar

- Aukraheimen og kjøkken
- Bergtun bufellesskap,
- Avlasting for born under 18 år
- Støttekontakt under 70 år

Eining heimeteneste omfattar

- Heimesjukepleie og heimehjelp,
- Psykisk helse
- Demensomsorg
- Hjelpemiddellager
- Støttekontakt over 70 år, omsorgsløn, tryggheitsalarmar og brukarstyrt personleg assistentordning
- Dagsenter Aukraheimen
- Dagsenter psykisk helse
- Dagsenter for heimebuande personar med demens

Prosess med deling av drift, teneste og økonomi har vore arbeidskrevjande for leiarar og personale. Det har vore kontinuerlege prosessar med å lage nye leiarstrukturar, reorganisere tenester og sikre tenester i samsvar med standardar og styringsverkty. Det er gjennom året etablert delt budsjett og rekneskap for einingane. Prosessen har betre organisering og gjennomføring av tenestene våre.

Samhandlingsreforma

Innføring av samhandlingsreforma starta i 2012 og skal vere ferdig gjennomført innan 4 år. Målet er å få til eit betre og meir heilheitleg helsetilbod. Det er ei retningsreform med fokus på:

– Vise veg framover og gje helse og omsorgstenestene ei ny retning

– Førebygge i staden for å reparere, mellom anna gjennom tidleg innsats

– Få ulike delar av helse- og omsorgstenestene til å arbeide betre saman

– Fleire oppgåver og midlar til kommunane som skal utføre tenestene

– Sterkare brukarmedverknad

– Samle spesialiserte tenester og lage sterke fagmiljø

Kommunen må arbeide vidare med tilpassingar i tråd med samhandlingsreforma. Prinsippet er å sikre innbyggarane rett behandling til rett tid på rett nivå. Kommunen må på den måten ta over fleire oppgåver som tidlegare vart handsama av spesialisthelsetenesta.

Overordna mål

Helse og omsorgstenestene skal ha fokus på aktivitet uavhengig av funksjonsnivå, med tilgjenge for alle.

Helse og omsorgstenestene skal styrke satsinga på førebyggjande helsearbeid på tvers av teneste-områda.

Heimetenestene skal gje tilrettelagte tenester slik at den enkelte kan meistre eigen kvardag lengst mogleg.

Helse og omsorgstenestene skal sikre at alle som treng det får tilbod om rehabilitering, uavhengig av alder, diagnose og funksjonsnivå.

Mottakarar av omsorgstenester skal kunne delta aktivt i lokalsamfunnet.

Delmål

Delmål frå budsjett 2014	Kommentar
Møtet mellom tenestemottakar og Aukra kommune skal innehalde ei grundig behovskartlegging og avklaring av forventningar, slik at tenestemottakar får rett hjelp.	Brukarundersøkinga frå i haust er ei delanalyse av tenester i pleie og omsorgstenestene som vert ferdig i 2015. Leiarane har delteke i KS effektiviseringsnettverk for kompetanseheving på området. Forvaltningspraksis er endra i samsvar med gjeldande lovverk. Innføring av elektroniske meldingar
Aukra kommune sine tilsette skal ha nødvendig kompetanse til å utføre pleie – og omsorgsoppgåvene dei har ansvaret for i samsvar med gjeldande stillingsomtale.	Ordninga med vikarpool vart evaluert etter 3 års drift. Den heilheitlege vurderinga førte til nedlegging fordi målsettinga med redusert forbruk av overtid ikkje vart innfridd. Arbeidet med kvalitet på tenestene er blitt styrka ved at det er laga tenesteomtalar og heimesida er oppdatert. Kvalitetslosen er tatt i bruk i arbeidet. Aukraheimen, Bergtun bufellesskap og heimetenesta er med i prosjekt om velferdsteknologi i regi av Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Utviklingssykehjemmet i Kristiansund. I tillegg er det starta eit «Pilotprosjekt Velferdsteknologi» i samarbeid med Istad og Lyse. Smarthusteknologi vert sett opp i ei omsorgsleiligheit og eit pasientrom på Aukraheimen. Velferdsteknologi er eit stort nybrottsfelt som er sentralt i utvikling av pleie og omsorgstenesta i framtida.

KOSTRA

Kommunehelse - nivå 2 (SSB)	Aukra		Møre og Romsdal		Landet utan Oslo	
	2013	2014	2013	2014	2013	2014
Prioritering						
Netto driftsutgifter per innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten	3 501	3 311	2 170	2 318	2 161	2 308
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. per innb. 0-5 år	8 016	7 317	7 442	7 905	6 897	7 524
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj per innb. 0-20 år	2 166	1 960	1 992	2 105	1 896	2 055
Netto driftsutgifter til forebyggende arbeid, helse per innbygger	177	193	108	128	150	163
Netto driftsutg til diagnose, behandling og rehabilitering per innb.	2 721	2 564	1 540	1 643	1 512	1 610
Dekningsgrad						
Legeårsverk per 10.000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	8,9	8,7	10,7	10,7	10,2	10,3
Fysioterapiårsverk per 10.000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	11,8	11,5	8,3	8,6	8,9	8,9
Forebygging, helsestasjons- og skolehelsetjeneste						
Andel nyfødte med hjemmebesøk innen to uker etter hjemkomst	92,0	89,0	91,0	90,0	85,0	86,0
Andel spedbarn som har fullført helseundersøkelse innen utg. av 8. leveuke	73,0	111,0	100,0	98,0	99,0	98,0
Andel barn som har fullført helseundersøkelse ved 2-3 års alder	75,0	121,0	98,0	97,0	96,0	99,0
Andel barn som har fullført helseundersøkelse ved 4 års alder	88,0	90,0	97,0	94,0	94,0	98,0
Andel barn som har fullført helseundersøkelse innen utgangen av 1. skoletrinn	95,0	104,0	95,0	98,0	92,0	97,0
Forebyggende arbeid, helse (miljørettet helsevern mm.)						
Årsverk av leger per 10.000 innbyggere.	1,2	1,2	0,7	0,5	0,5	0,5
Diagnose, behandling og re- /habilitering						
Årsverk av leger per 10.000 innbyggere	5,9	5,7	8,5	8,8	8,3	8,3
Andel timer av kommunalt ansatte leger og turnuskandidater	34,2	34,2	18,7	13,2	20,6	18,3
Årsverk av fysioterapeuter per 10.000 innbyggere	9,5	8,4	6,7	7,0	7,3	7,2
Andel timer av fysioterapeuter med fast lønn og turnuskandidater	37,9	31,1	31,7	29,2	31,1	30,7

KOSTRA

Kommunehelse - nivå 2 (SSB)	Aukra		Møre og Romsdal		Landet utan Oslo	
	2013	2014	2013	2014	2013	2014
PLEIE- OG OMSORGSTENESTA SAMLA						
Prioritering						
Netto dr.utg. pleie og omsorg i pst. av kommunens totale netto dr.utg.	26,5	27,6	32,9	34,4	30,6	31,5
Institusjoner - andel av netto driftsutgifter til plo	59,0	57,0	45,0	43,0	45,0	45,0
Tjenester til hjemmeboende - andel av netto driftsutgifter til plo	36,0	37,0	49,0	52,0	50,0	50,0
Aktivisering, støttetjenester - andel av netto driftsutgifter til plo	5,0	6,0	5,0	5,0	5,0	5,0
HEIMETENESTA						
Dekningsgrader						
Mottakere av hjemmetjenester, per 1.000 innb. 0-66 år	14	16	20	21	20	20
Mottakere av hjemmetjenester, per 1.000 innb. 67-79 år.	59	59	72	70	72	68
Mottakere av hjemmetjenester, per 1.000 innb. 80 år og over.	348	359	347	344	339	328
Produktivitet/enhetskostnader for hjemmetjenester						
Korrigerte brutto driftsutg per mottaker av hjemmetjenester i kr.	235 629	256 448	237 067	262 954	222 598	243 399
Brukerbetaling, praktisk bistand, i prosent av korrigerte brutto driftsutg.	1,1	1,0	1,5	1,3	1,4	1,3
Utdypende tjenesteindikatorer for hjemmetjenester						
Andel hjemmeboere med høy timeinnsats	8,1	7,5	7,1	7,4	6,6	6,8
Dekningsgrader boliger til pleie- og omsorgsformål						
Andel beboere i bolig til pleie- og omsorgsformål 80 år og over	30,8	34,6	46,1	45,2	41,4	40,4
Andel beboere i bolig m/ heldøgns bemanning	34,6	38,5	50,3	49,1	48,8	51,6
Andel innbyggere 80 år og over i bolig med heldøgns bemanning	0	0	4,8	4,8	3,8	3,9
INSTITUSJON FOR ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA						
Prioritering						
Plasser i institusjon i prosent av mottakere av pleie- og omsorgstj.	29,1	26	19,8	19,1	17,9	18,1
Dekningsgrader						
Plasser i institusjon i prosent av innbyggere 80 år over	25,5	23,8	19,4	18,9	18,5	18,4
Andel plasser i institusjon og heldøgnsbemannet bolig i prosent av bef. 80+	30	29	30	30	29	29
Andel innbyggere 67 år og over som er beboere på institusjon	7,8	5,1	6,2	5,9	5,3	5
Andel beboere i institusjoner 80 år og over	70,2	76,3	76,3	74,2	71,2	70,8
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	17,9	16,0	14,8	14,4	13,5	13,1
Andel beboere i institusjon av antall plasser (belegg)	92,6	89,8	97,1	98,8	96,6	94,6
Utdypende tjenesteindikatorer for institusjoner						
Andel plasser avsatt til tidsbegrenset opphold	21,3	9,3	18,7	17,9	18,7	19,0
Andel plasser i skjermet enhet for personer med demens	14,9	23,3	21,2	21,7	23,9	24,5
Andel plasser avsatt til rehabilitering/habilitering	10,6	4,7	8,7	5,6	7,9	7,6
Legetimer per uke per beboer i sykehjem	0,4	0,5	0,4	0,4	0,5	0,5
Fysioterapitimer per uke per beboer i sykehjem	0,2	0,5	0,3	0,3	0,4	0,4
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner	100,0	100,0	92,7	92,9	93,8	94,9
Andel plasser i brukertilpasset enerom m/eget bad/wc	83,0	90,7	80,4	83,4	81,9	84,2
ANDRE NØKKELTAL						
Andel brukere (ekskl. langtidsbeboere på institusjon) med individuell plan	9,6	10,2	9,9	9,8	11,2	11,4
Andel av brukere med noe/avgrenset bistandsbehov	44,6	48,6	41,9	42,6	43,8	43,6
Andel av alle brukere som har omfattende bistandsbehov	33,3	27,2	26,7	26,7	23,8	24,1
Gjennomsnittlig antall tildelte timer per uke, praktisk bistand	9,7	15,0	9,3	10,5	8,5	9,1
Gjennomsnittlig antall tildelte timer per uke, hjemmesykepleie	4,0	4,2	4,8	4,5	4,7	4,7
Gjennomsnittlig antall tildelte timer i uken - brukere utenfor institusjon	13,1	14,0	10,9	11,2	10,2	10,3
Andel aleneboende mottakere utenfor inst. med både hjemmetj. og støttetj.	52,1	50,0	45,3	42,7	37,7	37,7

Dette er vi stolte av

Sakshandsaming av søknadar i samsvar med lovverk er etablert.

Utvikling av forvaltningsprosedyre for tenestetildeling med fokus på ressursane til tenestemottakar

Kvalitetslosen er tatt i bruk og det er laga ein god del prosedyrer, oppgåve- og stillingsomtalar i tillegg til årshjul for felles møter i pleie- og omsorgstenestene.

Studie i grupper «Demens ABC» er gjennomført med personale i begge einingane. Det har vore eit vellukka samarbeid mellom Midsund og spesialisthelsetenesta ved alderspsykiatrisk avdeling ved Hjelset.

Elektroniske meldingar med Helseforetaket er etablert. Det medfører papirlaus kommunikasjon om inn- og utskriving.

Demensomsorga har fått eit «kvalitetsløft»

Teneste innan psykisk helse og rus er etablert og har fokus på samhandling mellom tenestene for å sikre kvalitet og kontinuitet.

Utfordringar i 2015

Den økonomiske sida av tenestetilboda vil vere hovudutfordringane i åra framover.

At brukarane får styrka si mestring (kvardagsrehabilitering) og evne for å ivareta og utvikle eigne ferdigheiter til å greie seg sjølv utan bistand frå dei kommunale tenestene.

Tilpasse tenestene ut frå konsekvensane av samhandlingsreforma. Utvikle samarbeid ROR og Helseforetak.

Interkommunalt samarbeid for å skape robuste fagmiljø.

Lære om og ta i bruk hjelpemidlar som kjem under omgrepet velferdsteknologi for å utvikle tenester til det beste for tenestemottakarane.

Planlegge tenesteinnhaldet i den nye omsorgssenteret.

Kompetanseheving og rekruttering.

Sikre god forvaltningspraksis i samsvar med lover.

Framtida vil gje utfordringar på fleire område som gjer at tenesteutøvarane må henge med i utvikling av fag, tenestetilbod og dei føringane som nasjonale myndigheiter legg på fagområda.

Velferdsteknologi er i rivande utvikling i pleie- og omsorgstenestene. Det er naudsynte hjelpemiddel for å motta nødvendig helsehjelp i framtida, og for å kunne leve lengst mogleg i eige liv. Velferdteknologi kan gje auka livskvalitet.

Planarbeid for det nye omsorgssenteret i kommunen.

Institusjonstenester

Tenester og oppgåver

Eining institusjonstenester omfattar fleire områder: Aukraheimen, avlastning og støttekontakt, kjøkken og Bergtun bufellesskap.

Aukraheimen

Aukraheimen har 42 sjukeheimsplassar. Det er oppretta eamleiar-funksjon som er tildelt 4 sjukepleiarar i allereie ordinær turnus. Dei har som oppgåve å utvikle fagkunnskapen og kvalitetssikringa av tenesta. Sørstua med 4 plassar for demente vart opna i januar.

Det har vore fleire ledige plassar ved Aukraheimen sine 42 plassar. Det har vore ein prosess med å legge ein plan for reduksjon med 4 plassar frå 1.1.2015. Å leige ut plassar til andre kommunar har ikkje vore aktuelt. Ein prioriterer å ta i vare innbyggjarane i Aukra kommune. Plassane kan opnast når det er behov for å tryggje brukarane sine behov for pleie og omsorgstenester.

Det har vore ei plan om å samordne turnus mellom avdelingar for å utnytte ressursane på ein betre måte. Dei tilsette vil få ein auka kjennskap til alle bebuarane på Aukraheimen, og ein vil bruker ressursane på ein betre måte. Ny turnus er på plass frå januar 2015.

Bergtun bufellesskap

Bergtun bufellesskap har 9 plassar. Ei leilegheit i tillegg er under bygging. Bergtun har eit aktivitetstilbod som er tilrettelagt ut frå tenestemottakarane sine interesser og funksjonsevne.

Avlastingsbustaden og støttekontakt

Avlastingsbustaden har 4 plassar. Det er 29 personar under 70 år som har innvilga støttekontakt.

Begge desse tiltaka gjer at familiar med funksjonshemma barn får avlasting. Personar som mottek støttekontakt får styrka kvardagen mellom gjennom å kunne delta i sosiale relasjonar, interesser og aktivitetar.

Hovedkjøkkenet ved Aukraheimen

Ernæring er eit aktuelt tema i pleie og omsorgstenesta. Det er ernæringsgrupper av tilsette som arbeider med prosedyrar og trygging av godt kosthald til brukarane. Dette skjer i nært samarbeid mellom begge einingane. I tillegg til mat til bebuarane på Aukraheimen, lagar kjøkken ca. 120 porsjonar middag per veke til heimebuande som leverast ut av frivillige.

Delmål

Delmål frå budsjett 2014	Kommentar
Utvikle kunnskapen om velferdsteknologi.	Vidareføring av kunnskap om velferdsteknologi. Utprøving ved ei leilighet på Aukraheimen , og for enkelte brukarar ved Bergtun bufellesskap.
Interkommunalt samarbeid om teneste til psykisk utviklingshemma.	Tilsette i tiltak for funksjonshemma deltek i ei interkommunal nettverksgruppe for psykisk utviklingshemma.
Auka fokus på kvalitet i tenesteutøvinga.	For å trygge tenesteutøvinga i einings planlegg vi å starte etiske refleksjonsgrupper blant dei tilsette på Aukraheimen.
Auke kvaliteten på tenesta.	Det er starta arbeid med ei tenesteanalyse for Aukraheimen . Det er gjennomført brukarundersøking blant bebuarane i 2014. Tjenesteanalysa blir ferdigstilt i løpet av 2015.
Implementere rutinar for sakshandsaming.	Einings jobbar for å forbetre og vidareutvikle forvaltningsprosessen knyta til lover og forskrifter.

Det er arbeidd mykje med å redusere kostnadane i driftsnivået, og samtidig ha god kvalitet på tenesta.

Auka fokus på forvaltning av tenesta har gjort at det er ei sikrare sakshandsaming av tenesteutøvinga.

Rekrutteringsarbeid er i gang i kommunen for å vere attraktiv på arbeidsmarknaden.

Økonomi og avvik

Tal i heile 1.000 kr

	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Avvik i prosent
2014	46 239	44 728	1 511	3,4
2013	48 405	48 239	166	0,3

Noko av årsaka til overforbruk i eining institusjonstenester er:
• Leige av sjukepleiar frå vikarbyrå: kr. 763.000,-
• Overtid budsjett: kr. 645.000,-

Det har vore eit relativt høgt sjukefråvær og difor eit behov for vikarar. Eininga har fått auka refusjonar for ressurskrevjande tenester for 2014. Dette har resultert i reduksjon av meirforbruket. 2014 har vore eit år med store driftsmessige utfordringar, der det kan sjå ut for at det er for lav bemanning ved ein av sengepostane.

Eininga nemner at ramma for 2014 vart redusert med 2 mill. kroner for pleie og omsorg, som ein del av kostnadsreduksjonsprosessen i 2013.

Dette er vi stolte av

Aukraheimen hadde ein gjennomgang av tenesteytinga gjennom ein forvaltningsrevisjonsrapport. Resultatet frå rapporten syner at bebuarane får ei god omsorgsteneste, der dei oppleve trivsel og tryggleik og god.

Aukraheimen oppretta 4 plassar for demente på Sørstua i 2014. Vi har no totalt 10 plassar tilrettelagt for demente ved Aukraheimen.

Det er ikkje ventelister på langtidsplass ved Aukraheimen.

Utfordringar i 2015

Eininga skal delta i planarbeid for utvikling av Aukra omsorgssenter til eit framtidsretta senter til nytte for innbyggarane i Aukra kommune.

Kompetanseheving er viktig for å møte Nasjonale standardar og samhandlingsreforma sine utfordringar.

RANDI FREDRIKSEN
EININGSLEIAR

Heimetenester

Tenester og oppgåver

Heimetenesta har ansvaret for heimesjukepleie og heimehjelp, psykisk helse, demensomsorg, tryggleiksalarmar, brukarstyrt personleg assistent, støttekontakt til personar over 70 år, omsorgsløn og hjelpemiddel, dagsenter Aukraheimen, dagsenter for psykisk helse og dagsenter for heimebuande personar med demens. Arbeidet med å etablere eining heimetenester i 2014 har vore arbeidskrevjande for alle tilsette. Heimesjukepleia er i samarbeid med Aukraheimen om nattevakt, eit heildøgn tilbod til personar i alle aldra som treng behandling eller pleie og omsorg i heimen, både fysisk og psykisk.

Delmål

Delmål frå budsjett 2014	Kommentar
Opprette dagsenter for demente og demensteam i tråd med vedteke demensplan.	Demenskoordinator vart tilsett i haust og har starta med tilbod til pårørande og er fagleg ansvarleg for dagsenter for heimebuande personar med demens. Dagsenteret vart opna i haust med plass til 6 personar to dagar i veka. Området psykisk helse helse vart overført til eining heimetenester og dagsenter psykisk helse og dagsenter for heimebuande personar med demens vart samlokalisert i den tidlegare avlastingsbustaden.

Økonomi og avvik

Tal i heile 1.000 kr

	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Avvik i prosent
2014	22 338	22 385	-47	-0,2
2013	16 007	15 559	448	3,0

Det er eit positivt avvik på kr. 47.000,-. Eining heimeteneste etablerte eige budsjett i 2014 og det er første driftsåret som eining. 2014 var eit overgangsår med mange utfordringar og vi ser at 2015 kan bli eit meir normalt driftsår for eininga.

Dette er vi stolte av

Dagsenter for heimebuande personar med demens vart starta opp i haust med to dagar per veke. Bilen som er kjøpt skapar gode hente-/ bringesituasjonar og gjer det mogleg å reise på turar både i og utanfor kommunen som ein integrert del av tiltaka.

Demenskoordinator vart tilsett i 60 pst. stilling Det er etablert samarbeid med «Nasjonalforeningen for folkehelse» i demensarbeidet for å styrke det frivillige arbeidet som aktivitetsvenn. Demenskoordinator har tilbod til pårørande med samtalar og pårørandegrupper.

Psykiatrisk sjukepleiar vart tilsett i august. Stillinga har vore vakant ein lengre periode og det har ført til mange krevjande oppgåver. For å styrke fagmiljøa i rus og psykisk helse er det etablert samarbeid med Midsund kommune med fagdagar psykisk helse/rus og felles planarbeid «Vold i nære relasjonar».

Samlokalisering av dagtilbod på dagsenteret har vore eit vellykka samarbeid og fleire fagpersonar arbeider med begge målgruppene.

Dagsenter for eldre heimebuande på Aukraheimen har vore i endring. For å møte utfordringane i pleie- og omsorgstenestene er det oppretta tiltak for å førebygge fall. Det er etablert tverrfagleg samarbeid med heimesjukepleia, fysioterapeut, ergoterapeut og lege for å starte trening-/balansegrupper komande år.

Styrke av ressursen til heimesjukepleia med ein fagperson ekstra på seinvakt har auka tida til brukarane og meir ro til oppdraga i Julsundet.

Utfordringar i 2015

Velferdsteknologi: Sikre kunnskap og ferdigheiter i bruk av framtidige hjelpemidlar.

Utvikle Aukra hjelpemiddellager i samsvar med behov for utstyr til å meistre kvardagen for den enkelte og oppfylle gjeldande HMS krav om arbeidsmiljø.

Kvardagsrehabilitering: At brukarane får styrka meistringsevne til å ta i vare og utvikle eigne ferdigheiter greie seg sjølve lenger utan bistand frå dei kommunale tenestene.

Å sikre kompetanse og rekruttering for framtida er viktig sidan det er høg gjennomsnittsalder i personalgruppa og i tillegg er det utfordringar i fagområda. Interkommunalt samarbeid, samhandling og tverrfagleg samarbeid

Samhandlingsreforma sine føringar. Utskrivingsklare pasientar frå spesialisthelsetenesta innan somatisk sjukdom, rus og psykisk helse har krav på teneste i kommunen dei bur og oppheld seg. Det fører til at talet på tenestemottakarar varierer. Utvikling av samarbeidet til det beste for tenestemottakarane.

Sikkerheit i bruk og drift av tryggleikssalarmar.

Utbygging av omsorgsbase i Julsundet.

Sikre kvalitet og kontinuitet i forvaltningspraksis der målet er at tenestemottakar får best mogleg teneste på lågast mogleg nivå og i samsvar med lov og forskrifter.

Psykisk helse og rusområda har utfordringar i framtida både når det gjeld tenester og butilbod.

JORUNN HURLEN
EININGSLEIAR

NAV Aukra

Tenester og oppgåver

NAV Aukra er eit arbeids- og velferdskontor som yter både statlege og kommunale tenester. Eininga har 5,6 stillingar og er 6 tilsette. På den statlege sida er hovudoppgåvene våre å hjelpe menneske til å kome i arbeid, yte rekrutteringsbistand overfor arbeidsgjevarar og informere og rettleie omkring 50 statlege trygdeytingar.

På den kommunale sida har einninga ansvar for sosialadministrasjonen i kommunen, sosialtenesta sine generelle oppgåver, sosiale tenester, økonomisk stønad, økonomisk rådgjeving og gjeldsrådgjeving, særlege tiltak overfor rusmiddelbrukarar, Husbanken sine lån- og tilskotsordningar, reiserett med transporttenesta, parkeringskort for rørslehemma og råd og rettleiing i samband med tenestene.

NAV Aukra ønskjer å vere ein attraktiv arbeidsplass med arbeidsglede, der alle tilsette trivst, meistrar sine arbeidsoppgåver og er engasjert i våre oppdrag. Brukarar av tenestene våre og samarbeidspartnarar skal møte kompetente, profesjonelle, serviceinnstilte, uredde og rause medarbeidarar som yter kvalitet i arbeidet, er tydelege, til stades og løysingsdyktige. NAV Aukra gjev menneske moglegheiter.

Delmål

Delmål frå budsjett 2014	Kommentar
Ha inngått samarbeid med skulane om førebyggande arbeid på området personleg økonomi.	NAV har ikkje prioritert dette då Sparebanken Møre samarbeider med skulane.
Vere aktiv deltakar i rusførebyggande arbeid i kommunen.	NAV Aukra har i 2014 initiert oppretting av styringsgruppa rus/psykiatri. Ein tilsett på NAV er deltakar i gruppa, som er leia av Jorunn Hurlen frå pleie- og omsorgsområdet. Styringsgruppa har sett i gang arbeidet med implementering av rusmiddelpolitisk handlingsplan.
Vere aktiv pådrivar for og deltakar i arbeidet med å få på plass en bustadsosial plan.	Bustadsosial handlingsplan vart vedteken hausten 2014. NAV Aukra er ein aktør i denne planen. NAV vil sørge for å gjennomføre NAV sine oppgåver.
Auka utadretta aktivitet over for brukargrupper og samarbeidspartnarar.	Når det gjeld våre eksterne samarbeidspartnarar, så har einninga 2014 gjennomført eit månadleg bedriftsbesøk hos ganske mange bedrifter i Aukra. Dette for å bli endå betre kjent med arbeidslivet, dei krava som vert stilt til arbeidstakarane og for å utvide samarbeidet, slik at endå fleire brukarar kan få moglegheita til å kome i arbeid, i tillegg til å tilby rekrutteringstenestene våre. NAV Aukra har oppretta samarbeid med Aukra Næringsforum så vel som Navitas i Molde. I tillegg deltek NAV Aukra i Samarbeidsforum Nyhamna Expansion saman med kommunen.

Nøkkeltal

Det er utbetalt økonomisk sosialhjelp til 36 personar; 24 av desse fekk stønad i mindre enn fire månader.

Samla er det utbetalt økonomisk sosialhjelp med kr. 776.800,-.

Det er stadig aukande etterspurnad etter økonomisk rådgjeving og gjeldsrådgjeving.

Det er utbetalt startlån med kr. 4.136.900,-.

Ein person har teke del i kvalifiseringsprogrammet.

Dette er vi stolte av

NAV Aukra er stolte av at einiga har klart å hjelpe ein stor del av brukarane våre ut i arbeid og aktivitet, og at einiga har gjeve finansiell rådgjeving til fleire som har ført til at brukarar lettare har kome seg over ei vanskeleg periode i liv sitt.

NAV Aukra er stolte av at einiga har lykkast med å halde fram med den utoverretta verksemda overfor arbeidsgjevarane, slik at einiga får auka kunnskap om arbeidsmarknaden og får tettare relasjonar til bedriftene i kommunen. Dette legg grunnlag for å kunne gje brukarane endå betre tenester og gje den bistanden som det er behov for å kome i arbeid. NAV Aukra har klart å stå fram som eit kontor som yter god service overfor brukarane og samarbeidspartnarane.

NAV Aukra har stort fokus på tryggleik. Einiga har installert tryggleiksalarm og gjennomfører jamlege øvingar og vernerundar.

Økonomi og avvik

Tal i heile 1.000 kr

	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Avvik i prosent
2014	3 134	3 263	-129	-3,9
2013	4 716	4 978	-262	-5,3
2012	4 361	4 931	-570	-12,0

NAV Aukra har i 2014 hatt god styring på økonomien. Årsaka til underforbruket er i hovudsaka eit betydeleg mindre forbruk av økonomisk sosialhjelp. Låg arbeidsledigheit kan vere ein hovudgrunn. Tidleg og tett oppfølging som hjelp til å kome raskt i arbeid er hovudgrunnen til dei låge utgiftene. NAV Aukra vil nok merke at det vert ei endring i 2015 då arbeidsledigheita aukar. Det kan vere vanskeleg å få arbeidsledige ut i arbeid om det er lite tilgang på arbeid.

KOSTRA

Sosialtenesta - nivå 2 (SSB)	Aukra 2013	Aukra 2014	Møre og Romsdal 2013	Møre og Romsdal 2014	Landet utan Oslo 2013	Landet utan Oslo 2014
Prioritering						
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten per innbygger	900	857	1 354	1 456	1 809	1 895
Andel netto driftsutg. til råd, veiledning og sosialt forebyggende arbeid	85,8	78,6	55,6	55,0	37,4	37,6
Andel netto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp	7,6	21,2	32,5	35,2	48,2	49,9
Dekningsgrader						
Sosialhjelpsmottakere	31	36	-	-	257	269
Andelen sosialhjelpsmottakere i forhold til innbyggere	0,9	1,0	-	-	2,5	2,5
Andelen sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år, av innb. 20-66 år	1,5	1,8	-	-	3,8	3,9

Utfordringar i 2015

Vidare kompetansebygging og -fordjuping

Fortsette samarbeidet og bistanden til arbeidsgjevarar knytt opp mot prosjektet Nyhamna Expansion.

Auke delen av unge med overgang til arbeid og aktivitet. Jobbe for å få til ein «jobb-/tiltakspool» etc. i kommunen , jf. vilkår for sosialhjelpa.

Sjukefråveret i Aukra er det fjerde høgaste i Møre og Romsdal, det er over både fylkes- og landssnittet. NAV Aukra vil i samarbeid med NAV Møre og Romsdal utarbeide nye rutinar for oppfølging av sjukmelde arbeidstakarar.

Styrke etatssamarbeidet i kommunen.

Endå tettare samarbeid med næringslivet og andre samarbeidspartnarar, vidareutvikling av kompetanse og kvalitet, samt auka samarbeid med brukargrupper skal prege arbeid til NAV Aukra i 2015.

KARI LENE VALESTRAND
KONST. LEDER

Aukra kommune 1814-2014

1964: Nord-Aukra ba kommunaldepartementet om endring til Aukra kommune frå 01.01.65.

1965: Vedtak om innføring av 9 årig skule frå og med skuleåret 1965/66.

1974: Kommunen vedtek å byggje barnehage i den vestre delen av sentrumsområdet.

1976: Namnet på Fanghol skule/krins vert endra til Julsundet skule/krins.

1977: Kommunestyra i Aukra og Midsund vel representantar til brukomite for arbeidet med brusamband mellom kommunane og over til fastlandet.

1986: Kommunestyret vel utkast med 2 gullringar på blå botn som kommunevåpen.

1999: Kommunalt engasjement i arbeidet med ilandføring av gass frå Ormen Lange

2001: Fast samband mellom Gossen og Oterøya – Møreaksen

2013: Namnet på nyskolen vart: Gossen barne- og ungdomsskole

2014: Utbygging av omsorgssenter for Aukra kommune skal realiserast i Falkhytten sentrum.

Foto: Flyplassen på Gossen 1947

Plan og utvikling

Tenester og oppgåver

Eining for plan og utvikling sine arbeidsområde er: Kommuneplan, byggsak, oppmåling, kart- og geodata, regulering, landbruk, miljø- og naturforvalting, viltforvaltning og næringsretta tiltak. Eininga har fem tilsette. I 2014 har vi hatt ein person tilsett i engasjement med oppgåve adressering og matrikkelføring og ajourhald av leidningskart.

Delmål

Delmål frå budsjett 2014	Kommentar
Revisjon av kommuneplanen sin arealdel.	Eininga er ikkje blitt ferdig med planen. Formannskapet godkjente leige av konsulent for å få betre framdrift i saka. Etter offentleg anbod tok konsulentfirmaet Rambøll AS i samarbeid med arkitektkontoret BBW Molde, arbeidet vidare frå mai månad. Det er vesentleg meir arbeid med kommuneplanen no enn sist, grunna lovendring i 2008. Arbeidet har hatt god framdrift i 2014. Høyring er planlagt 1. halvår 2015.
Sikre god medverknad og engasjement omkring planarbeid.	Kommuneplanen, arealdelen, kommunedelplan for Møreaksen, reguleringsplan for Kjerringsundet (brusambandet Gossen – Oterøya), kommunale og private reguleringsplanar på Gossen og i Julsundet har hatt omfattande medverknad frå grunneigarar, foreningar og politiske organ.
Ferdigstilling av reguleringsplanar, private og kommunale.	I 2014 vart 8 reguleringsplanar godkjende av kommunestyret, 2 av desse var private planar. 17 større og mindre reguleringssaker var under arbeid, av desse er 8 private reguleringsplanar.
Utarbeide reguleringsplan for fastlandsambandet for Gossen, "Kjerringsundet".	Aukra og Midsund kommunar har etablert vegselskapet "Kjerringsundet AS" til å utarbeide reguleringsplanen. Konsulent for arbeidet er Rambøll AS, Trondheim. Planarbeidet i 2014 konsentrerte seg om grunnundersøkingar og førebuande planer for brukonstruksjonane.
Levere byggsaker til Ormen Lange Extention.	Kommunen har hatt ein god dialog med Shell og Kværner i den mest hektiske førebuingsfasen. Alle søknadar og andre førespurnader er handsama og svar er leverte i god tid.
Framhald, breibandutbygging.	Gjennomført på same måte som tidlegare år der hovudkablar for framføring av signal blir lagde samstundes med at kommunen har opne grøfter. Sund Bredbånd AS står for utbygginga frå hovudnettet fram til sluttbrukar. Frå 2015 er ansvaret for breibandutbygginga flytta til TEB.

Dette er vi stolte av

God framdrift i tunge planprosessar (kommuneplan, arealdelen, brusambandet Gossen – Oterøya, reguleringsplan Kjerringsundet, detaljregulering Åsdalen (MFK-anlegg), Torhaugmyra aust, Julsundet sentrum).

Godt samarbeid med Fræna kommune om landbrukstenestene. Frå årsskiftet 2014 – 2015 er det gjort avtale om at landbrukskontoret i Fræna også tek over viltforvaltinga for Aukra.

Eininga er à jour med oppmålings- og matrikkelsaker, og nesten à jour på byggsak. Eininga har levert byggsaker for Ormen Lange Extention etter kvart som dei er komne inn.

Ajourhald av plandatabasen (kommunale planar etter plan- og bygningslova) var eit stort og krevjande arbeid gjennom heile året. Oppdatert base vart levert Statens kartverk mot slutten av året.

Førebuing for rekruttering av nye medarbeidarar for byggsak og oppmåling og matrikkel. To medarbeidarar skal slutte, og overlapping – intern opplæring må førebuast. Dette er vanskelege fagfelt å rekruttere til.

Tomtesalet på Torhaugmyra. Krevjande planlegging då interessa for kjøp var stor i marknaden. Alle tomtene var lagt ut for kjøp samstundes. Alle tomtene vart rivne bort i løpet av 14 dagar. Loddtrekning måtte til. Få klager i etterkant.

Økonomi og avvik

Tal i heile 1.000 kr

	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Avvik i prosent
2014	5 095	4 669	426	9,1
2013	3 402	3 187	215	6,7
2012	3 868	4 282	-414	-10,0

Eininga har i år eit meirforbruk på om lag kr 425.000,-. Det har vore eit stort meirforbruk til konsulenthjelp for utarbeiding av kommuneplanen sin arealdel. Grunnen til dette er langt meir omfattande krav til omfanget av planlegginga enn det vi la til grunn ved innhenting av tilbod.

I høve til budsjett har ansvar 6010 Kommuneplan eit meirforbruk på kr 810.000,- . Det har vore svikt i inntekene for ansvar 6020 Regulering medan ansvar 6025 Bygningskontroll har hatt eit mindreforbruk.

Ansvar 6030 Oppmåling har hatt langt større inntekter enn budsjettert. Grunnen er blant anna salet av alle tomtene i Torhaugmyra bustadfelt. Dei andre ansvara for eininga er stort sett i balanse.

I sum har ein altså kome ut med eit meirforbruk på om lag kr 425.000,. Kostnadane til kommuneplanen sin arealdel vil halde fram i 2015.

KOSTRA

	Aukra		Møre og Romsdal		Landet utan Oslo	
	2013	2014	2013	2014	2013	2014
Prioritering						
Netto driftsutgifter til fysisk planlegging, kulturminner, natur og nærmiljø per innb.	999	1 804	520	571	542	624
Netto driftsutgifter til fysisk planlegging per innb.	559	1 337	343	382	293	344
Netto driftsutgifter til plansaksbehandling per innb.	627	1 259	194	215	195	225
Netto driftsutgifter til bygge-, delesaksbeh. og seksjonering per innb.	-232	64	37	48	9	20
Netto driftsutgifter til kart og oppmåling per innb.	164	14	113	118	89	99
Netto driftsutgifter til rekreasjon i tettsteder per innb.	307	308	128	135	162	174
Netto driftsutgifter til naturforvaltning og friluftsliv per innb.	132	157	39	47	75	93
Netto driftsutgifter til kulturminnevern per innb.	2	2	10	7	12	13
Produktivitet/enhetspris						
Brutto driftsutg. til fysisk planlegging, kulturminnevern, natur og nærmiljø per innb.	1 839	2 508	968	999	1 066	1 157
Brutto driftsutg. til fysisk tilrettelegging og planlegging per innb.	1 374	2 026	742	768	733	793
Brutto driftsinntekter til fysisk planlegging, per innb.	885	866	437	431	486	494
Fysisk tilrettelegging og planlegging						
Gjennomsnittlig saksbeh.tid for private forslag til detaljreg (kalenderdager)	97	294	-	-	-	-
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid for detaljreg. fra kommunen (kalenderdager)	..	195	-	5 566	-	43 196
Gjennomsnittlig saksbeh.tid for områdereg. vedtatt av kommunen (kalenderdager)	..	360	-	1 633	-	33 399
Andel søkn. om tiltak der komm. har overskredet lovpålagt saksbehandlingstid	0	13	7	13	5	8
Antall utstedte målebrev siste år per 1.000 eiendommer i kommunen	13	25	12	10	9	8

Utfordringar i 2015

Fullføring av kommuneplanen sin arealdel. Første høyring er planlagt til formannskapsmøtet den 26. mai 2015 Prosessen vidare er avhengig av dei høyringssvara som kjem.

God framdrift i andre plansaker, t.d. brusamband mellom Gossen og Oterøya og reguleringsplanar som legg grunnlag for kommunen sitt investeringsprogram, t.d. regu leringsplan for Falkhytten sentrum, vest (omsorgssenter).
Rekruttering til byggsak og oppmåling og matrikkel.

Kome i gang med stikkprøvekontrollar - byggsak.

Etablering av prosjekt for digitalisering av attståande byggsakarkiv og delingsarkiv, 2. halvår 2015.

KJELL LODE
PLANSJEF

Teknikk, eigendom og brann

Tenester og oppgåver

Teknikk, eigedom og brann (TEB) har 13,28 stillingar pluss brannmannskapet (12 personar). Eininga utfører oppgåver innanfor vatn, avløp og renovasjon, kalla VAR-området. I tillegg har eininga ansvaret for vedlikehald av kommunale bygg og eigedomar, kommunal vegar, veglys, breiband og brannvern. Utbygging var skilt ut frå TEB som ei eiga eining på forsommaren 2014, dette for å oppnå eit klårare skilje mellom investering og drift.

Delmål

Delmål frå budsjett 2014	Kommentar
Arbeide vidare med høgt fokus på kvalitet og sikker leveranse i vassforsyninga.	Det har ikkje vore kritiske avvik i 2014 som vedkjem kvaliteten på vatn ut av anlegget. Aukra kommune har hatt 6 leidningsbrot i 2014 og fem brot på asbestsementleidningar. Kommunen hadde ein forsyningstryggleik på 99,9 pst. i 2014. Delen innbyggjarar tilknytt kommunalt vassverk med tilfredsstillande prøveresultat i 2014 er 100 pst.
I løpet av 2014 skal eininga gjennomføre ein prosess for å kartlegge ei organisatorisk endring av eigedomsdrifta. Det vil seie å finne fordelar og eventuelle ulemper med endring til ei eigedomsavdeling som har samla driftsansvar for bygningane, inklusiv reinhald, teknisk drift og økonomi.	Prosess med klarlegging av samla driftsansvar for bygningane med ei eigedomsavdeling er sett i gang og skal tre i kraft frå 1. januar 2016.

Økonomi og avvik

Tal i heile 1.000 kr

	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Avvik i prosent
2014	14 286	18 194	-3 368	-18,5
2013	16 607	22 046	-5 483	-25,0
2012	13 228	16 889	-3 661	-29,0

Samla for TEB sine ansvarsområde 62 og 65 er drifta gjennomført under tildelt ramme for 2014. Mindreforbruketskuldast i hovudsak:

– Funksjon 261 institusjonslokale drift og vedlikehald med -1,16 mill. kroner. Mindreforbruket skuldas i hovudsak mindre kostnader til rehabilitering og ombygging av Sørbo.

– Funksjon 265 Kommunalt disponible bustader drift og vedlikehald med -0,61 mill. kroner. Postar for material og innleige har vesentleg mindreforbruk vesentleg på grunn av manglande rotasjon av leigetakarar. Leilegheitene har ikkje vore ledige for tyngre vedlikehald.

– Funksjon 332 Kommunale vegar -1,07 mill. kroner. Postar for materialinnkjøp og innleige har mindreforbruk . Løpande forbruk er vurdert opp mot behov for reservar til snøbrøyting. Med meir snø første halvår hadde resultatet vore noko annaleis.

Administrasjon, vassproduksjon distribusjon, avløp og brann har drifta gått som planlagt.

Ansvar 6269 Utleige bygg – Tidligare Aukra VGS har eit overforbruk på 0,43 mill. kroner. Dette skuldas større vedlikehaldskostnader enn venta.

Resten av avviket mellom rekneskapen. Rekneskapet skuldast noko avvik i framdrift kring årsskiftet.

KOSTRA

Andre nøkkeltal - nivå 2 (SSB)	Aukra		Møre og Romsdal		Landet utan Oslo	
	2013	2014	2013	2014	2013	2014
AVFALL OG RENOVASJON						
Finansiell dekningsgrad - avfall	94	98	103	94	97	92
Selvkostgrad	100	100	101	100	31	99
Andel levert til materialgjenvinning, biologisk behandling og energiutnyttelse	87,0	87,0	78,0	79,0	83,0	83,0
Andel levert til materialgjenvinning inklusiv biologisk behandling	56,0	55,0	33,0	31,0	39,0	38,0
Antall hentinger av avfall som inneholder matavfall, per år	52	52	45	43	34	36
Dager per år med utvidet åpningstid for mottak av avfall	156	156	56	56	71	69
AVLØP						
Finansiell dekningsgrad	97	104	97	97	101	99
Selvkostgrad	100	100	99	100	102	98
Andel av befolkningen som er tilknyttet kommunal avløpstjeneste	89,0	89,4	78,1	77,7	82,0	82,5
Driftsutgifter per innb. tilknyttet kommunal avløpstjeneste (kr/tilkn.innb)	1 042	1 059	907	1 046	1 083	1 153
VATN						
Finansiell dekningsgrad	88	106	101	99	100	100
Selvkostgrad	100	100	100	100	97	98
Andel av befolkningen som er tilknyttet privat eller kommunalt vannverk	88,8	86,6	84,7	84,8	86,5	85,6
Andel av befolkningen som er tilknyttet kommunal vannforsyning	88,8	86,6	74,2	74,5	82,6	82,1
Driftsutgifter per tilknyttet innbygger (kr/tilkn.innb)	2 174	1 988	1 034	1 080	941	965
BRANN OG ULYKKESVERN						
Antall A-objekter	25	21	1 365	1 374	21 081	21 005
Antall piper per innbygger	0	0	0	0	0	0
Andel A-objekter som har fått tilsyn	100,0	100,0	78,6	78,2	79,5	81,8
Andel piper feiet	4,6	93,4	45,4	49,0	42,5	41,2
Andel personer med kompetanse som fører tilsyn med særskilte brannobjekter	80,0	80,0	87,5	89,9	91,6	89,5

Dette er vi stolte av

Veg

Vegdrifta har fungert bra, ingen store driftsproblem.

Nye brøytekontraktar frå 2014-2017 er inngått mellom kommune og entrepenørar.

Hoksnesvegen er oppgradert med nytt asfaltdekke og nye møtelommer er bygd langs vegen.

Utbetring av veggrøfter langs Hollingsetervegen og området rundt Julsundet skole.

Vann og avløp

Fornying og rehabilitering av utstyr og bygning innvendig i vasshandsamingsanlegget Tverrlia.

Utskifting av ventilarmatur i en del vassverkskummer.

Utbetring av kloakkleidningar i Vassdalen og etablering av ny septiktank i Tverrlia.

Gjennomført 2 beredskapsøvingar.

Eigedom

Oppussing og oppgradering avadministrasjonsfløy på Riksfjord til kulturskolen.

Oppussing SFO Julsundet skole.

Større oppussing og renovering av ein omsorgsbustad.

Utfordringar i 2015

Ny organisering av bygningsdrifta skal førebuast og gjennomførast frå årsskiftet 2015-2016.

TEB tar over drift og eigarskap av breiband/fiber frå 1. januar 2015.

Tilsette ny driftsteknikar.

Opplæring av tilsette.

TROND TUNGESVIK
TEKNISK SJEF

Utbygging

Tenester og oppgåver

Oppgåva er å gjennomføre store utbyggingsprosjekt innafor bygg og anlegg. I hovudsak investeringar over 3 mill. kroner og nokre mindre prosjekt elles innafor bygg og anlegg.

Utbyggingsavdelinga var operativ som eigen eining frå førsommaren 2014. Avdelinga vart skilt ut i frå eininga for teknikk, eigedom og brann. Dette for å oppnå eit klårare skilje mellom investering og drift og for å sikre prioritering av dei store utbyggingsprosjekta framover. Eininga er organisert med einingsleiar, ein fagleiar og tre prosjektmedarbeidarar /prosjektleiarar.

Delmål

Delmål frå budsjett 2014	Kommentar
Gjennomføre vedtekne utbyggingsprosjekt med fokus på kvalitet, HMS og framtidig drift, innafor dei budsjettrammer som blir gjeve.	I økonomiplanperioden 2014 – 2017 var samla sum for vedtekne investeringar i perioden 580,5 mill. kroner.
Delmål for det enkelte prosjekt er gitt ved eigne oppstartsvedtak i kommunestyret og i eigne framdriftsplanar for det enkelte prosjekt.	Store fleirårige prosjekt som Aukra Omsorgssenter, Julsundet skole og fleirbrukshus, kulturhus og basseng, Gossen barne og ungdomskole er byggeprosjekt som har vore under arbeid i året som gjekk med utgreiing, planlegging for prosjektstart, bygging eller ferdigstilling.

Nøkkeltal

Investeringsbudsjettet for store tiltak i 2014 var vedteke med ei ramme på 112 mill.kroner.

I løpet av 2014 er årsbudsjettet redusert spesielt for to større prosjekt.

Utbygging av Åsdalen (MFK Hall) var redusert med 22,7 mill. kroner.

Framdrift for utbygging av Julsundet skole og fleirbrukshus, samt omsorgsbasen, var redusert med 16,5 mill. kroner.

Utbyggingsavdelinga leia 57 store og små prosjekt i 2014 som samla utgjorde investeringar på om lag 69 millionar kroner. Dette er ca. 15 millionar kroner mindre enn korrigert budsjett for året.

Dette er vi stolte av

Utbygging av Bergetippen barnehage samt rehabilitering av gamlefløya.

Ombygging av helsesenteret.

Bygging av ambulansestasjonen.

Bygging av gang- og sykkelveg frå Falkhytten fram til Horrem.

Ferdigstilling av veg og parkeringsanlegg ved Riksfjord Stadion.

Utbygging av veglys på Eikrem.

Økonomi og avvik

Avviket mellom korrigert budsjett for 2014 og rekneskapet skuldast i hovudsak avvik i framdrift og dermed periodisering av kostnadar kring årsskiftet.

Gang- og sykkelvegen Sentrum – Horrem –Rød, vassleidning Aukrasanden samt Energisentralen trinn II, har størst avvik med samla 6.5 mill. kroner. Det vil seie at det ikkje er store avvik for desse prosjekta i seg sjølv, men i kva for år arbeid og kostnad fell på kring årsskiftet.

Reduksjon i årsbudsjettet for utbygging av Åsdalen (MFK Hall), skuldast at prosjektet ikkje er sett i gang då endeleg avgjerd om realisering ikkje er teken av MFK. Reduksjon i opphavleg budsjett for utbygging av Julsundet skole og fleirbrukshus, samt omsorgsbasen, skuldast at det for 2014 var budsjettert med høgare sum enn mogeleg. Val av prosjektløysing og utarbeiding av reguleringsplan for prosjektet, har teke lengre tid enn det budsjettvedtaket hausten 2013 tok høgde for.

Samla for dei andre prosjekta elles er det mindre avvik pluss og minus.

Utfordringar i 2015

Investeringsbudsjettet har vore betydeleg i fleire år og kommunen har store enkeltprosjekt som skal utgreiast og gjennomførast i økonomiplanperioden. Utbyggingsavdelinga kjøper tenester så langt det er praktisk mogleg på dei største prosjekta, men utgreiing, oppfølging av kvalitet, kontroll i byggefasen, økonomi, interne prosedyrar og innkjøp/anbod blir utført i eigen regi.

I 2015 er det prosjekta Julsundet skole og fleirbrukshus (inklusive også midlertidig løysingar for skolen i byggeperioden), Aukra omsorgssenter og barnehagen på Aukratun, som er dei største prosjekta. Dette er bygg der brukarmedveknad er viktig for å få til eit godt resultat.

Utbygging av hovedvassforsyning på Julsundet og på Aukrasanden, samt bygging av gang og sykkelvegar, er òg store prosjekt som skal gjennomførast i 2015.

TERJE URDSHALS
UTBYGGINGSSJEFSJEF

Barnevernet

Tenester og oppgåver

Interkommunal barnevernsteneste i Molde, Midsund, Aukra og Eide

Barnevernstenesta er ei interkommunal teneste for Molde, Midsund, Aukra og Eide kommunar, med Molde som vertskommune. Barnevernet skal sikre at barn som lever under tilhøve som kan skade helsa og utviklinga deira, får rett hjelp til rett tid. Vidare skal tenesta bidra til at barn får trygge oppvekstvilkår. Barnevernet gjer råd og rettleiing til barn, foreldre og samarbeidspartnarar. Barnevernstenesta har eit spesielt ansvar for å avdekkje og forhindre at barn får varige skadar i utviklinga si. Barnevernet er òg gjeve eit ansvar overfor einslege mindreårige flyktningar, som alle skal ha eit barnevernsvedtak.

Medarbeidartrivsel og sjukefråvær

Sjukefråværet i tenesta var på 8,4 pst. i 2014. Dette er ein nedgang frå tidlegare år. Det blei i 2014 gjennomført eit prosjekt med arbeidsmiljøretta tiltak. Målretta arbeid med tanke på meir effektiv organisering av arbeidet, skal i 2015 gi auka medarbeidartrivsel og påverke sjukefråværet positivt. Tenesta har som mål å redusere sjukefråværet til 4,0 pst.

I medarbeidarundersøkinga i november 2014 fekk barnevernstenesta eit skår på 4,0. Dei områda eininga scorar lågast på er overordna leiing (3,5) og fysiske arbeidstilhøve (3,3). Høgast skår hadde eininga på mobbing, diskriminering og varsling (4,9) og innhald i jobben (4,8).
Eininga har som delmål i Leanprosjekt, starta i 2015, å få ein medarbeidartrivsel på 5,0.

Førebyggande tverrfaglig arbeid

Faste team i Aukra som barnevernstenesta deltek i;
- Skoleteam: Gossen barne- og ungdomsskole og Julsundet skole.
- Samarbeidsmøte: NAV, helsestasjonen og psykiatrisk sjukepleiar, barnehagar, helsestasjon, PPT, familievernkontor og med politiet.

Barnevernet har forsøkt å dekke opp dei samarbeidsforum som eksisterer i dei ulike kommunane. Eininga må gjere lokale tilpassingar ut frå kva slags team som finst i dei ulike kommunane, og ein må ta omsyn til etablerte samarbeidsstrukturar elles. Tenesta har eit inntrykk av at kommunane er nøgde med at barnevernet deltek i dei team som her er nemnt. Barnevernstenesta er òg opne for å kunne dekkje opp andre område om ein blir spurd om det.

Framtidige utfordringar

Barnevernstenesta må bli sett i stand til å handtere dei utfordringane som blir gjeve kommunane gjennom blant anna overføring av oppgåver frå staten til kommunane på barnevernsområdet. Auka statlege eigedelar øver eit større press på kommune til sjølv å utvikle og etablere kvalitetsbaserte omsorgs- og endringstiltak for barnevernsfamiliar. Det er framleis eit behov for etablering av ei barnevernsvakt for regionen.

ROR barnevern har starta dette arbeidet som må sluttførast i 2015.

Barnevernstenesta skal og må utvikle kvaliteten på tenesteytinga si i tett samarbeid med barn og unge som tek i mot hjelp frå tenesta. Barnevernstenesta er difor med i det landsomfattande prosjektet «Mitt Liv» i 2015. I prosjektet skal barnevernstenesta prøve ut fleire metodar for tilnærming i barnevernssaker, som er utarbeidde av barn og unge.

Barneverntenesta har utfordringar med medarbeidartrivsel, organisering av arbeidet, økonomistyring og at lovpålagde fristar i barnevernundersøkingar ikkje vert haldne. Dette har medført ei satsing på Leanprosjektet «Rett hjelp til rett tid» i 2015. Der er det eit stort fokus på rasjonell organisering av arbeidet og trefftryggleiken i tenesteytinga.

Økonomi og avvik

Tal i heile 1.000 kr

	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Avvik i prosent
2014	3 240	4 038	-798	-19,8
2013	3 585	4 038	453	-11,2
2012	3 863	4 038	175	4,3

Barnevernstenesta hadde eit avvik på kr 171.465 for Aukra kommune.

Utgifter til tiltak utanfor heimen blei lågare enn budsjettert.

Foto: Karen Riksfjord ved klesstampen 1950

Aukra kommune

Foto: 17. mai 1945 på Gossen

Aukra – full av energi

Grafisk produksjon: KORNREKLAME.NO
Digital trykk: IT GRAFISK AS